



DET KONGELEGE  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# **Ot.prp. nr. 33**

(2002–2003)

---

Om lov om frittstående skolar  
(friskolelova)



## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	7		
1.1	Hovudinnhald .....	7		
1.2	Høyringa .....	8		
<b>2</b>	<b>Ordningar i andre land</b> .....	9		
2.1	Sverige .....	9		
2.1.1	Godkjenning av frittstående skolar .....	9		
2.1.2	Særleg om tilskotet .....	9		
2.1.3	Særleg om internasjonale skolar .....	10		
2.2	Danmark .....	10		
2.2.1	Godkjenning .....	10		
2.2.2	Tilskotsføresegner .....	11		
2.2.3	Tilsyn .....	11		
2.2.4	Særskilt om internasjonale skolar .....	12		
2.3	Nederland .....	12		
2.3.1	Overordna myndigheit og ansvarsdeling .....	12		
2.3.2	Godkjenning .....	12		
2.3.3	Tilskotsføresegner .....	12		
2.3.4	Tilsyn .....	12		
<b>3</b>	<b>Formålet med og verkeområdet for lova</b> .....	13		
3.1	Gjeldande rett .....	13		
3.2	Høyringsforslaget frå departementet .	13		
3.3	Høyringsinstansane .....	13		
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	13		
<b>4</b>	<b>Godkjenning med rett til tilskot</b> .....	15		
4.1	Godkjenning av grunnskolar .....	15		
4.1.1	Gjeldande rett .....	15		
4.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	16		
4.1.3	Høyringsinstansane .....	17		
4.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	17		
4.2	Godkjenning av vidaregåande skolar .	17		
4.2.1	Gjeldande rett .....	17		
4.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	18		
4.2.3	Høyringsinstansane .....	18		
4.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	18		
4.3	Innhald og vurdering .....	18		
4.3.1	Gjeldande rett .....	18		
4.3.2	Høyringsforslaget frå departementet .	18		
4.3.3	Høyringsinstansane .....	18		
4.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	19		
4.4	Skolemiljø, undervisningsrom og utstyr mv. ....	19		
4.4.1	Gjeldande rett .....	19		
4.4.2	Høyringsforslaget frå departementet .	19		
4.4.3	Høyringsinstansane .....	19		
4.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	19		
<b>5</b>	<b>Inntak av elevar</b> .....	21		
5.1	Gjeldande rett .....	21		
5.2	Høyringsforslaget frå departementet .	21		
5.3	Høyringsinstansane .....	21		
5.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	22		
<b>6</b>	<b>Rett og plikt til opplæring</b> .....	23		
6.1	Oppfyljing av rett og plikt .....	23		
6.1.1	Gjeldande rett .....	23		
6.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	23		
6.1.3	Høyringsinstansane .....	23		
6.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	23		
6.2	Retten til å fullføre opplæringa. Flytting av elevar .....	23		
6.2.1	Gjeldande rett .....	23		
6.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	23		
6.2.3	Høyringsinstansane .....	24		
6.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	24		
6.3	Utsett skolestart og fritak frå opplæringsplikta .....	24		
6.3.1	Gjeldande rett .....	25		
6.3.2	Høyringsforslaget frå departementet .	25		
6.3.3	Høyringsinstansane .....	25		
6.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	25		
6.4	Tilpassa opplæring .....	25		
6.4.1	Gjeldande rett .....	25		
6.4.2	Høyringsforslaget frå departementet .	25		
6.4.3	Høyringsinstansane .....	25		
6.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	26		
6.5	Fritak for religiøse aktivitetar .....	26		
6.5.1	Gjeldande rett .....	26		
6.5.2	Høyringsforslaget frå departementet .	26		

6.5.3	Høyringsinstansane .....	26	13.2	Høyringsforslaget frå departementet .	37
6.5.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	26	13.3	Høyringsinstansane .....	37
6.6	Permisjon .....	26	13.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	37
6.6.1	Gjeldande rett .....	26	<b>14</b>	<b>Personalet i skolen</b> .....	38
6.6.2	Høyringsforslaget frå departementet .	26	14.1	Skoleleiinga .....	38
6.6.3	Høyringsinstansane .....	27	14.1.1	Gjeldande rett .....	38
6.6.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	27	14.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	38
<b>7</b>	<b>Bortvising. Tap av rettar</b> .....	28	14.1.3	Høyringsinstansane .....	38
7.1	Gjeldande rett .....	28	14.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	38
7.2	Høyringsforslaget frå departementet .	28	14.2	Kompetansekrav for undervisningspersonalet .....	38
7.3	Høyringsinstansane .....	28	14.2.1	Gjeldande rett .....	38
7.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	28	14.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	39
<b>8</b>	<b>Ordensreglement o.l.</b> .....	30	14.2.3	Høyringsinstansane .....	39
8.1	Gjeldande rett .....	30	14.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	39
8.2	Høyringsforslaget frå departementet .	30	14.3	Politiattest .....	40
8.3	Høyringsinstansane .....	30	14.3.1	Gjeldande rett .....	40
8.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	30	14.3.2	Høyringsforslaget frå departementet .	40
<b>9</b>	<b>Spesialundervisning</b> .....	31	14.3.3	Høyringsinstansane .....	40
9.1	Gjeldande rett .....	31	14.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	40
9.2	Høyringsforslaget frå departementet .	31	14.4	Lønns- og arbeidsvilkår for undervisningspersonalet .....	40
9.3	Høyringsinstansane .....	32	14.4.1	Gjeldande rett .....	40
9.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	33	14.4.2	Høyringsforslaget frå departementet .	40
<b>10</b>	<b>Særleg opplæring for elevar frå språklege minoritetar</b> .....	34	14.4.3	Høyringsinstansane .....	40
10.1	Gjeldande rett .....	34	14.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	41
10.2	Høyringsforslaget frå departementet .	34	<b>15</b>	<b>Styre, elevråd og foreldreråd</b> .....	42
10.3	Høyringsinstansane .....	34	15.1	Styret .....	42
10.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	34	15.1.1	Gjeldande rett .....	42
<b>11</b>	<b>Rett til rådgiving</b> .....	35	15.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	42
11.1	Gjeldande rett .....	35	15.1.3	Høyringsinstansane .....	42
11.2	Høyringsforslaget frå departementet .	35	15.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	42
11.3	Høyringsinstansane .....	35	15.2	Styret sine oppgåver .....	42
11.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	35	15.2.1	Gjeldande rett .....	42
<b>12</b>	<b>Skyss</b> .....	36	15.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	43
12.1	Gjeldande rett .....	36	15.2.3	Høyringsinstansane .....	43
12.2	Høyringsforslaget frå departementet .	36	15.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	43
12.3	Høyringsinstansane .....	36	15.3	Elevråd .....	44
12.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	36	15.3.1	Gjeldande rett .....	44
<b>13</b>	<b>Helsetilsyn</b> .....	37	15.3.2	Høyringsforslaget frå departementet .	44
13.1	Gjeldande rett .....	37	15.3.3	Høyringsinstansane .....	44
			15.3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	44
			15.4	Foreldreråd .....	44
			15.4.1	Gjeldande rett .....	44
			15.4.2	Høyringsforslaget frå departementet .	44

15.4.3	Høyringsinstansane .....	44	<b>18</b>	<b>Ulike føresegner .....</b>	50
15.4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	44	18.1	Opplysningsplikt .....	50
15.5	Andre råd og utval .....	44	18.1.1	Gjeldande rett .....	50
<b>16</b>	<b>Statlege tilskot og skolepengar .....</b>	45	18.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	50
16.1	Statleg tilskot .....	45	18.1.3	Høyringsinstansane .....	50
16.1.1	Gjeldande rett .....	45	18.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	50
16.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	45	18.2	Overgangsføresegner .....	50
16.1.3	Høyringsinstansane .....	46	<b>19</b>	<b>Endringar i andre lovar som følgje av lovforslaget .....</b>	51
16.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	46	<b>20</b>	<b>Økonomiske og administrative følgjer av lovforslaget .....</b>	52
16.2	Skolepengar .....	47	20.1	Gjeldande ordning .....	52
16.2.1	Gjeldande rett .....	47	20.2	Økonomiske følgjer av lovforslaget ....	52
16.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	47	20.3	Særleg om privatskulelova § 26, tilskotsreglane nr. 1, 2 og 3 .....	52
16.2.3	Høyringsinstansane .....	47	20.4	Særleg om innføring av ein rett til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar .....	53
16.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	47	20.5	Administrative følgjer .....	53
<b>17</b>	<b>Tilsyn .....</b>	48	20.5.1	Delegering .....	53
17.1	Tilsynsmyndigheit .....	48	20.5.2	Saksbehandling .....	53
17.1.1	Gjeldande rett .....	48	<b>21</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget .....</b>	54
17.1.2	Høyringsforslaget frå departementet .	48	<b>Forslag til lov om frittstående skolar (friskolelova) .....</b>	68	
17.1.3	Høyringsinstansane .....	48			
17.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	48			
17.2	Sanksjonsmoglegheiter .....	48			
17.2.1	Gjeldande rett .....	48			
17.2.2	Høyringsforslaget frå departementet .	49			
17.2.3	Høyringsinstansane .....	49			
17.2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	49			





DET KONGELEGE  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 33

(2002–2003)

## Om lov om frittstående skolar (friskolelova)

*Tilråding frå Utdannings- og forskingsdepartementet av 20. desember 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Hovudinnhald

Denne proposisjonen inneheld forslag til lov om frittstående skolar (friskolelova). Lovforslaget vil erstatte lov av 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova).

Omgrepet *frittstående skolar* er nytt i forhold til gjeldande lov og vil etter forslaget vise til skolar som er i privat eige og godkjende etter lov om frittstående skolar. Skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12, skal framleis kallast private grunnskolar, mellom anna fordi desse skolane ikkje er offentleg finansierte og kan drive verksemda si på kommersielt grunnlag. Skolar som berre er godkjende for studiefinansiering, er heller ikkje omfatta av lovforslaget.

Dei vesentlegaste endringsforslaga i forhold til privatskulelova er knytte til grunnskolar. Forslaga inneber mellom anna at

- kravet til formål i privatskulelova § 3 blir fjerna. Kravet blir erstatta med krav til innhald og kvalitet
- det blir innført rett til godkjenning for søkjarar som oppfyller krava i lova
- retten til godkjenning føreset at godkjenninga ikkje fører med seg vesentlege og langsiktige

negative følgjer for dei kommunane det gjeld, og innbyggjarane der

Privatskulelova sine krav til formål har medført press på dei formåla som kan gi grunnlag for godkjenning. Foreldre og andre som har ønskt å starte privat skole, har derfor kanalisert sitt engasjement gjennom livssyn eller fagleg-pedagogisk alternativ for å kunne starte privatskole med rett til tilskot. I enkelte saker har det vore klart at søkjarane sine primære ønske har vore å halde oppe den lokale skolen.

Retten til å etablere skolar utanom det offentlege skoleverket er etter departementet sitt syn ein grunnleggjande demokratisk rett. Departementet viser til FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, artikkel 13 § 3, der retten til å velje opplæring for barn er nedfelt som ein del av foreldreretten. Artikkel 13 gir ein allmenn rett til alle foreldre til å velje skole for barna sine i samsvar med foreldra sine moralske eller religiøse overtøying.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at den nye friskolelova skal opne for godkjenning av alle grunnskolar som oppfyller fastsette krav til innhald og kvalitet. Lovforslaget gir føresegner som er enklare å praktisere og opnar for større

mangfold. Det er vidare eit mål at auka mangfold av offentlege og frittstående skolar skal medverke til å heve kvaliteten i både frittstående og offentlege tilbod. Departementet gjer samtidig merksam på at skolar som byggjer på eit livssynsmessig eller pedagogisk alternativ, vil behalde sin pedagogiske og organisatoriske fridom. Parallelt med den nye lova blir det arbeidd med ei rekkje tiltak for å betre rammevilkåra for dei offentlege skolane.

Lovforslaget inneheld ikkje endringar i godkjenningsskriteria for vidaregåande skolar. Departementet ser at det er behov for endringar også her, og vil vurdere dette. Eventuelle endringar i godkjenningsskriteria for vidaregåande skolar må sjåast i samanheng med lov om folkehøgskolar og ny lov om fagskoleutdanning. Departementet tek sikte på å leggje fram for Stortinget ein proposisjon med forslag til lov om fagskoleutdanning hausten 2002.

Lovforslaget inneheld nokre endringar som både gjeld grunnskolar og vidaregåande skolar. Fleire av desse forslaga inneber forenklingar av reglane i forhold til gjeldande lov. I tillegg er lovforslaget innhaldsmessig og språkleg meir i samsvar med lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) enn gjeldande privatskolelov.

Departementet viser elles til at regjeringa vil forbetre det økonomiske grunnlaget for friskolane. I Sem-erklæringa uttrykte regjeringspartia følgjande:

«Samarbeidsregjeringa vil sikre og fremme mangfoldet i skolen og mellom skolealternativer. Privatskoleloven må forbedres, med sikte på en forenkling av kriteriene for godkjenning og en langt kortere saksbehandlingstid. Samarbeidsregjeringa vil innføre et eget tilskudd for kapitalkostnader, og vurdere en økning av driftstilskuddet. Hensikten er å sikre et bedre økonomisk grunnlag for foreldres/elevs valgmuligheter.»

Det nojeldande finansieringssystemet for frittstående skolar og systemet for rammefinansiering for kommunane er baserte på ulike prinsipp. Dette inneber at kommunale og frittstående skolar som ligg i same område, og som elles framstår som nokså like, vil kunne ha til dels særse ulike økonomiske rammer. Det blir opplevd som urimeleg og urettferdig for den som kjem dårlegast ut, anten det er den frittstående skolen eller den kommunale skolen. Med forslaget i denne proposisjonen om å fjerne kravet om at skolen må vere skipa for bestemte formål for å få godkjenning, må ein forvente ein gradvis auke i talet på frittstående skolar. Forslaget vil truleg også føre til at det blir etablert frittstående skolar som vil appellere til breiare elev- og foreldregrupper enn dei som i dag søker seg til dei noverande frittstående skolane. Dermed vil kommunale og frittstående skolar i større grad kunne framstå som alternativ for elevane i eit lokalt område, noko som gjer det vanskeleg å forsvare at dei skal ha ulike økonomiske vilkår.

På bakgrunn av dei problema mangelen på likebehandling fører med seg, er det behov for å endre finansieringssystemet for dei frittstående grunnskolane. Departementet vurderer derfor for tida finansieringa av grunnopplæringa generelt, og finansieringsordninga for dei frittstående skolane.

## 1.2 Høyringa

Høyringsbrev med forslag til ny lov om frittstående skolar (friskolelova) blei sendt på høyring 18. april 2002. Fristen for å uttale seg blei sett til 1. september 2002. Departementet har fått ca. 140 høyringsvar.

Fleirtalet av høyringsinstansane stiller seg positivt til hovudprinsippa i forslaget. Departementet viser til synspunkta frå høyringsinstansane under dei ulike punkta.



## 2 Ordningar i andre land

### 2.1 Sverige

#### 2.1.1 Godkjenning av frittstående skolar

I 1992–1993 var det 105 private grunnskolar i Sverige, mens det i dag er ca. 490 frittstående grunnskolar som gir eit tilbod til 4 prosent av elevane i Sverige.

«Skolverket», eit organ som etter norsk forvaltningsterminologi kan karakteriserast som eit direktorat, har ansvaret for å godkjenne og føre tilsyn med private skolar. Statsråden i Utbildningsdepartementet kan ikkje instruere Skolverket i enkeltsaker.

Klager over dei avgjersler som blir tekne i Skolverket, blir behandla av forvaltningsdomstolen. I første instans er dette som oftast Länsrätten. Klager kan gå vidare til Kammarrätten.

Godkjenning av private skolar er regulert i «skollagen», som også omfattar offentlege grunnskolar og vidaregåande skolar. Dei frittstående skolarne er regulerte i kapitla 9 og 10.

Det går fram av skollagen at frittstående skolar skal godkjennast dersom

- skolens opplæring «ger kunskaper och färdigheter som till art och nivå väsentligen svarar mot de kunskaper och färdigheter som grundskolan [...] skall förmedla». I tillegg må «de allmänna mål och den värdegrund som gäller för utbildning inom det offentliga skolväsendet» også oppfyllest
- skolen står open for alle som oppfyller vilkåra for inntak i tilsvarande offentlege skolar. Dette gjeld likevel ikkje «för sådana barn vilkas mottagande skulle medföra att betydande organisatoriska eller ekonomiska svårigheter uppstår för skolan»
- skolen har minst 20 elevar, om det ikkje finst «särskilda skäl för ett lägre elevantal»
- skolen oppfyller andre vilkår, til dømes krav til leing, lokale, eigar og budsjett.

Dette inneber at svenske styresmakter ikkje krev at frittstående skolar skal ha eit bestemt formål. Det er likevel presisert i lova at også skolar som har ei «konfessionell inriktning», kan godkjennast.

Sjølv om svenske styresmakter ikkje stiller krav om formål, har dei kategorisert grunnskolane slik (talet på skolar per 2000–2001 i parentes):

- spesiell pedagogikk, til dømes montessori og steiner (152)
- allmenn, dvs. at skolane følgjer offentlig godkjende læreplanar (149)
- konfesjonelle skolar, til dømes kristne og muslimske (59)
- språkleg/etnisk, til dømes skolar som har undervisning i finsk (22)
- spesiell emneprofil (19)
- andre (17)
- internasjonale (7)
- riksinternat (3)

Det blir stilt litt andre krav til godkjenning av internasjonale skolar, sjå punkt 2.1.3 om internasjonale skolar.

Skolverket fører tilsyn med dei frittstående skolarne i Sverige.

#### 2.1.2 Særleg om tilskotet

Skolverket skal som hovudregel godkjenne skolar med rett til tilskot. Godkjenning med rett til tilskot skal likevel ikkje givast dersom skolen si verksemd inneber påtakelege negative følgjer for skolevesenet i den kommunen der skolen ligg, eller dersom skolen tek skolepengar. Det siste har samanheng med at tilskotet til dei frittstående skolarne skal dekke alle utgiftene til skolen (husleige, lønn, undervisningsmateriell, utstyr osv.).

Skolverket har mellom anna gitt følgjande døme på kva som kan vere påtakelege negative følgjer

- etableringa av ein frittstående skole fører til at ein grendeskole må leggjast ned, dersom dette igjen fører til at avstanden til næraste offentlege skole aukar monaleg for enkelte elevar
- etableringa av ein frittstående skole vil gi monaleg kostnadsauke for kommunen på lang sikt, til dømes på grunn av låg kapasitetsutnytting. Dette kan til dømes skje der kommunen har bestemt seg for å leggje ned ein grendeskole, og private søker om tilskot til å drive den same skolen vidare.

I rapporten *Kommunernas yttranden om fristående skolor* seier Skolverket mellom anna at

*[...] kommunernas yttranden [er] viktiga för Skolverkets bedömningar av ansökningar om att starta fristående skolor. De ger värdefull kunskap om ekonomiska, organisatoriska och pedagogiska konsekvenser av nyetablering av en skola i lägeskommunen, eller om det är gymnasieskolor, även i närliggande kommuner. [...]*

*För att kommunernas yttranden skall vara en avgörande del i Skolverkets bedömning av konsekvenserna av en eller flera etableringar är det nödvändigt att kommunen klart och tydligt och med hjälp av statistik, kostnadsberäkningar och annan information redovisar vilka konsekvenserna blir av den tänkta etableringen. Det räcker inte med kommunernas påstående om vissa konsekvenser. De måste redovisa på ett sätt som gör det möjligt för Skolverket att hävda att kommunen påvisat de negativa följderna. Det är inte heller tillräckligt att kommunen redovisar konsekvenserna på kort sikt. De måste vara långsiktigt giltiga.*

Skolverket fekk 422 søknader om godkjenning av frittstående skolar i år 2000. Av desse blei ca. 10 avslått med referanse til fråsegner frå kommunane. Av dei som blei godkjende, blei om lag 40 prosent ikkje etablerte. Dersom skolane ikkje blir etablerte i løpet av eitt år etter at godkjenninga er gitt, må dei søkje om ny godkjenning.

Dersom ein frittstående grunnskole eller vidaregåande skole blir godkjend med rett til tilskot, skal tilskotet betalast av elevane sin heimkommune. Når det gjeld elevar i grunnskolen, fastset kommunen tilskotet ut frå dei same prinsippa som kommunen bruker på sine eigne skolar.

Når det gjeld elevar i frittstående vidaregåande skolar, skal kommunen og skolen bli einige om storleiken på tilskotet. Dersom kommunen og skolen ikkje blir einige, skal kommunen betale det beløpet som regjeringa fastset. Storleiken på dette beløpet er avhengig av kva «program» skolen har fått godkjent, og blir rekna ut frå eit landsgjennomsnitt for det programmet det gjeld. Dette tilskotet inkluderer også utgifter til lokale og utstyr.

I Sverige ligg det ikkje føre noko forbod mot at dei skolane som får tilskot, er kommersielle. Dette inneber at skoleeigaren kan ta ut eit eventuelt driftoverskot i utbytte. Det blir sjeldan teke ut driftoverskot i grunnskolar. I vidaregåande skolar er dette ikkje like uvanleg.

### 2.1.3 Særleg om internasjonale skolar

Skolverket kan berre godkjenne at svenske skolar, dvs. skolar som har svensk som undervisnings-

språk, skal få tilskot. Dersom ein internasjonal skole søkjer om tilskot, skal søknaden avgjerast av regjeringa. Regjeringa har godkjent at sju internasjonale skolar kan få statstilskot (i motsetning til andre skolar, som får kommunalt tilskot). Statstilskotet er mykje lågare enn dei kommunale tilskota. Dette er noko av bakgrunnen for at desse skolane kan ta elevbetaling. Vidare er det verdt å merkje seg at dei internasjonale skolane ikkje skal stå opne for alle. Det går derimot fram av lova at skolane berre kan ta inn elevar som er busette i Sverige for ei kortare tid, ev. også andre elevar som har særlege grunnar for å fullføre utdanninga si i ein internasjonal skole. Dette kravet inneber også at Skolverket berre krev at skolane gir opplæring i svensk i det omfang «som de i landet för kortare tid bosatta eleverna behöver».

## 2.2 Danmark

### 2.2.1 Godkjenning

Danmark har lang tradisjon for offentleg støtte til private skolar. Grunnlova føreset undervisningsplikt, men ikkje skoleplikt. Dette inneber at foreldra kan velje om barna skal få undervisning i kommunale skolar, i ein privat grunnskole eller heime. I 1999 gjekk om lag 12 prosent av elevane i private skolar, og dei private skolane utgjorde ca. 20 prosent av alle grunnskolane i Danmark.

Private grunnskolar som får offentleg tilskot, er regulerte i lov om friskoler og private grundskoler m.v., jf. lovbekjentgjørelse nr. 657 af 3. juli 2000. Lova gir private skolar automatisk rett til godkjenning og tilskot dersom dei fyller krava i lova. Institusjonsstyrelsen i Undervisningsministeriet vurderer om ein privat skole oppfyller krava i lova. Ministeren har inga direkte instruksjonsmyndigheit i forhold til kva private skolar som skal etablerast, og kva private skolar som får tilskot.

Frie grunnskolar kan etablerast utan særskild godkjenning dersom dei fyller krava i lova. Lova omfattar relativt detaljerte tilskotsføresegnar, men har meir generelle føresegnar om innhaldet i undervisninga. Hovudregelen er at dei frie grunnskolane må tilby undervisning som kan måle seg med det som generelt blir kravd av den kommunale skolen. Undervisningsministeriet har utarbeidd ei rettleiing om oppfyljing av undervisningsplikta i friskolar og private grunnskolar. Rettleiinga legg mellom anna vekt på at undervisninga omfattar fagkrinsen i folkeskolen på ein slik måte at dei obligatoriske faga kan gjenfinnast i undervisninga. Skolane vel likevel sjølve form og omfang.

Dei frie grunnskolane i Danmark består hovudsakeleg av

- små «grundtvigianske» skolar i rurale område
- akademisk orienterte skolar på ungdomstrinnet
- religiøse skolar
- progressive frie skolar
- skolar baserte på alternativ pedagogikk, til dømes steinerskolar
- tyske minoritetsskolar
- innvandrarskolar

Etableringa av ein fri grunnskole må meldast til kommuneforvaltninga i den aktuelle skolekommunen og til Undervisningsministeriet. Ministeriet fastset reglar for når ein friskole kan meldast, meldingsdepositum osv. Kommunane har ansvaret for å passe på at alle undervisningspliktige elevar i kommunen blir skrivne inn i folkeskolen eller får undervisning på annan måte. Når kommunen får beskjed om at eit barn er teke opp ved ein fri grunnskole som er meldt til Undervisningsministeriet, kan kommunen rekne med at barnet oppfyller undervisningsplikta.

Undervisningsministeriet må også godkjenne skolevedtekter som dreier seg om styringsstruktur og økonomiske forhold. Skolane må etablere eit styre som står ansvarleg for drifta av skolen overfor Undervisningsministeriet. Styret kan ikkje bestå av personar som leiger ut eigedom til skolen, medlemmer, rådgivarar for eller tilsette i leiande stillingar i fond, foreiningar, selskap osv. som leiger ut lokale til skolen eller til medlemmer av styret ved ein annan skole. Skolen må også ha ein leiar med ansvar for den daglege pedagogiske leiinga av skolen.

### 2.2.2 Tilskotsføresegner

Private skolar som er etablerte i medhald av lova, sjå punkt 2.2.1, har rett til offentleg tilskot. Staten gir tilskot til dekning av generelle og særskilde driftsutgifter, utgifter til bygningar og vedlikehald og skolefritidsordningar. Gjennomsnittleg tilskot blir fastsett i den årlege finanslova og blir fordelt av Undervisningsministeriet som eit samla rammetilskot.

Skolane får eit generelt driftstilskot per elev per år som i prinsippet er i samsvar med gjennomsnittskostnadene per elev i folkeskolen når skolepengane er trekte frå. I 2000 utgjorde det gjennomsnittlege driftstilskotet til frie grunnskolar om lag 80 prosent av dei totale driftsutgiftene, dvs. om lag 34 000 danske kroner. Tilskotet per elev varierer mellom skolar avhengig av storleiken på skolen, aldersfordelinga mellom elevane og lønnsfordelinga mellom lærarane. I tillegg til det generelle driftstilskotet

blir det gitt eit særskilt driftstilskot til spesialundervisning, støtteundervisning i dansk for tospråklege elevar og til dekning av ekstraavgifter knytte til elevar med store funksjonshemmingar. Sistnemnde tilskot blir tildelt etter ei særskild vurdering i Undervisningsministeriet.

Dei frie grunnskolane får også bygningstilskot per elev for å dekkje utgifter til husleige, vedlikehald, renter på lån osv. Undervisningsministeriet har fastsett reglar for korleis bygningstilskotet skal fordelast mellom skolane, mellom anna kva vedlikehaldsutgifter ein kan få refusjon for, osv. I tillegg blir det gitt tilskot til skolefritidsordningar og tilskot til tyske mindretalsskolar.

For å få tilskot må skolane ha minst 28 elevar i 1.–7. klasse. Skolane må også ha eit skolestyre som står ansvarleg for at tilskotet blir brukt i samsvar med regelverket, mellom anna reglar for plassering av likvide midlar. Det er eit krav om at disponible midlar blir brukte til skoleaktivitetar. Skolane kan ikkje eigast av ein privat enkeltperson eller drivast kommersielt.

Vedtak som Undervisningsministeriet gjer om fordeling av tilskot til spesialundervisning, støtteundervisning i dansk til tospråklege elevar og ekstra utgifter til tungt funksjonshemma, kan bringast inn for Ankenævnet for Utdannelsesstøtten. Ankenævnet gjer den endelege vedtaket.

### 2.2.3 Tilsyn

Ansvaret for å føre tilsyn med at friskolane gir ei undervisning som held mål samanlikna med undervisninga i folkeskolen, er lagt på foreldra. Foreldra vel anten å oppnemne ein tilsynsførar for minst fire år til å føre tilsyn med elevane sine resultat i dansk, matematikk og engelsk, eller å be kommunalbestyrelsen i skolekommunen om å føre tilsyn. Lova er nyleg endra på dette punktet. Endringa inneber at tilsynsføraren også skal gjere ei heilskapsvurdering av om skolen sitt samla undervisningstilbod kan måle seg med det som blir kravd i folkeskolen. Tilsynsføraren skal også sjå til at undervisningsspråket er dansk. Dersom undervisninga er mangelfull, får skolen ein frist på tre månader til å forbetre forholda. Dersom undervisninga framleis er mangelfull, kan Undervisningsministeriet gjere vedtak om at skolen ikkje lenger er ein fri grunnskole med rett til offentlege tilskot.

### 2.2.4 Særskilt om internasjonale skolar

Undervisningsspråket i ein fri grunnskole skal vere dansk. Undervisningsministeriet kan i særskilde tilfelle godkjenne at undervisningsspråket er eit anna

enn dansk. Lova omfattar mellom anna tyske mindretalsskolar, der undervisningsspråket er tysk. Desse skolane får også særskilt tilskot for å dekkje meirkostnadene ved å ha to undervisningsspråk.

## 2.3 Nederland

### 2.3.1 Overordna myndigheit og ansvarsdeling

«Ministerie van Onderwijs, Cultuur en Wetenschappen» (departementet for utdanning, kultur og vitskap) har det overordna ansvaret for forvaltning av utdanning i Nederland. Utdanningssystemet er tufta på prinsippet om utdanningsfridom, noko som gir borgarane rett til å etablere skolar, fridom til å organisere undervisninga i skolen og fridom til å bestemme kva prinsipp eller ideologi undervisninga skal følgje. Dette har gitt eit mangfald av skolar, både private og offentlege. Private skolar er drivne av uavhengige stiftingar, foreiningar og liknande med offentleg støtte. Nærare 65 prosent av alle elevane i Nederland går i private skolar. Offentlege skolar er drivne av lokale styresmakter.

Sentralt blir utdanningssystemet styrt gjennom regelverket. På lokalt nivå har «the competent authority» ansvar for å implementere regelverket i skolane. I dei private skolane er denne myndigheita lagd til eit eige styre oppretta etter privatrettslege føresegner. For dei offentlege skolane er denne myndigheita i utgangspunktet lagd til kommunen. Kommunen kan delegere myndigheita til ein eigen komité eller eit anna organ oppretta etter offentlegrettslege føresegner. Private og offentlege skolar er underlagde det same regelverket på utdanningsområdet, blir finansierte etter dei same kriteria og blir gjenstand for dei same inspeksjonane og eksamenane.

### 2.3.2 Godkjenning

Private grunnskolar kan etablerast utan særskild godkjenning så lenge dei følgjer krava i lova. For å få offentleg støtte krev lova at skolen opprettar eit juridisk ansvarleg styre som har som formål å tilby undervisningstenester på ikkje-kommersielt grunnlag.

Mange av dei private skolane er religiøse. Størsteparten er anten romersk-katolske eller protestantiske skolar, men det er også jødiske, islamske, hinduistiske og humanistiske skolar i Nederland. I tillegg finst det private skolar som ikkje er baserte på eit religiøst eller ideologisk fundament. Som fleire offentlege skolar tek mange private skolar ut-

gangspunkt i ei særskilt pedagogisk tilnærming, som til dømes steiner- eller montessoripedagogikken.

Dei lokale styresmaktene har ansvar for å sikre mange nok skolar innanfor sitt område og fremje forslag om etablering av nye skolar til departementet. Sidan 1994 har norma for etablering og nedlegging av barneskolar vore knytt til elevtettleiken i kommunen. Dette har ført til eit krav om at nye skolar gjennom ein femårsperiode må ta opp minst 300 elevar dersom skolen er lokalisert i byen, og minst 200 elevar dersom skolen er lokalisert i meir rurale område. Før etablering av ein privat skole må det også gjerast ei undersøking av foreldra sine preferansar ved etablering av nye skolar.

### 2.3.3 Tilskotsføresegner

I tråd med prinsippet om utdanningsfridom blir dei offentlege og dei private grunnskolorne finansierte etter dei same kriteria. Skolorne kvalifiserer automatisk for tilskot så lenge dei kan møte kvalitetsstandardar og vilkår for tilskot som ligg i regelverket, jf. punkt 2.3.2. Central Funding of Institutions Agency (CFI) er eit sjølvstendig organ under departementet, med ansvar for å finansiere utdanningssystemet i tråd med det etablerte finansielle rammeverket.

Tilskotet til skolane blir kanalisert både direkte og indirekte frå departementet til den enkelte skolen. Tilskotet til barneskolar består av eit tilskot som skal dekkje personalkostnader, eit tilskot som skal dekkje løpande utgifter, og eit tilskot som skal dekkje utgifter til lokale. Det siste blir kanalisert indirekte til skolen via kommunane, mens andre tilskot går direkte til den enkelte skolen.

Tilskotet som skal dekkje personalutgifter, utgjer om lag 85 prosent av det totale tilskotet og blir berekna etter talet på registrerte elevar. Tilskotet til løpande utgifter skal dekkje utgifter til mellom anna inventar, utstyr og undervisningsmateriell, og ein bereknar det etter talet på elevar og klassar. Tilskotet blir differensiert i forhold til elevane sin sosioøkonomiske bakgrunn, og skolar i problemområde får særskild støtte.

### 2.3.4 Tilsyn

Offentlege og private skolar er underlagde same tilsyn frå sentrale styresmakter. Tilsynet blir gjort av eit delvis uavhengig utdanningsinspektorat, som gjennom regelmessige inspeksjonar på skolane kontrollerer at verksemda følgjer regelverket. Inspektoratet sine resultat blir sende til den aktuelle skolen, departementet og parlamentet.

## 3 Formålet med og verkeområdet for lova

### 3.1 Gjeldande rett

---

Formålsføresegna i privatskulelova i dag har denne ordlyden:

«Føremålet med denne lova er å medverka til å sikra at det kan skipast og drivast private skular.»

I samband med behandlinga av lov om private skolar uttalte stortingskomiteen mellom anna i Innst. O. nr. 53 (1984–1985)

«Retten til å skipa skular utanom det offentlege skuleverket er etter fleirtalet si vurdering ein grunnleggjande demokratisk rett. Fleirtalet ser vidare retten til å gje og ta imot undervisning utanfor det offentlege undervisningssystemet som ein menneskerett. Det kan her visast til FN-konvensjonen av 16. desember 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, artikkel 13 § 3, der retten til å velje undervisning for borna er nedfelt som ein del av foreldreretten. Fleirtalet ser privatskulelova som eit viktig middel til å realisere denne allmenne retten, og fleirtalet konstaterer at ein føresetnad for at denne retten kan bli reell, er at det vert gjeve offentlege tilskot til drifta av private skular.»

### 3.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

I høyringsbrevet foreslo departementet å føre vidare og presisere formålsføresegna i privatskulelova i dag.

Departementet foreslo også uttrykkjeleg å lovfeste ein del av det generelle formålet til skolen etter modell av opplæringslova § 1–2. Grunngevinga for dette er mellom anna å gjennomføre og synleggjere Barnekonvensjonen sine krav til formålet med opplæringa i friskolelova. Konvensjonen sitt krav i artikkel 29 nr. 1 har til no ikkje komme til uttrykk på same måte i privatskulelova som i opplæringslova. Det blei ikkje gjort endringar i privatskulelova i samband med at Noreg ratifiserte Barnekonvensjonen i 1991.

Departementet foreslo vidare å ta inn føresegnene i privatskulelova § 11 om arbeidsmiljø og sam-

arbeid i friskolelova si formålsføresegn. Opplæringslova § 1–2 siste ledd har reglar om mobbing osv. Departementet foreslo at denne føresegna også blir teken inn i forslaget til lov om frittstående skolar. Det blei også vist til arbeidet med lovforslaget om elevane sitt skolemiljø (Ot.prp. nr. 72 (2001–2002)), og departementet uttrykte at elevar i frittstående skolar bør ha same rett til eit godt skolemiljø som elevar i den offentlege skolen.

### 3.3 Høyringsinstansane

---

Fleirtalet av høyringsinstansane sluttar seg til forslaget i høyringsutkastet om formålet til lova. *Kristine Friskolers Forbund* gir uttrykk for at foreldreretten må komme klarare fram i lovteksten. Forbundet meiner på denne bakgrunnen at ei føresegn som synleggjer krava i Barnekonvensjonen, ikkje bør gå fram av formålsføresegna i lova, men heller vere eit krav til innhaldet i opplæringa. Somme instansar meiner det bør gå fram av lova at det dreier seg om fridommen til både foreldre og elevar. Vidare ønskjer fleire instansar ei vidareføring av formålet uttrykt i den noverande privatskulelova § 1, som fastslår ikkje berre eit mål om moglegheit for etablering, men også for drift av private skolar. Forbundet *Steinerskolene i Norge* uttaler:

«Men begrepsbruken i denne bestemmelsen er vesentlig, og dette kommer ikke fullt ut frem i departementets skriv. Den forutsetter at den som har valgrett, også har frihet til å foreta valget. Da er det viktig å reflektere over hvilke faktorer som kan begrense en slik frihet, og i hvilken utstrekning en skal godta slike begrensninger. Departementet mener at om den som har valgretten ikke kan velge av økonomiske grunner, ivaretas ikke denne friheten.»

### 3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet vil presisere at Noreg er forpliktet av FNs barnekonvensjon. Denne forpliktinga gjeld uavhengig av om konvensjonen kjem direkte

til uttrykk i lovteksten eller ikkje. Departementet ser likevel at det kan tenkjast tilfelle der det tilsynelatande er motstrid mellom barn sine rettar i Barnekonvensjonen og foreldra sin rett til å velje i samsvar med den trua dei ønskjer å oppdra barna sine i.

Departementet meiner at krava til innhaldsvurdering blir strengare enn nødvendig dersom Barnekonvensjonen artikkel 29 nr. 1 blir teken inn i § 2-3 i lovutkastet, slik *Kristne Friskolers Forbund* foreslår. Det blir sett på som tilstrekkeleg og formålstenleg at krava i Barnekonvensjonen kjem til uttrykk i § 1-1 om formålet med lova.

Departementet vil understreke at skolar som ønskjer ein særskild profil, til dømes livssynsmessig eller pedagogisk særpreg, framleis kan utarbeide og få godkjent eigne læreplanar, såframt desse gir elevane ei opplæring som er jamgod med opplæringa etter offentlege læreplanar. Føresegna inneber ingen endringar i den undervisningsfridommen som privatskulelova gir.

Departementet viser til vurderinga i høyringsbrevet, jf. punkt 3.2 ovanfor.

Departementet viser elles til § 1-1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 4 Godkjenning med rett til tilskot

### 4.1 Godkjenning av grunnskolar

#### 4.1.1 Gjeldande rett

##### 4.1.1.1 *Vilkår for godkjenning med rett til statstilskot etter privatskulelova*

###### 4.1.1.1.1 *Krav til formål*

Skolar som skal godkjennast med rett til statstilskot etter privatskulelova, må etter § 3 i lova vere

- a) oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar,
- b) eller oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ,
- c) eller oppretta for undervisning av norske barn/norsk ungdom i utlandet,
- d) eller oppretta for å fylle eit kvantitativt undervisningsbehov,
- e) eller å ha til formål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar.

Privatskulelova § 3 bokstavane d og e omfattar berre private vidaregåande skolar. Dette inneber at grunnskolar som skal godkjennast etter privatskulelova, må vere etablerte ut frå eit religiøst og/eller etisk formål, som eit fagleg-pedagogisk alternativ til offentlig grunnskole eller for å gi opplæring til norske barn eller norsk ungdom i utlandet, jf. § 3 bokstavane a til c. Etter § 3 bokstav a har departementet godkjent fleire kristne skolar og ein muslimsk grunnskole, mens steinerskolar og montessoriskolar er godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav b. Departementet har ikkje godkjent internasjonale og utanlandske skolar i Noreg etter privatskulelova, fordi lova ikkje gir høve til slik godkjenning.

Private vidaregåande skolar godkjende etter privatskulelova er skolar som er etablerte med religiøst og/eller etisk formål, skolar som skal vere eit fagleg-pedagogisk alternativ til offentlig vidaregåande skole, skolar for norsk ungdom i utlandet eller skolar som skal dekkje eit kvantitativt undervisningsbehov, jf. § 3 bokstavane a til d. Felles for denne gruppa skolar er at dei gir tilbod som er parallelle til tilbod i offentlege skolar, til dømes vil mange skolar bruke dei same undervisningsplanane som den offentlege skolen.

Den andre hovudgruppa av private vidaregåande skolar som er godkjende etter privatskulelova,

er skolar som gir yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt i offentlege vidaregåande skolar, jf. § 3 bokstav e. Dei største gruppene blant desse skolarne er bibelskolar og kunstsikolar.

##### 4.1.1.1.2 *Undervisningsplanar*

Skolar som er godkjende etter privatskulelova, må drive verksemda si etter undervisningsplanar som er godkjende av departementet, jf. § 4 om faglege krav. Føresegna gir ikkje nærare rettleiing om kriterier for godkjenning av undervisningsplanane. Faglege krav til private grunnskolar følgjer likevel indirekte av opplæringslova § 2–1 første ledd. Krava til skolarne er også kommenterte i forarbeida til privatskulelova. I Innst. O. nr. 53 (1984–1985) s. 7 seier fleirtalet i stortingskomiteen mellom anna:

«Dei private skularne skal etter fleirtalet si vurdering gi ei undervisning av same omfang og nivå som ved tilsvarande offentlege skular, og leggja undervisninga opp slik at skulen gjev kompetanse som svarar til den kompetansen offentlege skular gjev.»

##### 4.1.1.1.3 *Departementet si samla vurdering av søknader om godkjenning*

I tillegg til krava etter privatskulelova gjer departementet i kvart enkelt tilfelle «ei samla vurdering» av om skolen skal godkjennast etter privatskulelova eller ikkje, jf. privatskulelova § 25 nr. 3 første setning. I forarbeida til føresegna (Ot.prp. nr. 50 (1983–1984) s. 50 andre spalte) heiter det om dette mellom anna:

«Viktige hensyn vil på den ene side være søkerens mulighet for å opprette og drive skolen. På den annen side må det tas hensyn til de offentlige ressurser, og hvorledes bruken av dem bør prioriteres.»

Lovavdelinga i Justisdepartementet har i brev av 30.11.92 til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sagt at departementet i utgangspunktet står relativt fritt når spørsmålet om godkjenning skal vurderast etter § 25. Mellom anna kan det leggast vekt på budsjettmessige omsyn, men ikkje i den grad at privatskulelova blir sett ut av kraft. Vidare kan det leggast vekt på skolefaglege og skole-

politiske omsyn. Ein skole som oppfyller minstevil-kåra i privatskulelova, har såleis ikkje noko absolutt lovheimla krav på å bli godkjend med rett til tilskot etter privatskulelova.

I privatskulelova § 25 nr. 3 andre setning er det likevel presisert:

«For skular som søker godkjenning etter § 3 [bokstav] a eller b, skal det ikkje leggjast ein-sidig vekt på nedgang i elevtal for kommunen i den samla vurderinga.»

Denne avgrensinga i skjønnsmyndigheita blei vedteken med verknad frå 1.8.2000, og det går fram av forarbeida til føresegna (Innst. O. nr. 89 for 1999–2000) at

«Opprettelsen av private skoler vil nødvendigvis få konsekvenser for elevtallet i offentlige skoler. Men private skoler har i prinsippet hele landet som inntaksområde. Nedgang i elevtall i den offentlige skolen i en kommune kan derfor ikkje alene være utslagsgivende.»

Privatskulelova stiller også andre krav, mellom anna om lærerkompetanse, lokale og læreplanar. Desse krava vil bli behandla særskilt nedanfor.

#### 4.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at frittstående grunnskolar som oppfyller dei krava som følger av lova, skal ha rett til godkjenning og tilskot frå staten. Kravet i gjeldande privatskolelov § 3 bokstavane a til c om at skolen må ha eit bestemt formål, blei dermed foreslått fjerna:

«Departementet kan etter forslaget ikke sette andre vilkår enn de som følger av loven, noe som vil gi en større grad av forutberegnelighet for søkerne i forhold til gjeldende rettstilstand. Lovens krav til søker framgår av lovforslaget. Særlig sentralt er kravene til læreplanene. I tillegg stilles det blant annet krav til lærerkompetanse og lokaler. En avgjørelse om å nekte godkjenning vil kunne bringes inn for domstolene, som i større grad enn etter privatskuleloven vil kunne overprøve departementets avgjørelse om avslag. Departementet antar at den foreslåtte ordningen med rett til godkjenning vil føre til at spørsmål om godkjenning i mindre grad enn i dag vil bli gjenstand for politisk strid.»

Forslaget om rett til godkjenning omfattar berre grunnskolar i Noreg som gir opplæring på norsk eller samisk.

Departementet foreslo vidare at retten til godkjenning skulle vere på det vilkåret at godkjenninga ikkje får vesentlege negative følgjer for vertskommunen:

«Kravet til vesentlige negative konsekvenser innebærer at det ikke er tilstrekkelig at kommunen viser til at det må gjøres endringer i det kommunale grunnskoletilbudet. Slike endringer må gjøres kontinuerlig, blant annet avhengig av tilflytting til og utflytting fra kommunen, samt flytting innad i kommunen. Kostnader knyttet til omlegging på grunn av oppstart av frittstående grunnskole vil i hovedsak være knyttet til oppstartsåret. Negative konsekvenser som ikke er langvarige, vil normalt ikke regnes som vesentlige i lovens forstand.

Oppstart av en frittstående grunnskole kan imidlertid føre til omfattende og langvarige endringer i den offentlige skolestrukturen i kommunen. Konsekvensene for kommunen kan for eksempel være av økonomisk, organisatorisk eller pedagogisk karakter, men det er etter forslaget et krav om at konsekvensene er vesentlige.

I behandlingen av søknader om opprettelse av frittstående skoler skal kommunene gis anledning til å uttale seg. Dersom departementet skal kunne bygge på uttalelser fra kommunen om de konsekvenser en godkjenning vil få, må kommunen dokumentere sine påstander. Departementet har etter forslaget ingen selvstendig plikt til å fremskaffe dokumentasjon om konsekvensene for kommunen. Kommunen kan dokumentere konsekvensene av godkjenning for eksempel ved bruk av befolkningsdata, statistikk, kostnadsberegninger, ulike kommunale planer og annen relevant informasjon. Det må også kunne påvises at de negative konsekvensene vil være langvarige og betydelige, jf. ovenfor om vesentlighet. Ideologiske eller rent politiske uttalelser fra kommunene vil ikke være tilstrekkelige for å kunne avslå søknad om godkjenning av en frittstående skole.»

Høyringsforslaget fører dessutan vidare reglane i privatskulelova om godkjenning av norske grunnskolar i utlandet, jf. privatskulelova § 3 bokstav c og § 25 nr. 3 første setning.

Høyringsforslaget opnar for at det kan godkjen-nast internasjonale skolar i Noreg etter lov om frittstående skolar. Godkjenning vil bety rett til tilskot. Høyringsforslaget gir derimot ikkje internasjonale skolar nokon *rett* til godkjenning, men opnar for at departementet kan godkjenne slike skolar etter ei samla vurdering:

«For å få godkjenning er det etter forslaget krav om at skolene står åpne for alle, og at det ikke kan stilles andre vilkår for inntak enn de som gjelder for inntak til offentlige skoler, se forslaget § 3–1.

Departementet ønsker at internasjonale skoler skal være åpne for alle, og dette innebærer



at det språket undervisningen skal foregå på, må være et språk som flest mulig av innbyggerne behersker. Engelsk er det eneste obligatoriske fremmedspråket i norsk grunnskole, og dermed er språket godt egnet til å realisere prinsippet om åpne skoler. I tillegg vil undervisning på engelsk også oppfylle noen av de målene i engelsk som den offentlige læreplanen fastsetter.

Etter hva departementet kjenner til, har de fleste internasjonale skolene engelsk som undervisningsspråk. Undervisning på engelsk vil derfor være mest hensiktsmessig for elever som har fått deler av sin opplæring ved en internasjonal skole i utlandet, eller elever som tar sikte på å fortsette sin skolegang ved en slik skole i utlandet.

Selv om engelsk er det mest vanlige språket ved de internasjonale skolene i dag, utelukker ikke departementet at det kan oppstå behov for skoler som har et annet undervisningsspråk. Forslaget åpner for at skoler med ulike undervisningsspråk kan godkjennes ut fra en samlet vurdering.

Dersom det åpnes for godkjenning av internasjonale skoler, vil departementet sette krav om at skolene må gi opplæring i norsk.»

#### 4.1.3 Høyringsinstansane

Somme av høyringsinstansane kommenterer forslaget. Disse gir tilslutning til innhaldet, blant dei Utdanningsforbundet.

*Norske Privatskolers Landsforbund* meiner at

«spørsmålet om elever som ikke er norske statsborgere, skal ha rett til statsstøtte på like linje med norske barn, vil måtte få en politisk avklaring».

#### 4.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at frittstående grunnskolar som oppfyller dei krava som følgjer av lova, skal ha rett til godkjenning og tilskot frå staten. Departementet viser til vurderingane om dette i høyringsbrevet, jf. ovanfor. Departementet foreslår vidare i tråd med vurderingane i høyringsbrevet at retten til godkjenning skal vere avhengig av at godkjenninga ikkje får vesentlege negative følgjer for kommunen.

Til spørsmålet frå *Norske Privatskolers Landsforbund* vil departementet seie at alle barn i opplæringspliktig alder som oppheld seg i landet, har rett til opplæring etter opplæringslova, uavhengig av nasjonalitet. Privatskolar som har slike elevar, vil få statsstøtte til desse på lik linje med sine norske elevar.

Når det gjeld spørsmålet om godkjenning av internasjonale skolar, vil departementet seie dette:

Departementet foreslår å opne for at internasjonale skolar i Noreg kan godkjennast etter lova. Departementet vil ikkje gi dei internasjonale skolane rett til godkjenning sjølv om vilkåra i lova er oppfylte slik det er foreslått for norske skolar, men opnar i staden for at departementet kan godkjenne slike skolar etter ei samla vurdering. Det vil særleg kunne vere relevant å vurdere om skolen både prinsipielt og i praksis vil vere open for alle. Dette betyr mellom anna at det ikkje kan stillast andre vilkår for inntak enn dei som gjeld for inntak til offentlege skolar, jf. lovforslaget § 3–1. Vidare vil det bety at det språket undervisninga skal skje på, må vere eit språk som flest mogleg av innbyggjarane meistarar, og skolen kan heller ikkje stille krav om eit visst kunnskapsnivå i dette språket. Engelsk er det einaste obligatoriske framandspråket i norsk grunnskole, og dermed er språket godt eigna til å realisere prinsippet om opne skolar. I tillegg vil undervisning på engelsk også oppfylle nokre av dei måla i engelsk som den offentlege læreplanen fastset. Etter det departementet kjenner til, har dei fleste internasjonale skolane engelsk som undervisningsspråk. Undervisning på engelsk vil derfor vere formålstenleg for elevar som har fått delar av si opplæring ved ein internasjonal skole i utlandet, eller elevar som tek sikte på å halde fram skolegangen sin ved ein slik skole i utlandet. Sjølv om engelsk er det vanlegaste språket ved dei internasjonale skolane i dag, ser departementet at det kan oppstå behov for skolar som har eit anna undervisningsspråk. Departementet vil derfor foreslå at lova opnar for godkjenning av skolar med ulike undervisningsspråk.

Vidare vil det vere relevant å vurdere om norske myndigheiter vil ha reelt høve til å føre tilsyn med skolen, og om skolen får tilskot frå eit anna land. Departementet foreslår at det skal stillast krav om at skolen tilbyr norskopplæring.

Departementet viser elles til vurderingane i høyringsbrevet, som er referert ovanfor, dessutan til § 2–1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 4.2 Godkjenning av vidaregåande skolar

### 4.2.1 Gjeldande rett

Skolar som skal godkjennast med rett til statstilskot etter privatskulelova, må etter lova § 3 vere

a) *skipa av religiøse og/eller etiske grunnar,*

- b) eller skipa som eit fagleg-pedagogisk alternativ,
- c) eller skipa for undervisning av norske born/norsk ungdom i utlandet,
- d) eller skipa for å fylle eit kvantitativt undervisningsbehov,
- e) eller å ha til føremål å gje vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje vert gjeven ved vidaregåande offentlege skular.

Privatskulelova § 3 bokstavane d og e omfattar berre private vidaregåande skolar. Dette inneber at grunnskolar som skal godkjennast etter privatskulelova, må vere etablerte ut frå eit religiøst og/eller etisk formål, som eit fagleg-pedagogisk alternativ til offentleg grunnskole eller for å gi opplæring til norske barn eller norsk ungdom i utlandet, jf. § 3 bokstavane a til c. Etter § 3 bokstav a har departementet godkjent fleire kristne skolar og ein muslimsk grunnskole, mens steinerskolar og montessoriskolar er godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav b. Departementet har ikkje godkjent internasjonale og utanlandske skolar etter privatskulelova, fordi lova ikkje gir høve til slik godkjenning.

Private vidaregåande skolar godkjende etter privatskulelova er skolar som er etablerte med religiøst og/eller etisk formål, skolar som skal vere eit fagleg-pedagogisk alternativ til offentleg vidaregåande skole, skolar for norsk ungdom i utlandet eller skolar som skal dekkje eit kvantitativt undervisningsbehov, jf. § 3 bokstavane a til d. Felles for denne gruppa skolar er at dei gir tilbod som er parallelle til tilbod i offentlege skolar, til dømes vil mange skolar bruke dei same undervisningsplanane som den offentlege skolen.

Den andre hovudgruppa av private vidaregåande skolar godkjende etter privatskulelova er skolar som gir yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt i offentlege vidaregåande skolar, jf. § 3 bokstav e. Dei største gruppene blant desse skolane er bibelskolar og kunstske skolar.

#### 4.2.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet uttalte departementet:

«Departementet foreslår ikke endringer i godkjenningskriteriene for videregående skoler i denne omgang, fordi arbeidet på dette området blant annet bør sees i sammenheng med lov om folkehøgskoler og ny lov om fagskoleutdanning. Departementet tar sikte på å sende på høring forslag til ny lov om fagskoleutdanning i løpet av våren 2002.»

#### 4.2.3 Høyringsinstansane

Somme av privatskoleorganisasjonane ønskjer at vidaregåande skolar skal ha rett til godkjenning på lik linje med grunnskolane etter forslaget § 2–1.

#### 4.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til fråsegnene i høyringsbrevet, som er sitert ovanfor, og foreslår at reglane om godkjenning av vidaregåande skolar i privatskulelova blir førte vidare. Dette inneber mellom anna at lovforslaget ikkje gjer endringar i den praksisen som følgjer av privatskulelova § 3e. Skoleslag som i dag berre kan bli godkjende etter privatskulelova § 3 e, kan i framtida bli godkjende anten etter friskolelova eller etter lov om fagskoleutdanning. Skolar som blir godkjende etter friskolelova, vil etter lovforslaget ha rett til tilskot på same måte som i dag. Forslaget til ny lov om fagskoleutdanning har vore på høyring, og departementet tek sikte på å fremje lovproposisjon om dette innan utløpet av 2002.

Departementet viser elles til § 2–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 4.3 Innhald og vurdering

#### 4.3.1 Gjeldande rett

Slik er ordlyden i privatskulelova § 4 første ledd: «Skulen må drive verksemda si etter undervisningsplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av undervisningsplanen kva slag vurderingsformer og vitnemål skulen skal nytte. Elles har skulen sin undervisningsfridom.»

#### 4.3.2 Høyringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo eit krav om at friskolane anten skal følgje offentlege læreplanar eller på annan måte sikre elevane tilsvarande opplæring. I realiteten er dette i hovudsak ei vidareføring av privatskulelova § 4 første ledd.

#### 4.3.3 Høyringsinstansane

*Forbundet Steinerskolene i Norge* kommenterer bruken av uttrykket «tilsvarande opplæring». Det meiner poenget må vere at elevane får ei likeverdig utdanning, som gir eit minst like godt grunnlag for forståing og for eleven sin vidare valfridom i forhold til seinare utdanning og yrkesval, og som dessutan gjer ein overgang frå eit skoleslag til eit anna uproblematisk.

*Forbundet Steinerskolene i Norge* ser det heller ikkje som nødvendig å knyte godkjenning av læreplanar til opplæringslova § 2–1 første ledd. Forbundet meiner vilkåret om å ha læreplanar som er likeverdige med offentleg skole, vil bli teke vare på sjølv om ein sløyfer tilvisinga til § 2–1 første ledd i forslaget § 2–3 andre ledd. Forbundet foreslår nytt § 2–3 andre ledd:

«Frittstående grunnskolar skal anten følgje den læreplanen som gjeld offentlege grunnskolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane likeverdig opplæring.»

#### 4.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet er einig med *Forbundet Steinerskolene i Norge* sine synspunkt når det gjeld krav til innhaldet i opplæringa. Det avgjerande må vere om opplæringa i art og nivå vesentleg svarer til dei kunnskapar og den dugleik som den offentlege grunnskolen skal formidle. Poenget er at elevane skal få ei utdanning som gir eit minst like godt grunnlag for forståing og for vidare valfridom i forhold til seinare utdanning og yrkesval, og som dessutan gjer ein overgang frå eit skoleslag til eit anna uproblematisk. Opplæringa skal med andre ord *kvalitativt* kunne samanliknast med den offentlege læreplanen.

Etter departementet sitt syn vil omgrep som «tilsvarande», «likeverdig» og «jamgod» vere dekjande for eit slikt innhald. Departementet ser likevel faren for at uttrykket «tilsvarande» kan bli tolka som «identisk», noko som ikkje er meininga. Etter departementet sitt syn kan ordet «likeverdig» gi assosiasjonar også til andre verdiar enn kvalitet. Departementet vil på denne bakgrunnen foreslå å bruke omgrepet «jamgod», fordi dette omgrepet er best eigna til å beskrive kvalitetskravet.

Departementet viser elles til § 2–3 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 4.4 Skolemiljø, undervisningsrom og utstyr

### 4.4.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 11 skal det leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer ved skolen. Vidare skal skolane ha ordensreglement.

Elles gjeld kommunehelsetenestelova si forskrift 1.12.1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler for alle skolar, både private og offentlege.

Etter privatskulelova § 5 skal undervisningsrom og utstyr osv. godkjennast av statens utdanningskontor. Så langt det er mogleg, skal skoleanlegg og inventar vere tilpassa behova til dei funksjonshemma.

### 4.4.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at privatskulelova § 11 blir ført vidare. Departementet foreslo også at føresegna i opplæringslova § 1–2 siste ledd om at alle som er knytte til skolen, skal «arbeide for å hindre at elevane kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar», blir teken inn i forslaget til lov om frittstående skolar. Departementet viste elles til arbeidet med nye lovføresegner om skolemiljøet til elevane (Ot.prp. nr. 72 (2001–2002)), og at elevar i frittstående skolar burde ha same rett til godt skolemiljø som elevar i den offentlege skolen. Det blei uttrykt at systema for tilsyn må tilpassast friskolelova, og departementet bad om høyringsinstansane sitt syn på korleis føresegnene om skolemiljø skal gjerast gjeldande for frittstående skolar.

I tillegg foreslo departementet i hovudsak å føre vidare regelen i privatskulelova § 5. Departementet foreslo på den andre sida at myndet til å godkjenne undervisningsrom og utstyr etter lova skal leggjast til departementet, då statleg avgjerdsmynde etter opplæringslova er lagt til departementet. Departementet tek sikte på å delegere dette myndet til statleg regionalt nivå.

### 4.4.3 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om dette spørsmålet, ønskjer at lovføresegnene om skolemiljøet også bør gjelde elevar i frittstående skolar.

Fleire høyringsinstansar held fram at atterhalde i forslaget om at tilpassing for funksjonshemma berre må gjerast «så langt råd er», vil kunne få negative følgjer.

### 4.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Slik departementet vurderer det, bør elevane ha det same vernet med omsyn til skolemiljø, uavhengig om dei går i offentleg eller privat skole. Sidan forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler allereie gjeld for skolar som er godkjende etter privatskulelova, vil det ikkje bli vesentleg meir byrdefullt for friskolane om dei nye føresegnene i opplæringslova om elevane sitt skolemiljø skulle gjelde også for desse.

Departementet foreslår at dei nye føresegnene om skolemiljøet i opplæringslova kapittel 9A også skal gjelde for friskolane.

Departementet er einig med dei høyringsinstansane som kritiserer atterhaldet om at tilpassing for funksjonshemma berre må gjerast «så langt råd er». Eit slikt atterhald kan etter departementet si vurdering føre med seg at funksjonshemma søkjarar i realiteten ikkje får den same valfridommen som andre. Vidare vil eit slikt atterhald kunne verke urimeleg i forhold til dei offentlege skolane som må tilpassast fullt ut til funksjonshemma elevar. Eit slikt atterhald finst ikkje i det nye kapittelet 9A i opplæringslova om skolemiljø. Opplæringslova § 9A–2 tredje ledd andre punktum lyder:

«Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.»

Departementet sitt forslag om å vise til dette kapittelet vil derfor føre med seg at det nemnde atterhaldet ikkje blir innført.

Departementet viser elles til at privatskolane har plikter overfor dei funksjonshemma i dag gjennom forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar osv. Denne forskrifta stiller i § 9 krav om at funksjonshemma sine ulike behov skal skjøttast, funksjonshemma elevar skal ha tilgang til anlegget inne og ute på lik linje med dei andre brukargruppene.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er sitert ovanfor.

Departementet viser elles til § 2–4 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 5 Inntak av elevar

### 5.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 7 nr. 1 første ledd skal skolane ha heile landet som inntaksområde og vere opne for alle som fyller vilkåra for inntak i tilsvarende offentlege skolar. Føresegna gjeld dei formelle vilkåra for opptak, jf. Ot.prp. nr. 58 (1983–1984) s. 24, der det mellom anna heiter:

«Bestemmelsen innebærer at en privat skole ikke kan stille krav om f.eks. utdanning og praksis utover de krav som stilles ved opptak i offentlige skoler. For inntak i private videregående skoler, som disse bestemmelsene særlig vil ha betydning for, vil det således være tilstrekkelig at vedkommende søker fyller de krav som følger av lov om videregående opplæring § 7 første ledd. På den annen side gir oppfyllelsen av dette formelle krav ikke en søker ubetinget rett til å bli tatt inn ved privat skole.»

Dersom skolen må avvise elevar av kapasitetsgrunnar, kan slik avvising skje med grunnlag i skolen sitt formål, jf. Innst. O. nr. 53 (1984–1985) s. 9. Vedtak som gjeld inntak, kan klagast på til statens utdanningskontor, jf. § 7 nr. 3 og delegasjonsvedtak av 8.12.1993.

### 5.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet i hovudsak å føre vidare reglane i privatskulelova § 7. Departementet ønskte i tillegg å presisere i lovteksten at skolane må prioritere dei som har rett til grunnskoleopplæring eller til vidaregåande opplæring, dersom det er færre plassar enn søkjarar.

Høyringsforslaget opnar for at skolen elles skal kunne prioritere ut frå saklege omsyn. Departementet presiserte at det framleis bør vere mogleg for ein skole som er ått av ein kyrkjelyd eller eit trussamfunn, å kunne prioritere medlemmer av kyrkjelyden eller samfunnet framfor andre søkjarar.

Departementet foreslo plikt for skolen til å informere eleven sin heimkommune eller heimfylke om inntaket.

Departementet foreslo vidare å ikkje føre vidare føresegna i privatskulelova § 7 nr. 1 tredje ledd om at elevane fritt kan velje arbeidsstad eller skole når skolegangen er avslutta. Departementet uttrykte:

«Etter departementets vurdering må elever i frittstående skoler kunne velge andre opplæringstilbud også før skolegangen er avsluttet. Elever i videregående opplæring kan også velge å avslutte skolegangen når de måtte ønske. Noe annet er at eleven eller de foresatte kan ha kontraktmessige forpliktelser overfor skolen når det gjelder betaling av skolepenger, se § 6–2. Departementet mener at det ikke er nødvendig at dette lovfestes.»

Departementet foreslo elles å fjerne kravet i privatskulelova § 7 nr. 2 om at det er skoleleiaren som avgjer kva søkjarar som skal takast inn ved skolen. Det blei vist til at den enkelte skolen er nærast til å vurdere kven som skal behandle søknader om inntak.

### 5.3 Høyringsinstansane

Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Norske Privatskolers Landsforbund*, støttar forslaget til inntaksreglar i høyringa. Somme høyringsinstansar har ulike synspunkt når det gjeld kva vilkår som skal setjast for inntak.

Somme høyringsinstansar, *Kristne Friskolers Forbund* og *Forbundet Steinerskolene i Norge*, ønskjer å kunne stille som vilkår for inntak at foreldra og elevane sluttar seg til det pedagogiske eller trussmessige grunnsynet til skulen.

LO er derimot sterkt imot at det skal vere lov å setje andre vilkår enn alderskriteriet, som etter dei ra syn er det einaste som gjeld ved inntak i offentlege skolar. *Landslaget for udelt og fådelt skole* meiner at eit inntaksreglement i seg sjølv er diskriminerande, idet det opnar for styrevurderingar som kan vere vanskelege å etterprøve, moglegheit for å handplukke ressurssterke elevar og sile ut dei ressurskrevjande elevane.

*Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG)* meiner ein må sikre ein open og ikkje-diskriminerande praksis. Utvalet meiner ordlyden er for vag med

omsyn til å sikre at funksjonshemma barn og barn med spesialpedagogiske behov blir tekne inn.

International School of Bergen peiker på at utanlandske barn som er mellombels busette i Noreg, til dømes fordi foreldra tek seg jobb her, har behov for førerett ved konkurranse om plassar ved ein internasjonal skole.

Krokeide yrkesskole meiner det må takast omsyn til at dei funksjonshemma og andre med yrkeshemningar kan ha behov for førerett til inntak ved spesialtilpassa skolar som Krokeide yrkesskole.

#### **5.4 Vurderingar og forslag frå departementet**

---

Departementet meiner at det, som i dag, ved kapasitetsproblem bør vere høve til å prioritere til dømes søkjarar som har sysken som går på skolen, og søkjarar som er medlemmer i kyrkjelyden eller trussamfunnet. Eit sakleg omsyn kan også vere det særskilde behovet for ein utanlandsk elev til å få plass ved ein internasjonal skole. Vidare bør det ved spesialtilpassa skolar også kunne givast førerett til elevar med slike spesielle behov.

Det bør derimot ikkje vere høve til «siling» ut frå «riktig» bakgrunn, «riktige» haldningar osv.

Departementet vil elles peike på at eit godkjent inntaksreglement vil vere ei god forsikring mot usaklege prioriteringar.

Når det gjeld fråsegnene om ivaretaking av særpreget til enkelte skolar, vil departementet peike på at det ikkje er foreslått fritaksrett frå skolen sine religiøse aktivitetar osv. ved grunnskolar som er etablerte av etiske eller religiøse grunnar, jf. § 3–12 i forslaget. At søkjarar må vurdere dette obligatoriske aspektet, vil i praksis gjere sitt til å tryggje skolen sitt særpreg gjennom at fleirtalet av søkjarane dermed sannsynlegvis vil dele denne trua eller dette livssynet.

Departementet har vurdert om skolane også bør ha plikt til å informere om sitt særpreg eller sin ståstad, slik at søkjarane veit kva dei søker seg til. Departementet meiner likevel at dette er unødvendig, då ein må gå ut frå at skolane har eigeninteresse i å informere søkjarar og foreldre om sitt særpreg og sin ståstad.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som står å lese ovanfor.

Departementet viser elles til § 3–1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 6 Rett og plikt til opplæring

### 6.1 Oppfylging av rett og plikt

---

#### 6.1.1 Gjeldande rett

Alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskoleopplæring i ti år, jf. opplæringslova § 2–1. I opplæringslova § 2–1 er det også presisert at det ikkje ligg føre noka skoleplikt – berre opplæringsplikt.

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til minimum tre år vidaregåande opplæring på heiltid, jf. opplæringslova § 3–1.

Det kjem ikkje direkte til uttrykk i privatskulelova at opplæringsplikta kan oppfyllest gjennom undervisning i ein godkjend privatskole. Det går heller ikkje fram av privatskulelova at elevar i private skolar som er godkjende etter privatskulelova, bruker av retten sin til vidaregåande opplæring.

#### 6.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

For å synleggjere at elevane har rett til å oppfylle opplæringsplikta gjennom undervisning i ein godkjend privatskole, og at elevane i ein friskole bruker av retten sin til vidaregåande opplæring, foreslo departementet i høyringsbrevet at dette blir lovfesta. Eit slikt forslag har vore på høyring tidlegare. Departementet viser her til høyringsbrev 14. februar 2001 frå Justisdepartementet om innarbeiding av FNs barnekonvensjon i norsk lovgiving av.

#### 6.1.3 Høyringsinstansane

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg til dette spørsmålet, mellom anna *Norske Privatskolers Landsforbund* og *Forbundet Steinerskolene i Norge*, støttar forslaget.

Elevorganisasjonen ser likevel med uro på rettstryggleiken til elevar ved private vidaregåande skolar dersom desse skolane får trekt tilbake godkjenninga si, går konkurs eller vel å leggje ned verksamda. Elevorganisasjonen ønskjer formuleringar som sikrar rettar til elevar som står igjen etter ei slik nedlegging, mellom anna skoleplass ved offentleg skole, så snart det lèt seg gjere, og rett til eitt år ekstra med vidaregåande opplæring.

#### 6.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til omtalen i høyringsbrevet, sjå punkt 6.1.2.

Når det gjeld problemstillinga som Elevorganisasjonen tek opp, viser departementet til at fylkeskommunane etter opplæringslova pliktar å tilby opplæring til alle som er busette i fylket, og som har rett til vidaregåande opplæring.

Departementet viser elles til §§ 3–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 6.2 Retten til å fullføre opplæringa Flytting av elevar

---

#### 6.2.1 Gjeldande rett

Elevar som er tekne inn ved skolen, har rett til å fullføre skoleåret eller vedkommande kurs, jf. privatskulelova § 8. Føresegna gjeld 1-årige eller 2-årige kurs, kortare kurs eller deltidskurs.

I opplæringslova § 8–1 siste ledd er det gitt føresegner om at ein elev som er teken inn i ein grunnskole, i særlege tilfelle kan flyttast til ein annan offentleg skole når omsynet til dei andre elevane tilseier det. Andre tiltak må vere utprøvde før det blir gjort vedtak om å flytte eleven. Føresegna kan berre brukast i heilt spesielle unntakstilfelle, når åtferda til eleven i alvorleg grad går ut over skole- og læringsituasjonen for dei andre elevane, og det dermed ikkje er forsvarleg å gi eleven eit opplæringstilbod ved skolen. Departementet viser til forarbeida til denne føresegna i Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) og Innst. O. nr. 89 (1999–2000).

#### 6.2.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at ein elev som har fått plass ved ein frittstående grunnskole, skal ha rett til å fullføre opplæringa si ved skolen, så langt skolen er godkjend.

Departementet viste i høyringsbrevet til føresegna i opplæringslova § 8–1 siste ledd om flytting av elevar, og foreslo ei tilsvarende føresegn for frittstående grunnskolar.

Vidare foreslo departementet at opplæringslova § 3–1 fjerde ledd om omval skal gjelde tilsvarende for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter friskolelova.

### 6.2.3 Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane er negative til forslaget om å lovfeste rett for eleven til å fullføre opplæringa ved den frittstående skolen. Høyringsinstansane er heller ikkje ueinige i forslaget om at reglane om omval, jf. opplæringslova § 3–1 fjerde ledd, skal gjelde tilsvarende for elevar i frittstående vidaregåande skolar.

Høyringsinstansane har likevel ulike syn på departementet sitt forslag om at ein grunnskoleelev i særlege tilfelle skal kunne flyttast til ein offentleg skole i heimkommunen.

*Norske Privatskolers Landsforbund* støttar departementet sitt forslag.

*Montessoriforbundet* og *Kristne Friskolers Forbund* meiner det bør vere skolen, ikkje heimkommunen, som gjer vedtak om flytting av eleven. *Montessoriforbundet* viser til at kommunane i praksis delegerer denne myndigheita til skolane, at lova stiller strenge krav som tryggjer elevane sin rettstryggleik, og at det kan vere brot som kan føre til heving på privatrettsleg grunnlag. Forbundet presiserer likevel at skolen berre kan gjere vedtak om at eleven ikkje lenger skal gå på den frittstående skolen. *Stavanger kommune* meiner også at skolen bør gjere vedtak om flytting, fordi skolen vil ha betre kunnskap om den faktiske situasjonen.

*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon* meiner forslaget er i strid med grunnprinsippet om at skolen skal vere open for alle. Organisasjonen er redd for at friskolar vil få høve til å flytte problemelevar, og oppfattar dette som ein selektiv regel. Organisasjonen reiser også spørsmål om kven som skal definere «problemelev», og viser til at funksjonshemma ofte blir sedde som problem sidan dei ofte krev ekstra ressursar.

På den andre sida peiker nokre høyringsinstansar på faren for at kommunen vil nekte å overta «problemelevar» som eigentleg burde ha vore flytte frå friskolen.

*Kristiansand kommune* uttaler at

«det må være like tungtveiende grunner for å flytte en elev fra en frittstående skole til en offentlig skole som det er å flytte en elev fra en offentlig skole til en annen, enten det er innen samme kommune eller til en annen kommune. Dette er et stort inngrep i elevens liv, og den frittstående skolen må kunne dokumentere hvilke andre tiltak som er forsøkt før flytting foretas».

*Statens utdanningskontor i Sør-Trøndelag* er einig i at vedtaksmyndigheita må leggjast til heimkommunen, men meiner prinsipielt at flytting av elevar til ein annan skole utan samtykke frå elev og/eller foreldre er uheldig. Det er dårleg samsvar mellom denne føresegna og det arbeidet som blir drive i skolen for auka inkludering, styrking av skolemiljøet, kompetanseutviklingsprogrammet for PPT og skoleleiarar (SAMTAK) osv. *Statens utdanningskontor i Hordaland* har også forståing for at departementet ønskjer ein parallell til opplæringslova § 8–1 tredje ledd, men meiner dette kan opne for ei siling av elevar som skaper problem for den frittstående skolen. Som ei mogleg løysing foreslår utdanningskontoret at krav til kva tiltak som skal vere utprøvde før eleven kan flyttast, blir forskriftsfesta.

### 6.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet vil presisere at ei føresegn om å flytte ein elev frå skolen berre skal brukast i heilt spesielle tilfelle. På same måten som etter føresegna i opplæringslova bør det stillast krav om at skolen skal ha prøvd andre tiltak. Departementet legg til grunn at dei same omsyna som ligg bak regelen i opplæringslova § 8–1 tredje ledd, også gjer seg gjeldande for frittstående skolar.

Departementet ser høyringsinstansane sine argument for at skolen skal gjere vedtak om flytting. Departementet viser likevel til at forslaget, i motsetning til gjeldande rett, klargjer ein rett for eleven til å fullføre opplæringa ved den frittstående skolen. Ei føresegn om flytting er meint å vere ei unntaksføresegn, som berre skal brukast i særlege tilfelle. Det bør derfor vere heilt klart at det skal gjerast eit enkeltvedtak dersom det er behov for å bruke føresegna om flytting. Å gjere unntak frå retten til å fullføre opplæringa ved ein skole bør krevje meir enn ei vurdering ut frå privatrettslege vurderingar. Rettstryggleiken til elevane vil vere sikra ved at kommunen må grunngi vedtaket, og ved at vedtaket kan klagast på. Departementet viser vidare til at kommunen etter opplæringslova skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring for alle som er busette i kommunen. Det betyr at heimkommunen bør ha ei tydeleg rolle ved spørsmål om flytting av ein elev. På dette grunnlaget foreslår departementet at det er heimkommunen som skal gjere vedtak om flytting av ein elev. Departementet skal, etter forslaget, vere klageinstans.

Departementet viser elles til § 3–3 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.



### 6.3 Utsett skolestart og fritak frå opplæringsplikta

#### 6.3.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 2–1 tredje ledd skal grunnskoleopplæringa til vanleg ta til det året barnet fyl-ler 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet har komme langt nok i utviklinga til å begynne på skolen, har barnet rett til å utsetje skolestarten i eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skolestarten eitt år.

Dersom foreldra søker om det eller samtyk-ker, kan kommunen etter sakkunnig vurdering la eit barn begynne på skolen eitt år før, når barnet har fylt 5 år innan 1. april.

Etter opplæringslova § 2–1 fjerde ledd varer ret-ten og plikta til opplæring til eleven har fullført det tiande skoleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommu-nen heilt eller delvis vedta å frita ein elev for opp-læringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det.

Privatskulelova har ingen tilsvarende føreseg-ner.

#### 6.3.2 Høyringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo i høyringsbrevet at føreseg-nene i opplæringslova § 2–1 tredje ledd om utsett skolestart og tidlegare skolestart, og § 2–1 fjerde ledd om heilt eller delvis fritak frå opplæringsplik-ta, skal gjelde tilsvarende for elevar i grunnskolar som er godkjende etter friskolelova.

#### 6.3.3 Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot forslaget i høyringsbrevet.

#### 6.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner at omsyna bak føreseg-nene om utsett skolestart, tidlegare skolestart og heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta er like relevante anten barnet skal gå eller går i ein offent-leg eller ein frittstående skole. Departementet fore-slår derfor ei føresegn om dette i friskolelova.

Departementet viser elles til § 3–3 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 6.4 Tilpassa opplæring

#### 6.4.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 1–2 femte ledd skal opplæ-ringa «tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære-kandidaten». I motsetning til opplæringslova har privatskulelova ikkje noka tilsvarende føresegn om tilpassa opplæ-ring.

#### 6.4.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at prinsip-pet om at opplæringa skal tilpassast til evnene og føresetnadene hos den enkelte eleven, bør komme til uttrykk i lova, på same måten som i opplærings-lova. Departementet viste til at behovet for tilpassa opplæring ikkje vil vere mindre i frittstående skolar enn i offentlege.

Når det gjeld reglar om organisering i klassar, sa departementet følgjande i høyringsbrevet:

«Opplæringsloven har i § 8–3 bestemmelser om klassedelingstall. Departementet foreslår ikke en tilsvarende bestemmelse for de frittstående skolene. Kravet om tilpasset opplæring innebærer at elevene må deles inn i grupper som har en forsvarlig størrelse. Videre mener departementet at de klassedelingstallene som gjelder for den offentlige skolen, ikke uten videre vil passe for de frittstående skolene. Departementet er bl.a. kjent med at montessoriskolene ofte deler elevene inn i relativt store aldersblandede grupper. Departementet mener at frittstående skoler i stor grad skal ha frihet til å organisere elevgruppen slik skolen finner det hensiktsmessig.»

#### 6.4.3 Høyringsinstansane

*Statens utdanningskontor i Nord-Trøndelag* og i *Sør-Trøndelag* er blant dei høyringsinstansane som er positive til forslaget om at prinsippet om tilpassa opplæring skal komme til uttrykk i lova. Ingen av høyringsinstansane er ueinige i forslaget.

*Elevorganisasjonen* er positiv til forslaget om tilpassa undervisning, men ønskjer også at § 4–11 om deltakingsrett i planlegging, gjennomføring og vur-dering av opplæringa i forskrifta til opplæringslova blir teken inn i friskolelova.

Det er brei semje blant høyringsinstansane om at friskolelova ikkje skal ha reglar om klassedeling. Fleire instansar, mellom anna ein del kommunar og eit par fylkeskommunar, viser likevel til at det er uheldig at den offentlege skolen må leve med ein forelda klassedelingsregel, mens friskolane skal

sleppe det. Dei gir uttrykk for eit ønske om at klas-sedelingsregelen i opplæringslova § 8–3 blir opphe-va.

*Landslaget for udelt og fådelt skole* stiller seg kri-tisk til at friskolelova ikkje skal ha reglar om klasse-delning. Landslaget viser til at friare organisering av elevane vil senke kvaliteten på undervisninga. *Ut-danningsforbundet* meiner også at friskolelova bør ha reglar om klassesdelingstal.

*Utdanningskontoret i Sør-Trøndelag* viser til at dersom friskolelova ikkje skal ha reglar om klasse-delningstal, vil det skape ulike rammevilkår for dei offentlege og dei frittstående skolane.

#### 6.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner at omsyna bak førese-gnene om tilpassa opplæring er like relevante anten barnet skal gå på ein offentlig eller ein frittstående skole. Departementet foreslår derfor ei føresegn om dette i friskolelova. Departementet viser elles til § 3–4 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

Sjølv om privatskulelova ikkje har reglar om or-ganisering av klassar, har departementet i eit par godkjenningssaker stilt som vilkår at klassesdelings-reglane i opplæringslova § 8–2 blir følgde. Departe-mentet har nyleg sendt ut eit høyringsbrev om lo-kalt handlingsrom i organisering av grunnopplæ-ninga, der departementet mellom anna foreslår ei friare organisering enn det klassesdelingsreglane til-lèt. I samsvar med dette arbeidet vil departementet foreslå at friskolelova ikkje får føresegner om klas-sedelningstal.

Elles viser departementet til drøftinga i høy-ringsbrevet, jf. punkt 6.4.2.

### 6.5 Fritak frå religiøse aktivitetar

#### 6.5.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd har fø-resegner om fritak frå dei delane av undervisninga som eleven eller foreldra ut frå eigen religion opp-lever som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn. Privatskulelova har ingen føreseg-ner om dette.

#### 6.5.2 Høyringsforslaget frå departementet

I departementet sitt høyringsbrev blei det foreslått ei føresegn som viser til opplæringslova § 2–4 fjer-de og femte ledd om fritak frå religiøse aktivitetar.

Departementet foreslo likevel at retten til fritak frå religiøse aktivitetar m.m. ikkje skal gjelde for ele-var i frittstående grunnskolar som byggjer på eit reli-giøst og/eller etisk grunnlag.

#### 6.5.3 Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane er ueinige i at friskole-lova bør ha reglar om fritak frå religiøse aktivitetar. Høyringsinstansane har derimot ulike syn på spørsmålet om elevane bør få fritak frå religiøs aktivitet som er knytt til det grunnsynet skolen byggjer på. Mellom anna har eit par høyringsinstansar stilt spørsmål om skolen sitt religiøse eller etiske grunnsyn framleis vil vere relevant når privatskule-lova sine krav om formål ikkje blir førte vidare i den nye lova.

#### 6.5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet legg til grunn at dei same om-syna som ligg bak reglane om fritak i opplærings-lova § 2–4 fjerde og femte ledd, også kan gjere seg gjeldande for elevar i frittstående grunnskolar.

Det er etter departementet sitt syn ikkje ønske-leg at elevar skal kunne be seg fritak frå delar av undervisninga som inneber utøving av den religio-nen og/eller det etiske grunnlaget som skolen byg-gjer på. Departementet er oppteke av at skolar som byggjer på eit religiøst eller etisk grunnsyn, skal kunne tryggje dette også etter friskolelova. Etter departementet sitt syn bør dei skolane som byggjer på eit slikt grunnsyn, informere eventuelle søkjarar om dette, slik at spørsmålet om eventuelt fritak ik-kje blir aktualisert. Etter forslaget gjeld derfor ikkje retten til fritak frå religiøse aktivitetar m.m. for ele-var i frittstående grunnskolar som byggjer på eit reli-giøst eller etisk grunnlag.

Departementet viser elles til § 3–12 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 6.6 Permisjon

#### 6.6.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 2–11 første ledd kan elevane etter søknad få permisjon i inntil to veker når det er forsvarleg. Privatskulelova har ingen føresegner om permisjon.

#### 6.6.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet blei det foreslått at friskolelova skal ha ei føresegn om permisjon som tilsvarer opp-læringslova § 2–11 første ledd.

### 6.6.3 Høyringsinstansane

*Asker kommune* viser til at avgrensinga om to veker permisjon ikkje er tilpassa samfunnet i dag. *Forbundet Steinerskolene i Norge* meiner ei slik føresegn ikkje er nødvendig. Forbundet viser til at eit fråvær utover to veker kan vere motiverande, lærerikt og positivt for eleven.

### 6.6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet legg til grunn at dei same omsyna bak føresegna om permisjon i opplæringslova § 2–11 også vil gjelde friskolane. Departementet foreslår derfor ei føresegn om permisjon i friskolelova i samsvar med føresegnene i opplæringslova.

Departementet viser elles til § 3–13 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 7 Bortvising. Tap av rettar

### 7.1 Gjeldande rett

---

Etter privatskulelova § 12 gjeld føresegnene i opplæringslova §§ 2–10 og 3–8 om bortvising også for elevar «ved tilsvarende private skular». Elevar ved andre private skolar kan visast bort etter reglar som er fastsette i skolen sitt reglement.

Tilvisinga til opplæringslova i privatskulelova § 12 inneber også at reglane om tap av retten for elevar i vidaregåande opplæring også gjeld dei private skolane.

Reglane i opplæringslova om bortvising og tap av rett inneber at skolen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga. På klassetrinna 1–7 kan elevar visast bort for enkelttimar eller for resten av dagen, og på klassetrinna 8–10 kan elevar visast bort i inntil tre dagar. Elevar i vidaregåande opplæring kan visast bort i inntil fem dagar. Den daglege leiaren av skolen vedtek sjølv bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Dagleg leiar kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om bortvising.

Når ein elev i vidaregåande skole vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømer pliktene sine, kan eleven visast bort frå resten av det kurset han eller ho er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av lengda på kurset kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen kan ikkje overlata til skolen å gjere vedtak om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring.

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av retten, skal ein vurdere å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Departementet er klageinstans for vedtak om bortvising og tap av rett.

### 7.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

I høyringsbrevet foreslo departementet ei føresegn som i det vesentlege tilsvarende føresegnene i opplæringslova §§ 2–10 og 3–8, og som dermed i hovud-

sak fører vidare gjeldande rett etter privatskulelova § 12. Departementet foreslo at dei same reglane om bortvising også skal gjelde skolar som «har til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje vert gitt ved vidaregåande offentlege skular», jf. privatskulelova § 3 bokstav e og forslaget § 2–2 bokstav e.

### 7.3 Høyringsinstansane

---

*Statens utdanningskontor i Østfold* stiller spørsmål ved fylkeskommunen si innblanding i bortvising for resten av kurset. Utdanningskontoret meiner vedtaket om bortvising bør fattast på skolenivå, og at rettstryggleiken blir godt nok sikra gjennom retten til å klage til departementet. Også *Kristne Friskolers Forbund* meiner at skolen sjølv, i samråd med fylkeskommunen, bør ha myndigheit til å vise bort ein elev frå resten av kurset.

*Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus* peiker på at forslaget til føresegn om tap av rettar ikkje kan brukast overfor elevar i vidaregåande skolar i utlandet, då fylkeskommunen ikkje har myndigheit til å gjere vedtak for elevar han ikkje har ansvaret for. Utdanningskontoret finn det også problematisk å leggje slik myndigheit til departementet.

### 7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Forslaget inneber at reglane i opplæringslova om bortvising og tap av rett, som det i dag er vist til i privatskulelova, blir tekne inn i friskolelova. Dette vil ikkje føre med seg noko nytt i innhaldet i forhold til gjeldande rett. I tillegg foreslår *departementet* at reglane om bortvising også skal gjelde for skolar som «har til føremål å gi vidaregåande undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skular», jf. forslaget sin § 2–2 bokstav e, jf. noverande privatskulelov § 3 bokstav e.

Når skolen gjer vedtak om bortvising for ein eller fleire dagar, må dette etter departementet si vurdering reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. I slike tilfelle praktiserer skolen offentleg

myndigheit, og departementet meiner at det er viktig å presisere at reglane i forvaltningslova om mellom anna enkeltvedtak og klagesaksbehandling også gjeld for dei frittstående skolane. Departementet viser elles til at styret har ei generell plikt til å syte for at skolen blir driven i samsvar med gjeldande regelverk, sjå § 5–1. Dette inneber mellom anna plikt for skolen til å følgje reglane i forvaltningslova i saker der skolen gjer enkeltvedtak.

Spørsmålet om kven som bør vedta bortvising for resten av kurset i den vidaregåande skolen, er dels eit spørsmål om kva som gir god nok rettstryggleik for elevane, og dels eit spørsmål om kven som er best eigna til å vurdere om eleven bør visast bort. På den eine sida vil skolen etter departementet si meining vere nærast til å vurdere om eleven kan halde fram på kurset eller ikkje. På den andre sida taler omsynet til nøytralitet for at fylkeskommunen skal behandle saka. Dette kan likevel vegast opp ved at eit vedtak frå skolen kan klagast på til regional statleg forvaltning. Eit anna moment er at fylkeskommunen behandlar bortvisingssakene for dei

offentlege vidaregåande skolane, og slik sett har breiare grunnlag for å treffe avgjersler. Dessutan vil fylkeskommunen ha ansvaret for oppfølginga av elevar som eventuelt blir viste bort for resten av kurset, jf. opplæringslova § 3–6. Etter ei samla vurdering vil departementet foreslå at fylkeskommunen vedtek bortvising for meir enn fem dagar.

Departementet viser til kommentarane frå Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus når det gjeld elevar ved norske vidaregåande skolar i utlandet. Departementet er einig i vurderinga til utdanningskontoret. For desse elevane foreslår departementet derfor at vedtak om bortvising for resten av kurset og vedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring blir gjorde av statleg regionalt organ. Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus har i dag ansvaret for norske skolar i utlandet. Departementet meiner det vil vere formålstenleg at dette utdanningskontoret gjer slike vedtak, og at departementet er klageinstans.

Departementet viser elles til § 3–10 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 8 Ordensreglement o.l.

### 8.1 Gjeldande rett

---

Opplæringslova §§ 2–9 og 3–7 slår fast at det skal fastsetjast ordensreglement for skolane. Her skal det givast reglar om åtferda til elevane og om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet. Det skal også givast reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast. Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Det går direkte fram av lova at eleven skal få høve til å forklare seg munnleg før det blir teke noka avgjersle om refsing, og at fysisk refsing eller anna krenkjande behandling ikkje må nyttast.

Privatskulelova § 11 har reglar om arbeidsmiljøet og rettar og plikter for elevane. Det går fram av føresegna at kvar skole skal ha eit reglement som mellom anna skal innehalde reglar om åtferd, om kva tiltak som kan brukast når elevane bryt reglementet, og om framgangsmåten i slike saker.

### 8.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

Departementet foreslo at reglane i privatskulelova § 11 om ordensreglement i det vesentlege blir førte vidare i den nye lova, men slik at det blir gjort språklege tilpassingar til opplæringslova §§ 2–9 og 3–7.

Departementet viste vidare til artikkel 28 nr. 2 i Barnekonvensjonen om at det skal treffast alle nødvendige tiltak for at skolen sin disiplin blir gjenomført på ein måte som er i samsvar med barnet sitt menneskeverd, og uttalte:

«For å synleggjøre barnekonvensjonen artikkel 28 nr. 2, slik det er gjort i opplæringsloven, vil departementet foreslå en bestemmelse om at fysisk refsing eller annen krenkende behandling ikke må benyttes. I tillegg bør det framgå av loven at reglementet skal gjøres kjent for elevene og foreldrene, og at eleven skal ha anledning til å uttale seg før det blir tatt en avgjørelse om refsing.»

### 8.3 Høyringsinstansane

---

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget til departementet.

*Norsk Skolelederforbund* meiner det bør eksplisitt seiast at eleven får høve til å ta med seg «partsrepresentant» når han eller ho skal uttale seg.

### 8.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Etter *departementet* si vurdering er ikkje gjeldande regelverk til hinder for at ein elev kan ta med seg ein person når eleven skal uttale seg. Departementet ser ikkje noko behov for å lovfeste ein slik regel.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er referert ovanfor, og foreslår ei føresegn i tråd med dette.

Departementet viser elles til § 3–9 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 9 Spesialundervisning

### 9.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 9 har elevar i private skolar rett til spesialundervisning mv. etter dei same reglane som gjeld for elevar i tilsvarende offentlege skolar.

Etter opplæringslova § 5–6 andre ledd har den pedagogisk-psykologiske tenesta ansvar for individretta arbeid, dessutan ansvar for å hjelpe skolane med det systemretta arbeidet. I privatskulelova med forskrifter er det fastsett at elevar i private skolar har same rett til å krevje sakkunnig vurdering for å fastslå om eleven har behov for – og dermed rett til – spesialundervisning.

Etter forskrifta til privatskulelova er det berre elevar som bur mellombels utanfor heimkommunen eller heimfylket, som har rett til pedagogisk-psykologisk teneste der skolen ligg. Vertskommunen kan rette refusjonskrav til heimkommunen eller heimfylket for denne tenesta.

### 9.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet i hovudsak å føre vidare privatskulelova § 9 med forskrifter, ved å la opplæringslova § 5–1 om rett til spesialundervisning, § 5–3 om sakkunnig vurdering, § 5–4 om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning og § 5–5 om unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa gjelde tilsvarende for friskolar. Departementet foreslo at reglane om spesialundervisning ikkje skulle gjelde for skolar «som har til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar», jf. privatskulelova § 3 bokstav e, og forslaget til § 2–2 bokstav e i proposisjonen her. Departementet presiserte også at vaksne i opplærings-tilbod som er særskilt organiserte for dei, ikkje har rett til spesialundervisning.

Departementet uttalte vidare:

«Bestemmelsen viderefører i hovudsak privatskoleloven § 9 med forskrifter. Departementet foreslår at ansvaret for elever i norske skoler i utlandet blir lovfestet, se bestemmelsens andre

ledd siste setning. Forslaget innebærer ingen endring i forhold til dagens praksis.

Voksne med rett til grunnskoleopplæring etter opplæringsloven § 4A–1 og § 4A–2 har rett til spesialundervisning. Kommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring for voksne, men kan bruke andre aktører for å oppfylle denne forpliktelsen, se § 4A–4.

I motsetning til tidligere er det også presisert at voksne i opplæringstilbud som er særskilt organisert for dem, ikke har rett til spesialundervisning. En tilsvarende begrensning gjelder for voksne i fylkeskommunale tilbud, jf. opplæringsloven § 1–1 tredje ledd. Voksne som er tatt inn til vanlig vidaregåande opplæring som elever, er omfattet av retten til spesialundervisning uavhengig av om de har rett til vidaregåande opplæring eller ikke.

Etter opplæringsloven § 5–6 andre ledd har den pedagogisk-psykologiske tjenesten ansvar for individrettet arbeid samt ansvar for å bistå skolene i det systemrettede arbeidet. I privatskoleloven med forskrifter er det fastsatt at elever i private skoler har samme rett til å kreve sakkunnig vurdering for å fastslå om eleven har behov for–og dermed rett til–spesialundervisning. Departementet ber om høyringsinstansenes syn på om den pedagogisk-psykologiske tjenesten også skal ha ansvaret for å bistå de frittstående skolene i det systemrettede arbeidet.

Etter forskrift til privatskoleloven er det kun elever som bor midlertidig utenfor hjemkommunen eller hjemfylket, som har rett til pedagogisk-psykologisk tjeneste der skolen ligger. Vertskommunen kan rette refusjonskrav til hjemkommunen eller hjemfylket for denne tjenesten. Departementet foreslår at denne bestemmelsen ikke videreføres, men ber om høyringsinstansenes syn på om den pedagogisk-psykologiske tjenesten i vertskommunen eller vertsfylket bør utarbeide sakkunnige vurderinger for alle aktuelle elever ved skolen, uavhengig av bosted. Vertskommunen vil da i tilfelle kunne rette et refusjonskrav mot elevens hjemkommune eller hjemfylke.

Departementet legger til grunn at elever i frittstående skoler er omfattet av de samme rettighetene som elever i offentlig skole ved sykdom eller skade. Når det gjelder opplæring i sosiale og medisinske institusjoner vises det til opplæringsloven § 13–2. Vi viser for øvrig til

Ot.prp. nr. 30 (2001–2002), hvor det blant annet foreslås at fylkeskommunen skal ha ansvaret for grunnskoleopplæring og videregående opplæring i sosiale institusjoner og i helseinstitusjoner som eies av regionale helseforetak.

På denne bakgrunn mener departementet at det ikke er behov for å videreføre forskrift til privatskoleloven § 9 om rett til opplæring ved sykdom og skade.

I forskrift til opplæringsloven § 18–1 er statens utdanningskontorer gitt myndighet til å avgjøre i tvilstilfeller hvem som er økonomisk ansvarlig for grunnskoleopplæringen, herunder spesialundervisningen, der elever får opplæring utenfor bostedskommunen. Departementet ber høringsinstansene vurdere om det er behov for en tilsvarende påleggshjemmel i den nye loven.»

### 9.3 Høringsinstansane

#### *PP-tenesta og systemretta arbeid*

Eit fleirtal av dei høringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, meiner at PP-tenesta bør assistere dei frittstående skolane i det systemretta arbeidet. *Statens utdanningskontor i Nord-Trøndelag* meiner dette på kort sikt kan skape meirarbeid for PP-tenesta, men at ein innsats her vil redusere behovet for enkeltvedtak om spesialundervisning på lengre sikt, og såleis minske den arbeidsbyrda PP-tenesta har i samband med tildeling av ressursar etter enkeltvedtak. *Statens utdanningskontor i Buskerud* peiker på at målet med PP-tenesta sitt systemretta arbeid er å medverke til å gjere skolen i stand til å gi tilpassa opplæring til alle elevar innanfor den ordinære ressursramma, og at dette er eit arbeid som fremjar inkluderande opplæring for alle elevar.

*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon* peiker på at bistand frå PP-tenesta med systemretta arbeid fører til at det blir vanskeligere for en frittstående skole å flytte elever til en annen skole fordi vedkommende utgjør et problem. For det andre vil det presumptivt føre til at frittstående skoler ikke kan avslå søknader fra elever med særskilte behov med begrunnelse i mangel på kompetanse. Det er imidlertid vanskelig å tenke seg at PP-tjenesten kan utvide sine systemrettede tjenester uten at det tilføres ressurser».

*Utdanningsforbundet* peiker på at

«det ikkje vil gå inn for at den pedagogisk-psykologiske tenesta skal ha ansvar for å assistere private skular i systemretta arbeid som kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med

særlege behov, slik tenesta har i offentleg skule. Her meiner vi at dei private skulane må ta eit sjølvstendig ansvar for gjennomføring av kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for sitt eige personale.»

Andre peiker på at PP-tenesta har avgrensa kapasitet, og at det ikkje er naturleg at den offentlege PP-tenesta skal assistere private skoleeigarar i å utvikle frittstående skolar. Samarbeidet må i så fall baserast på semje, ikkje pålegg. Kommunane *Oslo* og *Kristiansand* meiner at dersom PP-tenesta skal ta del i systemretta arbeid i friskolane, må også kommunane ha ansvar for å føre tilsyn med desse skolane. *Kristiansand* kommune spør om PP-tenesta sitt engasjement skal vere obligatorisk, eller om det skal vere ei betalingsteneste.

#### *Sakkunnig vurdering*

Når det gjeld spørsmålet om kven som skal ha ansvaret for den sakkunnige vurderinga og vedtaket om spesialundervisning, er høringsinstansane delte:

Nærare halvparten av høringsinstansane meiner det er vertskommunen eller vertsfylket som skal stå for den sakkunnige vurderinga. Grunngivinga for dette er vertskommunen sin nærleik til eleven, noko som høringsinstansane meiner gjer han betre skikka til å gjere vurderinga, dessutan at elevane på skolen dermed blir behandla likt – utan omsyn til heimkommune eller heimfylke. Somme instansar set det som eit vilkår at vertskommunen må kunne sende refusjonskrav til heimkommunen.

Den andre halvparten støttar forslaget om at ansvaret for sakkunnig utgreiing skal ligge hos heimkommunen eller heimfylket. Dei meiner mellom anna at dette vil sikre likeverd og lik ressurstildeling for alle elevar som er heimehøyrande i kommunen eller fylket.

*Stavanger kommune* meiner skolen sjølv skal gjere vedtak om spesialundervisning og dekkje kostnadene ved slik opplæring.

#### *Tvil om bustad*

Dei fleste høringsinstansane er einige i at statens utdanningskontor bør avgjere kven som har det økonomiske ansvaret for spesialundervisninga i tilfelle det er tvil om dette.

#### *Ansvar for skolar i utlandet*

Høringsinstansane støttar forslaget om departementet sitt ansvar for skolar i utlandet.



*Diverse*

*Norske Privatskolers Landsforbund* er ueinig i at elevar ved § 2–2 e-skolar ikkje skal ha rett til spesialundervisning.

*NFU (Norsk Forbund for Utviklingshemmede)* støttar departementet sitt forslag, men peiker på at opplæringslova § 5–2 om rett til spesialundervisning for vaksne også må gjerast gjeldande for elevar i den vidaregåande skolen.

## 9.4 Vurderingar og forslag frå departementet

### *Ansvar for den sakkunnige vurderinga:*

Departementet meiner at heimkommunen eller heimfylket, som i dag, bør ha det økonomiske ansvaret for spesialundervisninga. Dette er i samvar med føresegna i opplæringslova.

Departementet meiner det bør komme klart fram i lova om det er heimkommunen/-fylket eller vertskommunen/-fylket som har ansvaret for at det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering. Det kan først argument både for at dette ansvaret bør liggje hos vertskommunen/-fylket, og for at ansvaret bør liggje hos heimkommunen/-fylket.

Følgjande moment taler for å leggje ansvaret for sakkunnig vurdering hos vertskommunen eller vertsfylket:

- dette sikrar likebehandling av elevane på skolen
- vertskommunen/-fylket kan ha større nærleik til skolen enn heimkommunen/-fylket
- ved ei eventuell omlegging av finansieringssystemet til eit system der vertskommunen/-fylket deler ut tilskotet til friskolane, vil ei føresegn om at vertskommunen/-fylket har ansvaret, truleg vere meir i tråd med eit slikt finansieringssystem

Følgjande moment taler for at ansvaret likevel bør liggje hos heimkommunen/-fylket:

- etter gjeldande reglar er det heimkommunen/-fylket som har ansvaret for å oppfylle elevane sin rett til spesialundervisning, det inkluderer å utarbeide ei sakkunnig vurdering. Det same gjeld etter opplæringslova. Dette har departementet foreslått å føre vidare. Det er prinsipielt uheldig om vertskommunen/-fylket skal kunne leggje føringar for kva kostnader heimkommunen/-fylket skal bli påførte
- elevar som bur mellombels i vertskommunen/-fylket, har etter gjeldande reglar rett til PP-tjeneste der. Prinsipielt bør det vere anten heimkommunen/-fylket eller vertskommunen/-fylket som har ansvaret for alle elevane

Departementet viser til dette, og foreslår at heimkommunen eller heimfylket til eleven skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering.

Departementet vil ta inn ei føresegn om at PP-tjenesta skal assistere friskolane i det systemretta arbeidet.

### *Ansvar for spesialundervisning for elevar i utlandet*

Departementet foreslår at departementet skal ha tilsvarende ansvar som kommunen eller fylket når det gjeld spesialundervisning for elevar i norske skolar i utlandet.

*Diverse*

Når det gjeld departementet sitt forslag om at elevar ved skolar som er godkjende etter privatskolelova § 3 bokstav e, jf. § 2–2 bokstav e i lovutkastet, ikkje skal ha rett til spesialundervisning, vil departementet peike på at det finst svært få slike skolar. Det vil derfor kunne vere vanskeleg å finne eit samanlikningsgrunnlag for kva som er tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. vilkåret for spesialundervisning i opplæringslova § 5–1.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er sitert ovanfor.

Departementet viser elles til § 3–6 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 10 Særleg opplæring for elevar frå språklege minoritetar

### 10.1 Gjeldande rett

---

Kommunane har ei plikt til å gi elevar med eit anna morsmål enn norsk og samisk nødvendig særskild norskopplæring, tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring inntil dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen, jf. forskrifta til opplæringslova § 24–1. Det går fram av den same forskrifta at særskild norskopplæring og tospråkleg fagopplæring skal vere tilgjengeleg ved den skolen der eleven går til vanleg, mens morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole. Det siste har samanheng med at morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til det vanlege time-talet i grunnskolen.

Føresegna i forskrifta til opplæringslova § 24–1 gjeld berre grunnskoleelevar i den offentlege skolen, jf. opplæringslova §§ 1–1 og 2–12. Det er ikkje gitt tilsvarande føresegner når det gjeld elevar i offentleg vidaregåande opplæring. Privatskulelova har ikkje reglar om særleg grunnskoleopplæring for elevar frå språklege minoritetar. Dette inneber at elevar i private skolar som er godkjende etter privatskulelova, må søkje om spesialundervisning, sjå nedanfor om § 3–6, dersom dei ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Fleire private skolar har likevel valt å gi eit tilbod om særleg opplæring for språklege minoritetar.

### 10.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

I høyringsbrevet foreslo departementet å gi grunnskoleelevar i friskolane ein tilsvarande rett til nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring som elevane i den offentlege skolen. Departementet argumenterte med at innføring av ein slik rett vil føre til at færre elevar vil ha behov for spesialundervisning.

### 10.3 Høyringsinstansane

---

Høyringsinstansane støttar forslaget om at minoritetsspråklege elevar skal ha tilsvarande rettar som i den offentlege skolen. *Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus* understrekar at særleg språkopplæring ikkje er definert som spesialundervisning. Følgjene av dette har vore at elevar i private skolar ikkje har hatt krav på slik språkopplæring etter privatskulelova. Denne mangelen kan ha auka behovet for spesialundervisning hos desse elevane. Innføring av rett til særleg språkopplæring også for elevar i friskolar vil såleis kunne føre til at spesialundervisninga blir avgrensa til dei elevane lova hadde til formål å omfatte. Enkelte høyringsinstansar peiker på at forslaget inneber auka kostnader for kommunen.

*Norske Privatskolers Landsforbund* støttar forslaget, men er ueinig i at undervisninga skal kunne gjennomførast ved ein annan skole enn den eleven til vanleg går ved. Dei meiner dette kan bety eit unødvendig og uheldig skilje mellom innvandrarak og andre elevar.

*Oslo kommune* meiner det er urimeleg at heimkommunen skal fatte vedtak om dette og bere utgiftene utan å ha tilsynsmyndigheit. Heimkommunen bør få refusjonar frå staten.

*Kommunal- og regionaldepartementet* ønskjer ei nærare berekning før ein tek stilling til i kva grad kommunen bør kompenseras.

### 10.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

*Departementet* viser til høyringsbrevet, og foreslår at det blir lovfesta ein rett i samsvar med høyringsforslaget. Departementet foreslår også at forskrifta til opplæringslova § 24–1 samtidig blir teken inn i opplæringslova § 2–8.

Departementet viser elles til § 3–5 og forslaget til endringar i opplæringslova § 2–8 i lovutkastet, og til dei spesielle merknadene til forslaga.

## 11 Rett til rådgiving

### 11.1 Gjeldande rett

---

Privatskulelova har ingen reglar om rett til rådgiving. Etter Barnekonvensjonen artikkel 28 nr. 1 bokstav d skal staten gjere informasjon og rettleiing om undervisning og fagutdanning tilgjengeleg og oppnåeleg for alle barn. For den offentlege skolen er retten til rådgiving lovfesta i opplæringslova § 9–2.

### 11.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

Departementet foreslo lovfesta rett til rådgiving for elevar i frittstående skolar.

Høyringsbrevet viste til Barnekonvensjonen artikkel 28 nr. 1 bokstav d, som seier at staten skal gjere informasjon og rettleiing om undervisning og fagutdanning tilgjengeleg og oppnåeleg for alle barn.

Dette forslaget har også vore på høyring tidlegare, i samband med høyringsbrev av 14. februar 2001 frå Justisdepartementet om innarbeiding av FNs barnekonvensjon i norsk lovgiving.

### 11.3 Høyringsinstansane

---

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot forslaget.

### 11.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet held fast ved forslaget frå høyringsbrevet og foreslår lovfesta rett til rådgiving for elevar i frittstående skolar. Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er sitert ovanfor. Departementet viser elles til § 3–11 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 12 Skyss

### 12.1 Gjeldande rett

---

Etter privatskulelova § 10 har elevar i private skolar rett til skyss etter dei same reglane som gjeld for elevar i tilsvarende offentlege skolar. Dette inneber mellom anna at skolar som er godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav e, ikkje har rett til skyss. Utgiftene til skyss blir dekte av heimkommunen eller heimfylket. Skyssrettane gjeld likevel berre innanfor eleven sin heimkommune eller heimfylke, jf. forskrifta til privatskulelova § 10.

Etter privatskulelova § 26, tilskotsregel 8, får norske grunnskolar i utlandet statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering.

### 12.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

Departementet foreslo ei føresegn som hovudsakleg fører vidare privatskulelova § 10 med forskrifter, og privatskulelova § 26 tilskotsregel nr. 8 andre og tredje ledd, likevel slik at retten til skyss ikkje gjeld for skolar som er godkjende for å «ha til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skular», jf. privatskulelova § 3 bokstav e og § 2–2 bokstav e i lovforslaget her.

Departementet presiserte at vaksne i opplæringstilbod som er særskilt organiserte for dei, ikkje har rett til skyss. Ei tilsvarende avgrensing gjeld for vaksne i fylkeskommunale tilbod, jf. opplæringslova § 1–1 tredje ledd. Vaksne som er tekne inn som elevar i vanleg vidaregåande opplæring, er omfatta av retten til skyss, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje.

Departementet foreslo også ein eigen forskriftsheimel til føresegna, mellom anna om utrekning av skyssavstand og utgiftsgrunnlaget for skyss og inn-

losjering for norske grunnskolar i utlandet, og om at skyssbehovet til elevane i vidaregåande skolar i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.

### 12.3 Høyringsinstansane

---

Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget om at elevane i frittstående skolar skal ha tilsvarende skyssrettar som elevane i den offentlege skolen. Fleire uttrykkjer likevel uro for auka utgifter.

Ein del høyringsinstansar meiner at sidan det er frivillig å søkje seg til friskole, må foreldra sjølve dekkje utgifter utover skyss til den offentlege skolen der eleven har skoleplass.

Andre peiker på at valfridommen blir redusert ved at retten til skyss berre gjeld innanfor grensa i kommunen eller fylkeskommunen der eleven bur.

*Norske Privatskolers Landsforbund* ønskjer at funksjonshemma elevar i skolar som er godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav e, skal ha rett til skyss.

Kommunane *Alta* og *Oslo* meiner staten må dekkje meirkostnader for skyss som følgjer av foreldra sine egne val, og *Alta* kommune ser for seg statleg meirtilskot til kommunen eller fylkeskommunen, eller at skolen blir ansvarleg for skyssen mot å få refundert kostnadene.

### 12.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

*Departementet* viser til drøftinga i høyringsbrevet og foreslår at gjeldande skyssordning blir ført vidare.

Departementet viser elles til § 3–7 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 13 Helsetilsyn

### 13.1 Gjeldande rett

---

Privatskulelova § 6 gir føresegnene om helsetilsyn i medhald av kommunehelsetenestelova tilsvarende verknad for private skolar. Forskrifta til privatskulelova slår fast at kommunar der private skolar ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta for private skolar i samsvar med forskrift heimla i kommunehelsetenestelova. Kommunane skal også dekke utgiftene for helsetenesta ved private skolar etter dei same reglane som for offentlege skolar.

### 13.2 Høyringsforslaget frå departementet

---

I høyringsbrevet foreslo departementet at privatskulelova § 6 med forskrifter blir ført vidare.

### 13.3 Høyringsinstansane

---

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om dette, sluttar seg til forslaget.

*Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus* peiker på at utanlandsskolane fell utanfor føresegna om helsetilsyn. Utdanningskontoret spør om ein kan gjere godkjende skolar i utlandet ansvarlege for å syte for helsetilsyn sjølve og leggje inn kompensasjon for dette i tilsynsordninga.

### 13.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Spørsmålet om helsetenester for skolar i utlandet reiser fleire ulike problemstillingar. Det kan mellom anna vere nødvendig å greie ut om ein skal stille dei same krava til ei skoledriven helseteneste som til kommunen si skolehelseteneste etter kommunehelsetenestelova.

*Departementet* foreslår at friskolelova får føresegner som tilsvarende gjeldande privatskulelov § 6 med forskrifter. Departementet viser elles til § 3–8 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 14 Personalet i skolen

### 14.1 Skoleleiinga

---

#### 14.1.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 13 skal skolen ha ein dagleg leiar som har både den pedagogiske og den administrative leiinga av skolen.

#### 14.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet å lovfeste eit generelt krav om at kvar skole skal ha ei fagleg, pedagogisk og administrativ leiing, på same måten som i opplæringslova § 9–1 første ledd.

Vidare foreslo departementet at kravet om dagleg leiar blir ført vidare. Departementet viste til at det er formålstenleg at alle skolar har ein person med det daglege ansvaret, slik at både foreldra og offentlege myndigheiter veit kven dei skal vende seg til i ulike samanhengar. Forslaget inneheldt ikkje noko krav om at det er den same personen som må ha både den pedagogiske og den administrative leiinga av skolen. Dispensasjonsføresegna i privatskulelova § 13 andre ledd blei derfor ikkje foreslått vidareført.

#### 14.1.3 Høyringsinstansane

Høyringsinstansane er delte i synet på kva krav som skal stillast til skoleleiinga. Organa for privatskolane støttar departementet sitt forslag. *Forbundet Steinerskolene i Norge* er likevel ueinig i kravet om dagleg leiar, og meiner det er viktig å opne for alternative leiingsformer. Det ønskjer vidareføring av privatskulelova § 13 andre ledd.

Andre instansar er imot departementet sitt forslag. *Statens utdanningskontor i Sør-Trøndelag* meiner «det er lite heldig at skoler drives av et styre som øverste organ som har en leder uten pedagogisk utdanning». Same syn har mellom anna *Elevorganisasjonen, lærarorganisasjonane* og nokre kommunar, som meiner kravet om at skolane skal ha ein rektor med pedagogisk kompetanse, må førast vidare. *LO* meiner pedagogisk utdanning bør vere eit krav, og at dette vil verke kvalitetssikrande. *Landslaget for udelt og fådelt skole* meiner forslaget frå departementet kan få presedens ved ein framtidig revisjon av opplæringslova, og meiner spørsmålet krev ei breiare skolepolitisk drøfting.

Fleire høyringsinstansar meiner omgrepet «forsvarleg leiing» er for upresist, og saknar ei nærare utdjuing av dette i lova eller merknadene til ho.

*Læringssenteret* peiker på at «forsvarleg» kan få eit svært ulikt tolkingsresultat avhengig av kven som les føresegna.

#### 14.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter *departementet* si vurdering bør det vere eit prinsipp at skolane i størst mogleg grad får organisere seg slik dei sjøve finn det formålstenleg. Eit tilsvarende prinsipp er lagt til grunn for kommunane i kommunelova. Eit slikt prinsipp bør derfor også gjelde for frittstående skolar. Det avgjerande må vere at leiinga er forsvarleg. Kva som er ei forsvarleg leiing, må avgjerast ut frå ei konkret vurdering og vil kunne variere både over tid og frå skole til skole. I kravet om forsvarleg leiing ligg mellom anna at elevlar og lærarar må kunne vite kven dei skal vende seg til i ulike samanhengar, og at denne personen eller desse personane må vere tilgjengelege for dei.

Når det gjeld spørsmålet om leiing, legg departementet til grunn stortingsfleirtalet sitt syn i Innst. S. nr. 262 (2001–2002). Fleirtalet understreka mellom anna at det avgjerande må vere om leiargruppa ved skolane *i sum* har både tilstrekkeleg fagkompetanse, pedagogisk kompetanse og leiarkompetanse, medrekna kompetanse i økonomi og personalleiing.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er sitert ovanfor, og foreslår ei føresegn i samsvar med dette.

Departementet viser elles til § 4–1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 14.2 Kompetansekrav for undervisningspersonalet

---

#### 14.2.1 Gjeldande rett

Undervisningspersonalet i private skolar er omfatta av dei same kompetansekrava som undervisningspersonalet i offentlege skolar, og undervisningsper-

sonalet og skoleleiarane ved privatskolane har rett til dei lønns- og arbeidsvilkåra som i tilsvarende offentlege skolar, jf. privatskulelova §§ 14 første ledd og 16 første ledd.

Privatskulelova § 16 første ledd er ikkje til hinder for at personalet godtek dårlegare vilkår, sjå Ot.prp. nr. 58 (1983–1984) s. 39. Privatskulelova §§ 14 første ledd og 16 første ledd gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter § 3 e. Ved slike skolar fastset skolestyret krava til utdanning (dersom departementet ikkje fastset noko anna) og løns- og arbeidsvilkåra, jf. § 16 andre ledd.

Etter privatskulelova er det ikkje høve til verken mellombels eller fast tilsetjing av søkjarar som ikkje fyller krava til kompetanse. Opplæringslova § 10–6 har ei føresegn om at dersom det ikkje er søkjarar som fyller dei fastsette kompetansekrava, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

#### 14.2.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at krava til undervisningspersonalet i privatskulelova § 14 i hovudsak blir førte vidare. Forslaget inneber tilpassing til opplæringslova ved at ein bruker omgrepet «kompetansekrav». Dette omgrepet er vidare i innhald enn omgrepet utdanning, og opnar i prinsippet for at annan kompetanse enn utdanning kan vere relevant. Etter gjeldande krav til kompetanse vil forslaget i hovudsak ikkje innebere realitetsendringar.

Departementet foreslo likevel også at friskolelova får ei føresegn tilsvarende opplæringslova § 10–6, om mellombels tilsetjing der det ikkje er søkjarar som fyller dei fastsette kompetansekrava.

#### 14.2.3 Høyringsinstansane

Fleire instansar gir tilslutning til bruken av uttrykket «kompetansekrav», som erstattar uttrykket «utdanning», som er brukt i privatskulelova. *NHO* meiner det er positivt at departementet i merknadene til forslaget opnar for at annan kompetanse enn utdanning kan vere relevant, og ønskjer at departementet skal arbeide aktivt for at det også i realiteten blir opna for at det kan tilsetjast undervisningspersonale basert på realkompetanse.

*Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus* seier at omgrepet «kompetansekrav» opnar for eit skjøn, som skolane kan bruke på ein slik måte at kompetansekravet blir utvatna. Det ligg, etter utdanningskontoret si meining, eit problem i at skolane ikkje blir pålagde å leggje fram tilsetjingar til

godkjenning, men at undervisningspersonalet sine kvalifikasjonar blir vurderte ved tilsyn. I eit område som Oslo og Akershus vil ein ikkje kunne gjennomføre tilsyn hyppig nok til å gi ei forsvarleg vurdering av skolane sin bruk av dette skjønnet.

*Forbundet Steinerskolene i Norge* meiner skolar med egne læreplanar bør kunne velje å tilsetje lærarar som har føresetnader for å arbeide i ein slik skole. Dei meiner også at det bør opnast for at lærarar med realkompetanse kan tilsetjast, slik at det blir opp til styret å fastsetje krava til kompetanse.

*Norsk Luthersk Misjonssamband og Kristne Friskolers Forbund* ønskjer at det blir presisert, anten i lova eller i merknadene til lova, at friskolane ikkje er bundne til å lyse ut stillingar, jf. at frittstående skolar ikkje kan reknast som forvaltningsorgan etter § 1 i forvaltningslova. Det blir vist til forarbeida i gjeldande lov.

*Kristne Friskolers Forbund* meiner føresegna i arbeidsmiljølova § 55A ikkje er tilfredsstillande, og viser til den sterkare forpliktinga gjennom formålsskravet i gjeldande lov. Forbundet vil ha ei presisering om at til dømes religiøse skolar kan stille særleg krav om tru osv.

Forslaget om å opne for mellombels tilsetjing blir støtta av dei som har uttalt seg om dette.

#### 14.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

For å få samsvar med føresegnene om kompetanse i opplæringslova foreslår *departementet* å bruke omgrepet «kompetansekrav». Dette omgrepet er vidare i innhald enn omgrepet «utdanning» og opnar i prinsippet for at annan kompetanse enn utdanning kan vere relevant. Etter gjeldande krav til kompetanse vil forslaget i hovudsak ikkje innebere realitetsendringar.

Departementet foreslår vidare at ved tilsetjing av undervisningspersonale ved skolar som representerer eit fagleg-pedagogisk alternativ, kan departementet godkjenne alternative kompetansekrav til dei som følgjer av § 10–1 i opplæringslova med forskrift.

For at frittstående skolar skal kunne drive si verksemd i samsvar med deira formål og eigenart, vil dei ofte ha ønske om å setje egne krav til personalet ved skolane. Verken lovforslaget eller den gjeldande privatskulelova har føresegner om dette, fordi det er moglegheita til å stille krav om bestemt livssyn ved tilsetjing er regulert av lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø m.v. § 55A. Då arbeidsmiljølova § 55A blei vedteken, la Stortinget vekt på at omsynet til formåla til institusjonen måtte vernast, og det blei gitt uttrykk for at

verksemdene måtte ha ei romsleg ramme for å vurdere kva stillingar som hadde direkte relevans for å fremje formålet. Ved seinare revisjonar av føresegna er det også presisert at målet med føresegna i § 55A er å fjerne all rimeleg tvil om at politiske, religiøse og kulturelle organisasjonar skal kunne drive si verksemd fullt ut i samsvar med deira eigenart og formål.

Ved tilsetjing i stillingar som har relevans for å fremje formålet til verksemda, kan det etter arbeidsmiljølova § 55A mellom anna leggjast vekt på om søkjaren deler det livssynet eller formålet som verksemda skal fremje, og korleis søkjaren stiller seg til skolen sitt syn på religiøse spørsmål. Det skal gjerast ei konkret vurdering av stillinga, og denne vurderinga bør gjerast av leiinga eller styret for verksemda. Departementet viser elles til at når arbeidstakaren er tilsett i stillinga, vil han eller ho etter alminnelege arbeidsrettslege reglar ha lojalitetsplikt overfor arbeidsgivaren.

Slik departementets ser det, gir føresegna i arbeidsmiljølova § 55A tilstrekkeleg heimel for å sikre at friskolane kan tilsetje personale i samsvar med eigenarten og formålet til den enkelte skolen. Opphevinga av formålsføresegna i privatskulelova § 3 bokstav a gir inga endring av dette. Departementet vil derfor ikkje foreslå noka særskild føresn om dette.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er referert ovanfor.

Departementet viser til § 4–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 14.3 Politiattest

### 14.3.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 10–9 krev at den som skal tilsetjast i skolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, kan ikkje tilsetjast i grunnskolen. Denne føresegna er i privatskulelova § 15 tredje ledd gitt tilsvarende verknad for grunnskolar som er godkjende etter privatskulelova.

### 14.3.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet å føre vidare gjeldande rett, men slik at kravet i opplæringslova § 10–9 blir teke inn i friskolelova.

### 14.3.3 Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane hadde merknader til forslaget.

### 14.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår ei føresegn i samsvar med høyringsforslaget. Departementet viser elles til § 4–3 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 14.4 Lønns- og arbeidsvilkår for undervisningspersonalet

### 14.4.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 16 første ledd har undervisningspersonalet og skoleleiarane ved privatskolane rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarende offentlege skolar. Privatskulelova § 16 første ledd er ikkje til hinder for at personalet godtek dårlegare vilkår, sjå Ot.prp. nr. 58 (1983–1984) s. 39. Privatskulelova § 16 første ledd gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter § 3 e. Ved slike skolar fastset skolestyret lønns- og arbeidsvilkåra, jf. § 16 andre ledd.

### 14.4.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet å føre vidare føresegna i § 16 når det gjeld undervisningspersonalet. I tråd med at departementet også foreslo å opne for at dei frittstående skolane kan ha ein dagleg leiar som ikkje har godkjend lærarutdanning, foreslo departementet å ikkje føre vidare kravet om lønns- og arbeidsvilkår for skoleleiarar. Det blei peikt på at i den utstrekning leiinga ved skolen underviser, vil vedkommande ha krav på lønns- og arbeidsvilkår som resten av undervisningspersonalet.

I tråd med gjeldande rett foreslo departementet at ved skolar som har som formål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved offentlege skolar, jf. privatskulelova § 3 bokstav e, fastset styret lønns- og arbeidsvilkår.

### 14.4.3 Høyringsinstansane

*Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund* er ueinige i at styret fastset lønna til skoleleiarane. Det blir mellom anna peikt på at dette kan skape presens for lønning av leiarane i den offentlege skolen.

*Treider vidaregående skole* spør etter grunn-



vinga for at undervisningspersonalet skal ha rett til same lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarende offentlege skolar, og meiner det må vere opp til styret å avgjere dette, innanfor rammene av norsk lov.

Det same standpunktet har *Norsk Montessoriforbund* og *Forbundet Steinerskolene i Norge*. Desse instansane er ueinige i at forslaget fører vidare gjeldande rett i privatskulelova § 16.

*Norske Privatskolers Landsforbund* er einig i at det bør vere dei same lønns- og pensjonsvilkåra, men meiner arbeidsvilkår og tilsetjingsforhold elles bør bestemast av den enkelte skolen, så lenge det ikkje bryt med gjeldande reglar.

*Kristiansand kommune* meiner det er vanskeleg å sjå på førehand kva følgjene kan bli av at styret skal gjere vedtak om dette.

*Forbundet Steinerskolene i Norge* meiner det bør gjerast synleg i merknadene at Hovudtariffavtalen ikkje gjeld lærarar ved private skolar, jf. Ot.prp. nr. 58 (1984–85).

#### 14.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Spørsmålet om å fastsetje lovføresegner om lønns- og arbeidsvilkår for undervisningspersonalet ved friskolar har fleire sider der ulike omsyn gjer seg gjeldande. På den eine sida har styresmaktene ansvar for at elevane er sikra ei undervisning av tilfredsstillande standard. På den andre sida må dei føresegnene som blir gitt, ikkje vere så restriktive at dei verkar hindrande for skolen i å verke for sitt formål, men må kunne gi grunnlag for fleksible løysingar etter dei varierende forholda ved den enkelte skolen.

Departementet foreslår å føre vidare føresegna i gjeldande privatskolelov § 16. Dette vil sikre rettane til arbeidstakarane samtidig som lova ikkje hindrar fleksible løysingar.

Departementet viser elles til § 4–4 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 15 Styre, elevråd og foreldreråd

### 15.1 Styret

---

#### 15.1.1 Gjeldande rett

Privatskulelova § 17 stiller krav om at kvar skole skal ha eit styre. Styret skal veljast av eigaren, som også fastset kor mange medlemmer og varamedlemmer styret skal ha. Vidare gir føresegna møte- og talerett for representantar for elevrådet, foreldrerådet, lærarane og andre tilsette, kommunen eller fylkeskommunen, dessutan skoleleiaren. For grunnskolar blir det også gitt ein slik rett til ein representant for vertskommunen, og for vidaregåande skolar fylkeskommunen dersom fylkeskommunen yter tilskot til skolen. Dersom ein skole berre får tilskot frå staten, har ein representant for departementet tilsvarande møte- og talerett.

Føresegna opnar for at to eller fleire skolar kan ha felles styre, dersom departementet samtykkjer til dette.

Når styret behandlar saker som har teieplikt, kan styret bestemme at personar som ikkje er myndige, må forlate møtet.

Departementet kan i spesielle tilfelle dispensere frå reglane om møte- og talerett.

#### 15.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet i hovudsak å føre vidare reglane i privatskulelova § 17 første ledd. Føresegna om møterett for representantar som er oppnemnde av departementet, er likevel foreslått teken ut. Då det blir foreslått at tilskotsregel nr. 1, 2 og 3 i privatskulelova § 26 ikkje blir førte vidare, vil det ikkje vere aktuelt med representantar oppnemnde av departementet, sjå forslag til § 6–1.

Vidare foreslo departementet å føre vidare føresegna i privatskulelova § 17 andre ledd om at styret kan bestemme at mindreårige skal forlate lokalet ved behandling av saker med teieplikt, men likevel slik at styret har *plikt* til å syte for at personar som er under 18 år, ikkje er til stades når det blir behandla saker der det er teieplikt *etter lov eller forskrift*.

#### 15.1.3 Høyringsinstansane

*Skolenes landsforbund* og *LO* meiner det bør vere eit absolutt krav at både foreldre og elevar er representerte i styret uavhengig av rådsstrukturen ved skolen.

*Kristiansand kommune* meiner at tilsette og elevar bør ha stemmerett i styret i saker som gjeld dei- ra arbeidsforhold.

*Vefsn kommune* foreslår at vertskommunen blir gitt styreplass med alle rettar.

*Skolenes landsforbund* er imot at departementet skal kunne gi dispensasjon frå kravet om at tilsette, foreldre og elevar skal vere representerte i styret.

#### 15.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner det er viktig med demokratisk representasjon i skolen. På den andre sida vil skolen ha eit rettmessig behov for å verne sin eigenart. Departementet sitt syn er eit resultat av ei jamføring av desse omsyna. Etter departementet si meining er demokratismsynet tilstrekkeleg sikra i og med møteretten i styret, dessutan ved føresegnene om elevråd og foreldreråd.

Å gi vertskommunen stemmerett i skolestyret ville, etter departementet sitt syn, vere eit inngrep i skolen sin fridom som vil vere i strid med føresetnadene i lova.

Departementet foreslår ei føresegn i tråd med forslaget i høyringsbrevet, og viser til drøftinga der, som er referert ovanfor.

Departementet viser elles til § 5–1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 15.2 Styret sine oppgaver

---

#### 15.2.1 Gjeldande rett

Privatskulelova har føresegner om styret sine oppgaver i fleire paragrafar.

Styret er øvste ansvarlege organ ved skolen, jf. §§ 17 og 18 nr. 1. Styret sin rett til å delegere myndigheit til skoleleiaren er avgrensa, jf. § 18 nr. 4. Styret skal sjølv vedta budsjett, reglement og instruksar for skolen, jf. § 18 nr. 2 og 3.

Styret avgjer kva stillingar skolen skal ha forutan den daglege pedagogiske og administrative leiareren, og kva oppgåver desse skal ha, jf. § 13 andre ledd. Vidare skal styret sjølv tilsetje undervisningspersonalet, med unnatak av vikarar for ein del av skoleåret, jf. § 15. Vidare er det styret som skal fastsetje inntaksreglement, jf. § 7 nr. 2, og storleiken på skolepengane, jf. § 27 andre ledd.

### 15.2.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet i hovudsak å føre vidare gjeldande rett. Departementet foreslo å samle reglane om styret sine oppgåver i ei føresegn.

«Departementet foreslår at elevens rett til å oppfylle opplæringsplikten gjennom undervisning i en frittstående skole skal komme direkte til uttrykk i loven, se forslaget til § 3–2 første ledd. Vi foreslår derfor at skolens plikt til å sørge for at elevene som er tatt inn ved skolen, får oppfylt opplæringsretten, kommer direkte til uttrykk i loven. Et tilsvarende forslag har også tidligere vært på høring, se høyringsbrev fra Justisdepartementet om innarbeiding av FNs barnekonvensjon i norsk lovgivning av 14. februar 2001. Det foreslås en plikt for styret til å melde fra til hjemkommunen når elever har langvarige ikke legitimerede fravær fra undervisningen. Forslaget om å gi styret plikt til å gi melding til hjemkommunen har sammenheng med at kommunen har det overordnede ansvaret for å gi grunnskoleopplæring til alle elever som er bosatt i kommunen. Elever som over lengre tid ikke møter frem på skolen, kan anses å ha sluttet ved den frittstående grunnskolen. Frittstående skoler har ikke ansvar for elever som har sluttet ved skolen. For øvrig viser vi til forslag til § 7–5.

Andre ledd punkt 5 og tredje ledd fastsetter at styret må fatte en eventuell avgjørelse om å fremme en sak om flytting og bortvisning, og at denne beslutningen ikke kan delegeres. Dette er avgjørelser som griper sterkt inn i enkeltelevens livssituasjon, og det er derfor rimelig at det besluttes i et organ hvor blant annet representanter fra foreldrene og kommunen kan møte, jf. § 5–1.

Tredje ledd gir styret anledning til å delegerer myndighet i alle andre saker enn de som er nevnt i andre ledd bokstavene a til e. Privatskoleloven gir ikke styret anledning til å delegerer tilsettingsmyndighet og fastsetting av eventuelle instruksjer. Denne begrensningen foreslås ikke videreført. Det er likevel et krav om at denne delegasjonen skal være forsvarlig. Styret er i alle tilfelle ansvarlig for de avgjørelser som tas, enten det skjer i styret eller etter fullmakt.

Privatskoleloven fastsetter også at styret for

skolen skal fastsette reglement og instruksjer for eventuelle internat som er knyttet til skolen. Privatskoleloven og forslag til ny lov om frittstående skoler regulerer ikke internatdrift, og det gis ikke tilskudd til drift av internat. Departementet mener derfor at det må være opp til eieren av internatet å avgjøre hvem som skal fastsette eventuelle reglement og instruksjer for internatet. Bestemmelsen foreslås ikke videreført i loven.»

### 15.2.3 Høyringsinstansane

*Kristne Friskolers Forbund* ønskjer at tilsetjing av pedagogisk personale, søknader om godkjenning eller endringar og avgjering av leiingsform eksplisitt skal gå fram av forslaget sin § 5–2 som styret sine oppgåver. Det same gjeld privatskulelova si føresegn om at styret skal fastsetje reglement og instruksar for eventuelle internat som er knytte til skolen.

*Utdanningsforbundet* er skeptisk til at styret ikkje lenger skal fastsetje reglement og instruksar for internat som er knytte til skolen.

*Forbundet Steinerskolene i Norge* er einig i at styret skal kunne delegerer tilsetjingsmyndigheita.

*Skolenes landsforbund* meiner det er vanskeleg for ein kontrollinstans å verne mot for høg eigendel når styret skal fastsetje leiarlønningane og styret vel kva skole ein skal samanlikne seg med, jf. §§ 6–1 og 6–2 i forslaget.

### 15.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Forslaget frå departementet har som mål å gi eit oversyn over kva oppgåver som er styret sin eiekompetanse, dvs. oppgåver som styret ikkje har høve til å delegerer til skoleleiinga eller andre. *Departementet* har ikkje meint at lista skal kunne lesast som eit uttømmende oversyn over styret sine oppgåver. Det vil etter departementet sitt syn ikkje vere formålstenleg å gi ei liste over dei alminnelege oppgåvene til styret.

Når det gjeld fråsegner i høyringsrunden om reglement for internat, vil departementet peike på at forslaget til friskolelov ikkje regulerer internatdrift. Departementet viser elles til vurderingane i førre avsnitt.

Når det gjeld den refererte fråsegna frå *Skolenes landsforbund*, vil departementet vise til behandlinga av finansieringss spørsmålet under kapittel 16 nedanfor.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er referert ovanfor.

Departementet viser elles til § 5–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 15.3 Elevråd

---

### 15.3.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 19 skal alle vidaregåande skolar ha eit elevråd på minst fem medlemmer med varamedlemmer. Ved grunnskolar skal det vere elevråd på ungdomstrinnet, og det *kan* vere elevråd ved skolar for barnetrinnet når forholda ligg til rette for det.

Etter privatskulelova § 23b kan departementet dispensere frå kravet om elevråd når «særlege grunnar tilseier det».

### 15.3.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsforslaget er det teke inn føresegner som i hovudsak svarer til opplæringslova § 11–2 og § 11–6. Departementet uttalte at forslaget om å utvide kravet om elevråd til å omfatte mellomtrinnet, kvilte på synspunkt om aukande medverknad og ansvar i takt med aukande alder.

### 15.3.3 Høyringsinstansane

*Barneombodet* støttar ikkje at det blir gitt dispensasjonsrett, sidan dette strir mot barnet sin medbestemningsrett etter Barnekonvensjonen artikkel 12. *Utdanningsforbundet* og ein del kommunar sluttar seg til dette.

*Elevorganisasjonen* meiner det bør vere elevråd allereie frå første klasse.

### 15.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Når det gjeld spørsmålet om skolane skal ha elevråd allereie frå første klasse, vil *departementet* vise til at opplæringslova har føresegner om elevråd frå og med femte klasse.

Departementet er einig med høyringsinstansane om at det ikkje skal vere høve til å dispensere frå kravet om elevråd i friskolelova. Departementet foreslår derfor å avvike dispensasjonsretten, slik at friskolelova samsvarer med Barnekonvensjonen.

Departementet foreslår elles ei føresegn i samsvar med høyringsforslaget.

Departementet viser elles til § 5–3 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 15.4 Foreldreråd

---

### 15.4.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 20 skal det vere foreldreråd ved kvar grunnskole. Departementet kan etter privatskulelova § 23b dispensere frå dette kravet når «særlege grunnar tilseier det».

### 15.4.2 Høyringsforslaget frå departementet

Departementet ønskte å føre vidare plikta til å ha foreldreråd. Departementet foreslo at også *oppgåvene* til foreldrerådet blir lovfesta, og grunn gav dette med at eit lovfesta organ bør ha sine overordna oppgåver fastsette i lova. Høyringsforslaget svarte i stor grad til opplæringslova § 11–4.

### 15.4.3 Høyringsinstansane

*Utdanningsforbundet* og ein del *kommunar* meiner at det ikkje bør vere høve til dispensasjon frå kravet om foreldreråd.

### 15.4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

*Departementet* foreslår ei føresegn i tråd med høyringsforslaget, men slik at det ikkje blir gitt høve til dispensasjon frå kravet om foreldreråd.

Departementet viser elles til § 5–4 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 15.5 Andre råd og utval

---

Departementet sitt forslag til lovtekst i høyringsbrevet hadde ikkje føresegner om samarbeidsutval og skoleutval. Dette er ikkje kommentert av høyringsinstansane. Departementet vil la den enkelte skolen stå fritt med omsyn til om han ønskjer å opprette slike utval, og foreslår derfor at friskolelova ikkje regulerer dette.

## 16 Statlege tilskot og skolepengar

### 16.1 Statleg tilskot

#### 16.1.1 Gjeldande rett

Statstilskotet skal bereknast etter privatskulelova § 26. Det blir i hovudsak gitt eit tilskot per elev med utgangspunkt i eit berekna tilskotsgrunnlag. Når ein skal fastsetje tilskotsgrunnlaget, blir samanlikningsgrunnlaget hovudsakleg henta frå dei gjennomsnittlege driftsutgiftene per elev i den offentlege skolen.

Det er ein «tilskotsregel» for kvar type skole, mellom anna for skolar for funksjonshemma og for norske skolar i utlandet. I tillegg gir tilskotsregel nr. 10 departementet heimel til å gi forskrift om tilskot til kompletterande undervisning til EØS-borgarar som er elevar ved utanlandske og internasjonale grunnskolar, og statstilskot til delvis dekning av skolepengar til elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar.

Etter privatskulelova § 27 skal alle offentlege driftstilskot og eventuelle skolepengar komme elevane til gode. Skolane kan ikkje krevje skolepengar som saman med dei offentlege tilskota overstig dei driftsutgiftene som svarer til utgiftsnivået ved tilsvarende offentlege skolar, jf. § 27 tredje ledd.

#### 16.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet å føre vidare føresegnene om at grunnskolar og vidaregåande skolar skal få eit tilskot på 85 prosent av tilskotsgrunnlaget, som omfattar tilsvarende driftsutgifter per elev i offentlege skolar, med unntak av utgifter til skolebygg og til elevane sitt eige ordinære skolemateriell. Forslaget fører også vidare føresegna om at skolar som tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring som ikkje blir gitt i tilsvarende offentlege skolar, får 75 prosent av tilskotsgrunnlaget. Forslaget inneber at tilskotsreglane nr. 4, 6, 7, 8 og 9 i § 26 i privatskulelova blir førte vidare.

Departementet foreslo å avvike dei særlege tilskotsordningane etter privatskulelova § 26 første ledd andre setning og § 26 tilskotsregel nr. 4 bokstav b. Departementet viste til at Stortinget ikkje har løyvd midlar til desse formåla i dei seinare åra, og at eventuelle framtidige tilskot til slike formål kan fastsetjast på vanleg måte ved budsjettvedtak i Stortinget.

Departementet foreslo også å avvike tilskotsreglane nr. 1, 2 og 3 i gjeldande lov. Om tilskotsreglane 1 og 2 uttalte departementet:

«Departementet foreslår at tilskudsregel nr. 1 og 2 avvikes, og at disse skolene innlemmes i forslaget § 6–1, som svarer til dagens tilskudsregel nr. 4 (private vidaregåande skoler) og nr. 7 (private grunnskoler). Bakgrunnen for dette er at tilskudsordningen ikke er tilpasset dagens krav om individuell vurdering av elever som har behov for spesialundervisning.

I opplæringslova § 5–1 heter det: «Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.» Etter forslaget § 3–5 skal denne bestemmelsen også gjelde for elever i frittstående skoler, med unntak av skoler godkjent etter forslaget § 2–2 bokstav e. Det er kommunen eller fylkeskommunen som fatter vedtak om spesialundervisning og dekker utgiftene til slik undervisning. Før et slikt vedtak foreligger, skal det foreligge en sakkyndig vurdering av elevens særlege behov.»

Om avviklinga av tilskotsregel 3 uttalte departementet:

«Departementet foreslår at tilskudsordning 3 avvikes. Tilskudsregel nr. 3 omfatter per i dag to sjøaspirantskoler og Norges byggscole. I dag får skolene under tilskudsregel nr. 3 tilskudd ut fra et godkjent budsjett. Det er imidlertid svært ressurskrevende for departementet å vurdere sjøaspirantskolers budsjett for godkjenning. Driften av disse skolene er så spesiell at det er problematisk å ta stilling til om budsjettene er realistiske, nøkterne etc., uten spesialkompetanse på området. Departementet har ikke anledning til å bygge opp slik kompetanse på et område som er så lite, og tilrår derfor at skolene som i dag ligger under tilskudsregel nr. 3, innlemmes i de vanlige tilskudsordningene, dvs. under tidligere tilskudsregel 4. Forslaget innebærer at disse skolene i likhet med de andre private skolene får tilskudd per elev.»

Departementet foreslo ei overgangsordning på inntil tre år frå det tidspunktet lova trer i kraft for dei skolane som i dag får statsstøtte etter tilskotsreglane 1, 2 og 3. Det blei mellom anna grunnlagt med omsyn til husleigegifter.

Departementet foreslo vidare at skolar som over ein periode på tre år har eit gjennomsnittleg elevtal på mindre enn 15, mistar tilskotet:

«Departementet mener at det ikke er rimelig at staten yter tilskudd til skoler som over lang tid har dårlig søkning. Godkjenningen av skolen vil likevel ikke bli inndratt, og skolen kan derfor få utbetalt tilskudd dersom skolen senere får flere enn 15 elever.»

Departementet opna likevel for å gjere unntak frå denne føresegna i særskilde tilfelle, til dømes for skolar som ligg i griskrendte strøk.

Departementet viste vidare til Sem-erklæringa, der det mellom anna heiter at regjeringa vil innføre eit eige tilskot for kapitalkostnader, og vurdere ein auke av driftstilskotet, og det blei uttalt at regjeringa legg opp til at husleigeutgifter og kapitalkostnader blir tekne med i berekningsgrunnlaget for tilskotet til frittstående grunnskolar og vidaregåande skolar. Høyringsbrevet inneheldt likevel ikkje noko forslag til føresegner om dette, men viste til at tilskotsordningane vil bli behandla i samband med budsjettarbeidet.

Departementet foreslo ein særleg forskriftsheimel til føresegna.

### 16.1.3 Høyringsinstansane

Fleire høyringsinstansar går sterkt imot forslaget om å avvikle tilskotsreglane nr. 1 og 2. Dette gjeld mellom anna *Forbundet Steinerskolene i Norge* og fleire fylkeskommunar.

*Aglo, Høy, Høyen, Seiersborg og Øvrebo vidaregåande skolar* får i dag tilskot etter tilskotsregel 2. Dei har levert ei felles høyringsføresegn til forslaget om å avvikle tilskotsordningane. Desse skolane er medlemmer i *Kristne Friskolers Forbund*. Forbundet har gitt uttrykk for samanfallande synspunkt i si høyringsføresegn.

*Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke*, som eig Krokeide yrkesskole, og *Krokeide yrkesskole* har også levert høyringsføresegner der dei tek klar avstand frå departementet sitt forslag.

Felles for alle desse høyringsinstansane er at dei ønskjer ei ordning med 100 prosent statleg finansiering av driftsutgiftene.

*Statens utdanningskontor i Rogaland* meiner ei avvikling av tilskotsregel nr. 3 vil få store følgjer for sjøaspirantskolane. Dei viser til at

«det er dyrare å drive skole om bord på ein båt enn i eit vanleg skolebygg. Grunngevinga for at desse skolane til no har fått tilskot etter godkjent budsjett, har vore at skolane har behov for å byggje opp kapital over ein 4–5-årsperiode for

å dekkje kostnader til vedlikehald, dokking, klassing, sertifisering etc. I det nye regelverket må det takast omsyn til at desse skolane har andre utgifter enn ordinære vidaregåande skolar, og dei to skolane vi har, bør sikrast «levelege» vilkår.»

*Sørlandet Vg. Sjøaspirantskole* utdjupar dette, og viser til at drifta av eit skoleskip kan variere frå år til år, og at dei somme år kan få ekstra store utgifter som følgje av nye tryggleikskrav og pålegg frå sjøfartsmyndigheitene. Skolen ber departementet om å ta omsyn til dette og eventuelt gi moglegheit for tilleggsøyvingar ved dokumenterte forandringar.

*Rogaland Vg. Sjøaspirantskole* ber primært om at ein held fram med ei tildeling som etter tilskotsregel nr. 3, etter godkjent budsjett, slik at det er drifta og aktivitetsnivået som dannar grunnlaget for tilskotet. Subsidiært ønskjer dei ein eigen sats for vidaregåande sjøaspirantskolar, slik at tilskotet per elev blir så stort at det dekkjer dei reelle kostnadene. Dei viser til at ingen av dei seks satsane tek atterhald for kostnadene med å drive maritim vidaregåande skole frå eit skip. Satsen bør etter deira meining vere på minimum kr 170 000 per elev.

### 16.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til høyringsforslaget, og foreslår at tilskotsregel 1, 2 og 3 blir avvikla. Desse vurderingane ligg til grunn for forslaget:

- tilskudsregel 1 og 2 er ikkje tilpassa dagens krav om individuell vurdering av elevar som har behov for spesialundervisning
- offentlege og private skolar bør i høgare grad behandlast likt
- private skolar bør i høgare grad behandlast likt

Utdannings- og forskningsdepartementet held fast ved dei vurderingane som ligg til grunn for høyringsforslaget, men vil inntil vidare halde oppe ei særleg finansiering av dei 13 skolane som no ligg under tilskotsregel 1, 2 og 3. Forslaget i høyringsbrevet om ei treårig overgangsordning blir etter dette ikkje gjennomført. Desse skolane ligg i dag under tilskotsregel 1, 2 og 3:

#### *Tilskotsreglane 1 og 2*

Aglo opplæringscenter  
Helseped. Steinerskole i Bergen (Skjold)  
Helseped. Steinerskole i Oslo (Hovseter)  
Helseped. Steinerskole på Hedemarken  
Høyen vidaregåande skole  
Krokeide yrkesskole

Øvrebø vidaregåande skole  
Hop vidaregåande skole  
Seiersborg vidaregåande skole  
Soon Sjøskole

### *Tilskotsregel 3*

Norges Byggscole  
Sørlandets Sjøaspirantskole M/S Sjøkurs  
Rogaland Sjøaspirantskole M/S Gann

Departementet vil vidare foreslå at føresegnene i privatskulelova § 26 første ledd andre setning og § 26 tilskotsregel nr. 4 bokstav b blir avvikla, slik det går fram av høyringsbrevet, sjå punkt 16.1.2 ovanfor. Elles vil departementet føre vidare gjeldande tilskotsreglar.

Departementet viser elles til at regjeringa vil betre det økonomiske grunnlaget for friskolane. I Sem-erklæringa heiter det at det skal introduserast eit eige tilskot for kapitalkostnader, og at det må vurderast å auke driftstilskotet til friskolane. Departementet arbeider for tida med finansieringa av grunnopplæringa, og vurderer i samband med det å sende eit forslag om finansiering av friskolane på høyring i løpet av desember 2002.

Departementet viser elles til § 6–1 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

Departementet viser også til punkt 20.3 under økonomiske og administrative følgjer nedanfor.

## **16.2 Skolepengar**

### **16.2.1 Gjeldande rett**

Privatskulelova § 27 tredje ledd har denne ordlyden:

«Skular som tek imot offentlege tilskot som ikkje dekkjer alle driftsutgifter, kan krevja inn skulepengar. Styret fastset storleiken på skulepengane. Skulepengane må ikkje setjast høgare enn det som trengst for saman med statstilskotet å dekkje driftsutgifter som svarar til utgiftsnivået ved tilsvarande offentleg skule som det er naturleg å samanlikne med. Dersom styret fastset høgare skulepengar, trengst godkjenning av departementet.»

Kva som er «driftsutgifter som svarar til utgiftsnivået ved tilsvarande offentleg skule som det er naturleg å samanlikne med», må sjåast i samanheng

med tilskotsføresegnene i privatskulelova § 26, som opererer med ein normalsats for tilskotsgrunnlaget. Satsen byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen. Dette inneber at dersom ein skole får dekt 85 prosent av normalsatsen for det aktuelle skoleslaget, vil skolen kunne krevje inntil 15 prosent av denne normalsatsen i skolepengar.

### **16.2.2 Høyringsforslaget frå departementet**

Departementet foreslo i hovudsak å føre vidare privatskulelova § 27 tredje ledd. Føresegna om at det er styret som fastset storleiken på skolepengane, blei foreslått flytta til føresegna om styret sine oppgåver.

### **16.2.3 Høyringsinstansane**

*Foreldreutvalget for grunnskolen* meiner ein ikkje skal kunne ta skolepengar. *Sarpsborg kommune* meiner høve til å krevje skolepengar bryt med prinsippet om gratis grunnskole, og at det hindrar reell valfridom for alle.

*Norsk Montessoriforbund* ønskjer på den andre sida større fleksibilitet når det gjeld storleiken på skolepengar.

*Elevorganisasjonen* ønskjer ei formulering som gir elevane på friskolane rett til å sjå kva skolepengane blir brukte til. Dei ønskjer også ei klar formulering mot kommersielle friskolar, og at det må lovfestast at friskolar ikkje skal kunne gå med vesentlege overskot.

Somme høyringsinstansar meiner at grensa for skolepengane bør utformast meir presist i lovteksten. Fleire meiner det er uklart kva som er «utgiftsnivået ved tilsvarande offentleg skole».

### **16.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet**

Når det gjeld dei ulike synspunkta om skolepengar, vil dei bli vurderte i departementet sitt igangverande arbeid med finansieringssystemet, jf. punkt 6.1.4 over.

Departementet held fast ved forslaget i høyringsbrevet om at gjeldande føresegner om skolepengar i privatskulelova blir førte vidare. Departementet viser elles til forslaget til § 6–2 og dei spesielle merknadene til føresegna.

## 17 Tilsyn

### 17.1 Tilsynsmyndigheit

---

#### 17.1.1 Gjeldande rett

Private skolar som er godkjende etter privatskulelova, står under tilsyn av statens utdanningskontor. I tillegg står dei private grunnskolane under tilsyn av kommunane. Dette følgjer av privatskulelova § 29. Departementet har gitt Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus myndigheit til å føre tilsyn med norske skolar i utlandet.

#### 17.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

Høyringsforslaget fører i hovudsak vidare reglane i privatskulelova §§ 25 nr. 4 og 29. Departementet foreslo likevel berre å føre vidare det statlege tilsynet, og at myndigheita blir lagd til departementet.

I høyringsbrevet viste departementet til at gjeldande ordning, der både kommunen og statens utdanningskontor skal føre tilsyn med private grunnskolar, fører til uklare forhold når det gjeld så vel tilsynsansvaret som tilsynsplikta. Departementet viste til at det i hovudsak er statens utdanningskontor som reint faktisk har ført tilsyn. Departementet refererte også Smith-utvalet sine fråsegner i NOU 1995:18 *Ny lovgivning om opplæring*:

«Kommunene bør fortsatt ha det primære ansvar for å føre tilsyn med hjemmeundervisning på grunnskolens område. Derimot synes det lite hensiktsmessig å legge tilsynsansvaret overfor private skoler mv. til kommunene eller fylkeskommunene. Deres faglige og administrative kompetanse til å vurdere alternativ pedagogikk o.l. vil ofte være begrenset. Dessuten skal slike skoler på grunnskolenivå bare kunne drives med godkjenning av staten (se kap. 34), og de vil som regel få statlig tilskudd til sin virksomhet. Det vil da være mest tjenlig at staten også står for tilsynet, som blant annet må ta utgangspunkt i de vilkår som gjelder for tildelingen av tilskudd.

På videregående nivå har utdanningskontoret bare plikt til å føre tilsyn med skoler mv. som får statstilskudd. Det synes hensiktsmessig å videreføre denne ordningen. [...]

Selv om ansvaret for å føre tilsyn med private skoler mv. i sin helhet legges til staten, bør

det være mulig å inngå avtaler med kommuner og fylkeskommuner om å forestå tilsyn med private grunnskoler og videregående skoler.»

Departementet viste vidare til at tilsynsansvaret for private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12, er lagt til departementet, jf. opplæringslova § 14–1.

Etter dette foreslo departementet at plikta og ansvaret for å føre tilsyn med frittstående skolar som er godkjende etter privatskulelova, skulle leggjast til departementet. Departementet uttalte samtidig at det tok sikte på å delegerer denne oppgåva til statleg regionalt nivå. Høyringsforslaget fører elles i hovudsak vidare reglane i privatskulelova §§ 25 nr. 4 og 29.

I høyringsforslaget blir det også presisert at departementet skal ha tilgang til skoleanlegg og dokumentasjon i samband med tilsynet. Forslaget er i samsvar med opplæringslova § 14–1 andre ledd.

#### 17.1.3 Høyringsinstansane

Eit klart fleirtal av høyringsinstansane meiner at tilsynet skal vere statleg. Fleire høyringsinstansar, mellom dei *Kommunal- og regionaldepartementet*, peiker likevel på at tilstrekkelege ressursar må settast av, slik at forsvarleg gjennomføring av tilsynet er mogleg.

#### 17.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høyringsbrevet, som er referert under 17.1.2, og foreslår ei føresegn i samsvar med dette.

Departementet viser elles til § 7–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

### 17.2 Sanksjonsmoglegheiter

---

#### 17.2.1 Gjeldande rett

Etter privatskulelova § 25 nr. 4 kan departementet trekkje godkjenninga tilbake dersom skolen ikkje følgjer vilkåra i lova.



### 17.2.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet å føre vidare føresegna om tilbaketrekking av godkjenninga i privatskulelova § 25 nr. 4. I tillegg ønskte departementet å ha høve til å kunne påleggje retting. Forslaget er identisk med § 14–1 tredje ledd i opplæringslova. Departementet foreslo også rett til å halde tilbake tilskotet ved brot på regelverket. Departementet bad i høyringsutkastet særleg om høyringsinstansane sitt syn på om departementet bør ha ein vidare heimel til å sanksjonere mot brot på andre lover enn lov om frittstående skolar, til dømes brot på likestillingslova.

### 17.2.3 Høyringsinstansane

Fleirtalet av instansane ser på det som positivt at ein skal kunne gi pålegg å rette på forhold som står i strid med lova, halde igjen tilskot eller trekkje godkjenninga tilbake dersom vilkåra i lova ikkje blir oppfylte, jf. § 7–2 i forslaget.

*Justisdepartementet* meiner sanksjonsheimelen bør presiserast slik at det er snakk om sanksjonsmoglegheiter berre ved kvalitative brot på vilkåra i lova, til dømes i form av eit krav om alvorlege eller gjentekne brot.

Somme instansar har uttalt at ein bør utvide nedslagsfeltet for forslaget til sanksjonsheimelen i høyringsforslaget til å gjelde brot på alminneleg norsk lovgiving, til dømes likestillingslova.

### 17.2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner det ikkje er nødvendig eller formålstenleg å stille kvalitative vilkår for å gi pålegg om å rette på lovstridige forhold. Eit pålegg inneber ikkje så store følgjer at det blir sett på som nødvendig. Når det gjeld å halde tilbake midlar, verkar slike vilkår rimelegare. Ved spørsmål om å trekkje tilbake godkjenninga er departementet samd i at det bør stillast kvalitative vilkår.

Etter departementet si vurdering vil ei utviding av nedslagsfeltet for sanksjonsheimelen ikkje vere heldig. Ei slik utviding ville bety at ein flyttar seg over på område der ein ikkje kan gå ut frå eller krevje at det statlege tilsynsorganet skal ha det nødvendige oversynet. Resultatet vil dermed fort kunne bli feilaktig rettspraktisering og/eller manglande rettspraktisering.

Departementet vil i staden foreslå at friskolelova inneheld ei plikt for styret til å syte for at skolar godkjende etter lova blir drivne i samsvar med gjeldande lov og forskrifter, jf. forslaget til § 5–2.

Elles viser departementet til drøftinga i høyringsbrevet, som er referert ovanfor.

Departementet viser elles til § 7–2 i lovutkastet og til dei spesielle merknadene til forslaget.

## 18 Ulike føresegner

### 18.1 Opplysningsplikt

---

#### 18.1.1 Gjeldande rett

Privatskulelova har ikkje føresegner om opplysningsplikt. Personalet i den offentlege skolen har opplysningsplikt til barnevernet og sosialtenesta etter opplæringslova høvesvis §§ 15–3 og 15–4.

#### 18.1.2 Høyringsforslaget frå departementet

I høyringsbrevet foreslo departementet at føresegnene om opplysningsplikt til barneverntenesta og sosialtenesta i opplæringslova skulle gjelde tilsvarende for personalet i friskolar.

Departementet la i høyringsbrevet til grunn at lov om barneverntjenester § 6–4 andre ledd også gjeld for private skolar som er godkjende etter privatskulelova, og viste til at dei same omsyna som grunn gir reglane i opplæringslova §§ 15–3 og 15–4, også gjeld i forhold til frittstående skolar. Departementet viste dessutan til at reglane i opplæringslova også omfattar privatskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12.

#### 18.1.3 Høyringsinstansane

*Forbundet Steinerskolene i Norge* er ueinig i at privatskolane har opplysningsplikt etter barnevernte-

nestelova § 6–4. Forbundet viser til at privatskolar ikkje er offentlege organ, og etter deira meining heller ikkje kan seiast å utføre oppgåver på vegner av eit offentleg organ.

#### 18.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at innhaldet i forslaget i høyringsbrevet blir ført vidare. Men departementet finn det formålstenleg å presisere reglane i friskolelova i staden for å vise til opplæringslova.

Departementet viser elles til vurderingane i høyringsbrevet, som er refererte under punkt 18.1.2 ovanfor. Departementet viser også til dei generelle merknadene til §§ 7–4 og 7–5.

### 18.2 Overgangsføresegner

---

Departementet meiner det ikkje er behov for overgangsreglar for skolar som er godkjende etter privatskulelova. Dei endringane som er foreslått, er, etter departementet si vurdering, lite inngripande for dei skolane som allereie er godkjende. Departementet ser likevel at det kan vere behov for ei viss tid til tilpassing for skolar som får tilskot etter privatskulelova § 26 tilskotsreglane 1, 2 og 3. Sjå også forslag til § 6–1 med merknader.

## **19 Endringar i andre lover som følgje av lovforslaget**

Som følgje av lovforslaget foreslår departementet endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1–1 andre ledd og § 2–8. I tillegg foreslår departe-

mentet endringar i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester. Departementet viser til lovforslaget og dei spesielle merknadene, dessutan til punkt 10.4.

## 20 Økonomiske og administrative følger av lovforslaget

### 20.1 Gjeldande ordning

Private grunnskolar og vidaregåande skolar med parallellar i offentleg sektor får eit tilskot per elev basert på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen. Satsen er ein gjennomsnittskostnad for elevar i offentleg skole, rekna ut frå ein statistisk modell utarbeidd av Høybråten-utvalet i 1997 (jf. NOU 1997:16). Tilskotet per elev er det same utan omsyn til i kva kommune den private skolen er etablert, og tilsvarer 85 prosent av gjennomsnittlege driftskostnader i tilsvarande offentlege skolar. Det blir ikkje gitt tilskot til kapitalkostnader.

Gjeldande modell for utrekning av tilskotssatsane til private grunnskolar og vidaregåande skolar er komplisert. Det er sett i gang arbeid med å lage enklare og meir oversiktlege modellar knytte til endringa i rapporteringsrutinane frå kommunane og fylkeskommunane, jf. KOSTRA. Det er eit vilkår at eventuelle endringar i utrekningsmetodane skal vere i tråd med tidlegare politiske vedtak om kva som skal høyre med i tilskotsgrunnlaget.

Per i dag er det totalt 889 elevar i private skolar som får særskild norskopplæring, med 37 668 timar. Det er 445 elevar som får morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring, noko som tilsvarer 18 610 underviste timar. I dag blir det gitt statsstøtte til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring etter ein sats på kr 234 per underviste time. Dersom statsstøtta ikkje dekkjer alle utgifter, må kommunane dekkje den resterande delen av utgiftene ved offentlege skolar, mens private skolar sjølve må dekkje restkostnadene sine.

### 20.2 Økonomiske følger av lovforslaget

Med det gjeldande finansieringssystemet der kommunane sine rammer blir reduserte tilsvarande veksten i talet på elevar i frittstående grunnskolar, er det lagt opp til at veksten i talet på elevar i slike skolar over tid ikkje skal ha makroøkonomiske følger.

Etablering av ein eller fleire frittstående skolar i ein kommune kan i somme tilfelle føre til omfattan-

de og varige endringar i den offentlege skolestrukturen. Dette kan gi kommunen auka kostnader per elev på grunn av færre elevar per klasse, bygningsmessig overkapasitet o.l. Det må likevel vere eit vilkår at kommunane til kvar tid vurderer kva slags skolestruktur som er mest formålstenleg, med omsyn til flytting, bygging av nye bustadfelt osv., i tillegg til eventuelle etableringar av frittstående skolar. Departementet vil også peike på at grunnskolar ikkje har rett til godkjenning der dette vil gi vesentlege negative følger for kommunen, jf. punkt 4.1.4 og forslag til § 2–1.

Etablering av ulike typar frittstående grunnskolar kan, som tidlegare nemnt, vere med på å auke mangfaldet innanfor grunnskoleopplæringa. Målet er at auka mangfald i offentlege og frittstående skolar skal medverke til å heve kvaliteten i både frittstående og offentlege tilbod, samtidig som foreldretten blir sikra. Parallelt med forslaget til ny lov om frittstående skolar arbeider ein med fleire tiltak for å betre rammevilkåra for dei offentlege skolane. Dette skjer mellom anna gjennom moderniseringsprogrammet og fleire kvalitetsprosjekt, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) s. 10–12. Departementet har nyleg sendt ut eit høyringsbrev om lokalt handlingsrom i organisering av grunnopplæringa.

Kommunen og fylkeskommunen er ansvarlege for skyss av elevar ved private grunnskolar, på lik linje med elevar i offentleg skole. Etablering av nye private skolar kan påverke talet på elevar som må skyssast til skolen. Kommunen og fylkeskommunen kan få auka skyssutgifter når elevar vel å gå på private skolar som ligg så langt unna heimstaden at dei har krav på skyss. Men departementet har også erfaring med at offentlege (utkant-)skolar som blir lagde ned, blir førte vidare som private skolar, og i slike tilfelle kan kommunen og fylkeskommunen spare skyssutgifter ved at elevane framleis kan gå på ein skole i nærmiljøet.

### 20.3 Særleg om privatskulelova § 26, tilskotsreglane 1, 2 og 3

Departementet foreslår at tilskotsreglane 1, 2 og 3 i privatskulelova § 26 blir avvikla, sjå forslag til § 6–1.

Under tilskotsreglane 1 og 2 blir det i dag gitt tilskot ut frå to ulike satsar som skal dekkje 100 prosent av driftsutgiftene til undervisning (satsar i 2002: Særleg ressurskrevjande elevar: 315 500 kr per elev, noko ressurskrevjande elevar: 195 380 kr per elev), utan at det ligg føre enkeltvedtak som seier noko om kva behov kvar enkelt elev har.

I dag finansierer kommunane og fylkeskommunane spesialundervisning ved dei private grunnskolorne og vidaregåande skolorne som er godkjende etter privatskulelova, med unntak av skolar godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav e.

I 2002 blir kommunar og fylkeskommunar trekte med 173 800 kr (184 000 kr ved opphald) per elev som går i private skolar under tilskotsreglane 1 og 2. Ved ei innlemming av skolorne under tilskotsreglane 1 og 2 i den ordinære tilskotsføresegna, sjå forslag til § 6–1, vil trekkingen i kommuneramma bli gjort ut frå trekkingsatsen for vanleg undervisning, det vil seie 29 700 kr per elev (i 2002).

Departementet legg opp til at kommunane og fylkeskommunane skal kompensere staten sine mindreutgifter for utgiftene til spesialundervisning for elevar under tilskotsreglane 1 og 2. Det blir lagt til grunn at avviklinga av tilskotsordninga ikkje får makroøkonomiske følgjer.

Avviklinga av tilskotsregel 3 vil ikkje bety noko for økonomien til kommunane.

Utrekninga av normalsatsar per elev for statleg tilskot til dei tre skolorne som i dag ligg under tilskotsregel 3, må ta utgangspunkt i dei budsjetta som er godkjende i dag, i forhold til talet på elevar i dag.

Departementet vil opprette ein eigen post på statsbudsjettet som skal dekkje andre utgifter som desse skolorne i dag får dekt under tilskotsreglane 1, 2 og 3. Endringa vil ikkje føre med seg auka kostnader for staten.

## **20.4 Særleg om innføring av rett til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar**

Kommunane har til no hatt ei mindreutgift ved at elevar i private skolar ikkje legg press på kommunen med særskild norskopplæring osv. Ved innføring av rett til slik opplæring også i private skolar vil kommunane få ansvaret for å dekkje eventuelle utgifter utover det som blir gitt i statleg støtte, også for elevar i private skolar.

## **20.5 Administrative følgjer**

### **20.5.1 Delegering**

Departementet foreslår at avgjerdsmyndet etter lova framleis skal liggje i departementet. Statleg avgjerdsmynde etter opplæringslova er lagt til departementet, og ein bør leggje myndet etter lov om frittstående skolar til same organ som etter opplæringslova.

Når departementet har mynde etter lova, kan departementet delegerere det til eit anna organ, til dømes til statleg regionalt nivå. Innføring av rett til godkjenning av frittstående skolar gjer at ein til skilnad frå i dag ikkje lenger kan leggje vekt på reine politiske omsyn. Etter departementet si vurdering vil dette gjere det aktuelt å delegerere avgjerdsmyndet.

### **20.5.2 Saksbehandling**

Forslaget har ikkje nemnande administrative følgjer i forhold til gjeldande ordning etter privatskulelova. Departementet går ut frå at forslaget kan gi ein viss auke i talet på søknader om godkjenning av nye grunnskolar, og dermed ei auka saksmengd. Samtidig kan forslaget om å innføre rett til godkjenning av frittstående grunnskolar opne for at proseydane knytte til godkjenning vil bli noko enklare.

## 21 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### Kapittel 1 Formålet med og verkeområdet for lova

#### § 1–1 Formålet med lova

*Formålet med denne lova er å medverke til at det kan opprettast og drivast frittstående skolar, mellom anna skolar oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar og skolar oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege.*

*Opplæringa ved skolar som blir godkjende etter lova her, skal ta sikte på:*

- a) å utvikle personlegdommen, talentet og dei mentale og fysiske evnene til elevane,*
- b) å utvikle respekt for menneskerettane, grunnleggjande fridommar og for dei prinsippa som pakta til Dei sameinte nasjonane vernar om,*
- c) å utvikle respekt for foreldra og den kulturelle identiteten, språket og verdiane til eleven, for dei nasjonale verdiane i det landet der eleven bur, og respekt for kulturar som er ulike hans eller hennar eigen,*
- d) å førebu eleven til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling mellom kjønna og venskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper og personar som høyrer til urfolk,*
- e) å fremje respekten for naturmiljøet.*

*Det skal leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim. Alle som er knytte til skolen, skal arbeide for å hindre at elevane kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.*

#### Merknader til § 1–1:

Det første leddet i føresegna er ei vidareføring av formålsføresegna i den nogjeldande privatskulelova § 1. I samband med behandlinga av lov om private skoler uttalte stortingskomiteen blant anna i Innst. O. nr. 53 (1984–1985) at:

«Retten til å skipa skular utanom det offentlege skuleverket er etter fleirtalet si vurdering ein grunnleggjande demokratisk rett. Fleirtalet ser vidare retten til å gje og ta imot undervisning utanfor det offentlege undervisningssystemet som ein menneskerett. Det kan her visast til

FN-konvensjonen av 16. desember 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, artikkel 13 § 3, der retten til å velje undervisning for borna er nedfelt som ein del av foreldreretten. Fleirtalet ser privatskulelova som eit viktig middel til å realisere denne allmenne retten, og fleirtalet konstaterer at ein føresetnad for at denne retten kan bli reell, er at det vert gjeve offentlege tilskot til drifta av private skular.»

Første ledd inneber også at barn skal kunne få ei opplæring som er i samsvar med foreldra si religiøse og moralske overtyding.

Føresegna sitt andre ledd inneber ei synleggjering av Barnekonvensjonen sin artikkel 29 nr. 1. Når det gjeld krav til anna innhald i opplæringa, blir det vist til punkt 2.3 og § 2–3 med merknader.

Føresegna sitt tredje ledd første setning fører vidare føresegnene i privatskulelova § 11 om arbeidsmiljø og samarbeid, men har fått ein ordlyd som tilsvarer opplæringslova § 1–2 sjette ledd første setning. Andre setning samsvarer med opplæringslova § 1–2 sjette ledd andre setning.

#### § 1–2 Verkeområdet

*Lova gjeld godkjenning med rett til offentlig tilskot for frittstående grunnskolar og frittstående skolar som gir vidaregåande opplæring, og vilkår for å få slike tilskot.*

*Frittstående skolar er skolar som er i privat eige, og som blir godkjende etter denne lova.*

*Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av lov av 8. juni 1984 nr. 64 om folkehøgskolar, lov av 28. mai 1976 nr. 35 om voksenopplæring eller skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12. Lova gjeld heller ikkje skolar som blir drivne av politiske grupper eller parti på partipolitisk grunnlag.*

#### Merknader til § 1–2:

Føresegna inneber vidareføring av privatskulelova § 2. I tillegg til at friskolelova ikkje skal gjelde skolar som er omfatta av folkehøgskolelova, voksenopplæringslova eller opplæringslova § 2–12, vil friskolelova heller ikkje omfatte skolar som blir godkjende etter ny lov om fagskoleutdanning.

Med «frittstående skolar» meiner departemen-

tet skolar som er godkjende etter denne lova, og som er i privat eige.

### § 1–3 Definisjonar

*Med heimkommune og heimfylke i denne lova er meint den kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret etter opplæringslova § 13–1 og § 13–3.*

#### Merknader til § 1–3:

Føresegna har særleg relevans for kven som skal ha ansvaret for utgifter til spesialundervisning osv.

## Kapittel 2 Godkjenning med rett til tilskot

### § 2–1 Godkjenning av grunnskolar

*Frittstående grunnskolar som oppfyller dei krava som følgjer av lova, har rett til godkjenning og offentlege tilskot. Den enkelte skolen må gi opplæring på norsk eller samisk.*

*Retten til godkjenning gjeld berre dersom etableringa av skolen ikkje vil medføre vesentlege negative følgjer for vertskommunen. Vertskommunen skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.*

*Retten til godkjenning, jf. første og andre ledd, gjeld ikkje norske frittstående grunnskolar i utlandet og internasjonale frittstående grunnskolar i Noreg. Departementet kan likevel, etter ei samla vurdering, godkjenne slike skolar. Før ein internasjonal frittstående grunnskole blir godkjend, skal vertskommunen gi fråsegn i saka.*

#### Merknader til § 2–1:

Føresegna sitt første ledd inneber at frittstående grunnskolar som oppfyller dei krava som følgjer av lova, har rett til godkjenning og tilskot frå staten. Den lovfesta retten til godkjenning inneber at departementet ikkje kan setje andre vilkår for godkjenning enn dei som følgjer av lova.

Etablering av ein frittstående grunnskole kan føre til endringar i den offentlege skolestrukturen i kommunen. Følgjene for kommunen kan mellom anna vere av økonomisk, organisatorisk eller pedagogisk karakter. Føresegna sitt andre ledd inneber at ein søknad om godkjenning kan bli avvist dersom godkjenninga vil få vesentlege negative følgjer for vertskommunen. Departementet vil presisere at omgrepet «vesentleg» inneber at det skal mykje til før ein søknad om godkjenning vil bli avvist ut frå følgjene for kommunen. Det vil, etter departementet sitt syn, ikkje vere god nok grunn for avslag at kommunen må gjere endringar i det kommunale grunnskoletilbodet. Departementet legg til grunn at slike endringar må gjerast kontinuerleg, mellom

anna på grunn av tilflytting til og utflytting frå kommunen, dessutan flytting innanfor kommunen. Negative følgjer som ikkje er langvarige, vil normalt ikkje bli rekna som vesentlege. Etter departementet sitt syn må det vere mogleg for kommunane å påverke eigen skolestruktur. Endringar i den offentlege skolestrukturen kan vere grunnlagt i omsynet til effektivitet. Om kommunen kan påvise at etableringa av ein friskole på lengre sikt gir ein mykje dyrare offentlig skolestruktur, sjølv om kommunen gjorde naudsynte endringar i det offentlege skoletilbodet, kan dette takast omsyn til ved departementet si behandling av søknaden om godkjenning.

I behandlinga av ein søknad om å etablere ein frittstående skole skal kommunen ha høve til å uttale seg. Dersom departementet skal kunne byggje på fråsegner frå kommunen om dei følgjene godkjenning vil få, må kommunen dokumentere sine påstandar. Departementet har inga sjølvstendig plikt til å skaffe dokumentasjon om følgjene for kommunen. Kommunen kan dokumentere følgjene av godkjenning til dømes ved bruk av befolkningsdata, statistikk, kostnadsberekningar, ulike kommunale planar og annan relevant informasjon. Det må også kunne påvisast at dei negative følgjene vil vere langvarige og monalege. Ideologiske eller reint politiske fråsegner frå kommunane vil ikkje vere tilstrekkelege for å avvise ein søknad om godkjenning av ein frittstående skole.

Dersom føresetnadene for godkjenning blir endra, til dømes ved eigarskifte, søknad om auke av elevtalet eller flytting av skolen, må følgjene for kommunen gjerast greie for på nytt.

Føresegna sitt tredje ledd fører vidare reglane i privatskulelova om godkjenning av norske grunnskolar i utlandet, jf. privatskulelova § 3 bokstav c og § 25 nr. 3 første setning. Føresegna inneber at frittstående skolar i utlandet kan godkjennast, men at lova ikkje gir ein rett til godkjenning. På same måte som etter privatskulelova vil godkjenning utløyse rett til tilskot.

I tillegg opnar føresegna for at internasjonale skolar i Noreg kan godkjennast etter lova. Heller ikkje internasjonale skolar vil ha rett til godkjenning sjølv om vilkåra i lova er oppfylte, men departementet kan godkjenne slike skolar etter ei samla vurdering. I departementet si skjønnsmessige vurdering av om ein internasjonal skole bør godkjennast, vil det særleg vere relevant å vurdere om skolen både prinsipielt og i praksis vil vere open for alle. Dette betyr mellom anna at det ikkje kan stillast andre vilkår for inntak enn dei som gjeld for inntak til offentlege skolar, jf. lovforslaget § 3–1. Vidare vil det innebære at det språket undervisninga skal skje på,

må vere eit språk som flest mogleg av innbyggjarane meistarar, lett kan lære eller likevel skal lære. Engelsk er det einaste obligatoriske framandspråket i norsk grunnskole, og dermed er språket godt eigna til å realisere prinsippet om opne skolar. I tillegg vil undervisning på engelsk også oppfylle nokre av dei måla i engelsk som den offentlege læreplanen fastset. Etter det departementet kjenner til, har dei fleste internasjonale skolane engelsk som undervisningsspråk. Undervisning på engelsk vil derfor vere formålstenleg for elevar som har fått delar av opplæringa si ved ein internasjonal skole i utlandet, eller for elevar som tek sikte på å halde fram skolegangen sin ved ein slik skole i utlandet.

Sjølv om engelsk er det mest vanlege språket ved dei internasjonale skolane i dag, ser departementet at det kan oppstå behov for skolar som har eit anna undervisningsspråk. Føresegna opnar derfor for godkjenning av skolar med ulike undervisningsspråk.

Vidare vil det vere relevant å vurdere om norske styresmakter vil ha ei reell moglegheit til å føre tilsyn med skolen, og om skolen får tilskot frå eit anna land. Departementet vil også krevje at skolen tilbyr norskopplæring.

Godkjenning vil gi rett til tilskot.

#### § 2–2 Godkjenning av vidaregåande skolar

*For å bli godkjend med rett til tilskot etter denne lova må den vidaregåande skolen anten vere:*

- a) *oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar*
- b) *eller oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ,*
- c) *eller oppretta for undervisning av norsk ungdom i utlandet,*
- d) *eller oppretta for å fylle eit kvantitativt undervisningsbehov,*
- e) *eller ha til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar.*

*Vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.*

*Vedkomande departement avgjer i kvart enkelt tilfelle om skolen tilfredsstillar krava etter denne lova, og om skolen etter ei samla vurdering skal godkjennast med rett til tilskot. For skolar som søker godkjenning etter bokstav a eller b, skal det ikkje leggjast ein-sidig vekt på nedgang i elevtalet for fylkeskommunen i den samla vurderinga.*

#### Merknader til § 2–2:

Føresegna fører vidare reglane om godkjenning og rett til tilskot i privatskulelova § 3 og § 25 nr. 2 og 3 når det gjeld vidaregåande skolar. Desse skolane

har ikkje rett til godkjenning slik som grunnskolar etter § 2–1 første ledd.

#### § 2–3 Innhald og vurdering

*Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte.*

*Frittstående grunnskolar skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege grunnskolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 2–1 fyrste ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom.*

*Frittstående vidaregåande skolar godkjende etter § 2–2 bokstav a til d skal gi elevane opplæring i samsvar med den generelle delen av læreplanen og dei fagspesifikke læreplanane for den offentlege skolen. Skolar godkjende etter § 2–2 bokstav a og b kan likevel gjere unntak frå dei offentlege planane der dette er grunnleggjande med formålet til skolen. Frittstående skolar godkjende etter § 2–2 bokstav e skal ha læreplanar som er på nivå med offentleg vidaregåande opplæring.*

*Departementet kan gi forskrifter om vurdering av elevar, klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.*

#### Merknader til § 2–3:

Føresegna sitt første ledd er i hovudsak ei vidareføring av privatskulelova § 4 første ledd.

Etter andre ledd må den frittstående grunnskolen anten følgje læreplanen for den offentlege skolen eller ha læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring. I vurderinga av læreplanane vil hovudpoenget vere at læreplanane sikrar elevane ved den frittstående skolen minst like godt grunnlag for forståing og valfridom med tanke på seinare utdanning og yrkesval. I tillegg vil det vere heilt sentralt at læreplanane gjer ein eventuell overgang frå eit skoleslag til eit anna uproblematisk.

Departementet vil understreke at skolar som ønskjer ein særskild profil, til dømes livssynsmessig eller pedagogisk særpreg, framleis kan utarbeide og få godkjent eigne læreplanar, såframt desse gir elevane ei opplæring som er jamgod med opplæringa etter offentlege læreplanar. Føresegna inneber ingen endringar i den undervisningsfridommen som privatskulelova gir. Desse skolane kan derfor mellom anna framleis søkje om avvik frå L97.

Føresegna sitt tredje ledd er ei lovfesting av departementet sin etablerte praksis. Føresegna inneber derfor ingen endringar i den undervisningsfri-



dommen vidaregåande skolar som er godkjende etter privatskulelova, har i dag.

I føresegna sitt fjerde ledd har departementet heimel for å gi forskrifter om vurdering, klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon. Privatskulelova har ei generell føresegn i § 31 som mellom anna gir heimel til å gi forskrifter om vurdering osv.

## § 2–4 Undervisningsrom, utstyr og skolemiljø

*Undervisningsrom og utstyr skal godkjennast av departementet.*

*Opplæringslova kapittel 9A gjeld også for skolar godkjende etter lova her.*

### Merknader til § 2–4:

Føresegna fører i hovudsak vidare privatskulelova § 5. Føresegna inneber likevel at myndigheita til å godkjenne undervisningsrom og utstyr etter lova skal liggje i departementet. Departementet viser til at statleg avgjerdsmynde etter opplæringslova er lagt til departementet. Departementet tek sikte på å delegere myndigheita til å godkjenne undervisningsrom og utstyr til statleg regionalt nivå.

I den siste setninga i føresegna er det presisert at reglane om skolemiljø i opplæringslova kapittel 9A også gjeld for frittstående skolar.

## Kapittel 3 Elevane

### § 3–1 Inntak av elevar

*Dei frittstående skolane skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar. Dette gjeld òg norske skolar i utlandet og internasjonale skolar i Noreg.*

*Søklarar med rett til opplæring etter opplæringslova skal i alle høve prioriterast føre andre søklarar. Skolane skal ha eit inntaksreglement som viser prioriteringa av søklarar, dersom søkinga er større enn kapasiteten til skolen. Reglementet skal fastsetje ei prioritering ut frå saklege omsyn.*

*Skolen skal ha eit inntaksreglement som ligg innanfor den avgrensinga som følgjer av første og andre ledd. Skolen avgjer i samsvar med reglementet kven av søklarane som skal takast inn.*

*Melding om inntak av elevar i grunnskolar skal sendast til heimkommunen til eleven. Melding om inntak til vidaregåande skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstavane a–d skal sendast til heimfylket til eleven.*

*Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om inntak er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.*

### Merknader til § 3–1:

Føresegna inneber i hovudsak vidareføring av privatskulelova § 7. I motsetning til i privatskulelova er det i andre ledd tydelegare reglar om kva for søklarar som kan prioriterast når det er færre plassar enn søklarar.

Dersom det er oversøking til ein skole, meiner departementet det er naturleg at skolane må prioritere dei som har rett til anten grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring. I den vidare prioriteringa bør skolen kunne prioritere ut frå saklege omsyn, til dømes geografisk nærleik til skolen, søkjaren sine karakterar eller at ein søklar har sysken ved skolen. Det bør, som i dag, også vere høve for ein skole som er ått av ein kyrkjelyd eller eit trussamfunn, å kunne prioritere medlemmer av kyrkjelyden eller samfunnet framfor andre søklarar.

I tredje ledd er det stilt krav om at skolen skal ha inntaksreglement.

*Fjerde ledd* viser til at forvaltningslova gjeld ved vedtak etter føresegna. Aktuelle føresegner i forvaltningslova er særleg kapitla IV–VI om enkeltvedtak og føresegnene om habilitet. Føresegner om teieplikt er gitt i friskolelova § 7–3.

### § 3–2 Rett og plikt til opplæring

*Elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova, oppfyller si plikt til grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2–1.*

*Elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova, nyttar retten sin til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1.*

### Merknader til § 3–2:

Føresegna sitt første ledd presiserer retten for grunnskoleelevar til å oppfylle opplæringsplikta i ein godkjend frittstående skole.

I andre ledd er det presisert at elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova, bruker av retten sin til vidaregåande opplæring.

### § 3–3 Skolegangen

*Ein elev som har fått plass ved ein grunnskole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre opplæringa si ved skolen, så langt skolen er godkjend. Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein grunnskoleelev i særlege tilfelle likevel flyttast til ein offentlig skole i heimkommunen. Før det blir gjort enkeltvedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.*

*Opplæringslova § 2–1 tredje ledd om utsett skoles-*

*tart og tidlegare skolestart, og § 2–1 fjerde ledd om heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta, gjeld tilsvarende for elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.*

*Ein elev som har fått plass ved ein vidaregåande skole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre skoleåret eller vedkomande kurs med mindre eleven kan visast bort, jf. § 3–10.*

*Opplæringslova § 3–1 fjerde ledd om omval gjeld tilsvarende for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Fylkeskommunen gjer vedtak.*

#### *Merknader til § 3–3:*

Føresegna sitt første ledd første setning inneber ei presisering av gjeldande rett. Fleire av dei grunnskolane som er godkjenning etter privatskulelova, har berre godkjenning for klassetrinna 1–4 eller 1–7. Retten til å fullføre opplæringa ved frittstående grunnskolar som har ei avgrensa godkjenning når det gjeld klassetrinn, vil berre gjelde så langt skolen si godkjenning rekk.

Føresegna sitt første ledd andre til femte setning om flytting av elevar er ny i forhold til gjeldande privatskolelov. Reglane er i samsvar med opplæringslova § 8–1 siste ledd. Føresegna inneber at ein elev som er teken inn i ein frittstående grunnskole, i særlege tilfelle kan flyttast til ein annan skole når omsynet til dei andre elevane tilseier det. Andre tiltak må vere utprøvde før det blir gjort vedtak om å flytte eleven. Føresegna kan berre brukast i heilt spesielle unntakstilfelle når åtferda til eleven i alvorleg grad går utover skole- og læresituasjonen for dei andre elevane og det dermed ikkje er forvarleg å gi eleven eit opplæringstilbod ved skolen. Departementet viser til vurderingane som er gjorde i forarbeida til opplæringslova § 8–1 siste ledd, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) og Innst. O. nr. 89 (1999–2000).

Ordlyden i første ledd andre setning inneber at ein elev berre kan flyttast til ein offentleg skole i heimkommunen. Dette er likevel ikkje til hinder for at foreldra til eleven kan samtykke i at eleven blir flytta til ein skole utanfor heimkommunen.

Vedtak om å flytte ein elev til ein annan skole skal gjerast av eleven sin heimkommune, og departementet er klageinstans. Enkeltvedtaket kan klage på av foreldra, eleven og skolen, jf. forvaltningslova § 28.

Føresegna sitt andre ledd inneber ei presisering av gjeldande rett.

Føresegna sitt tredje ledd inneber ei vidareføring av privatskulelova § 8 første ledd.

Føresegna sitt fjerde ledd inneber at opplæringslova § 3–1 fjerde ledd om rett til eit ekstra år ved omval også gjeld for elevar i frittstående vidaregåande skolar. Føresegna vil mellom anna ha ein del å seie for om ein elev har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje.

#### *§ 3–4 Tilpassa opplæring*

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.*

#### *Merknader til § 3–4:*

Føresegna er i samsvar med opplæringslova § 1–2 femte ledd. Departementet viser til dei vurderingane som er gjorde i forarbeida til opplæringslova, Ot.prp. nr. 46 (1997–1998).

#### *§ 3–5 Særleg opplæring for elevar frå språklege minoritetar*

*Elevar ved grunnskolar godkjende etter denne lova som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, har rett til nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Heimkommunen til eleven gjer vedtak og dekkjer utgiftene til slik opplæring. Departementet er klageinstans.*

*Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal skolen og kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

#### *Merknader til § 3–5:*

Føresegna inneber at elevar med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Føresegna er i samsvar med det som gjeld for elevar frå språklege minoritetar i den offentlege skolen, jf. forskrifta til opplæringslova § 24–1. Føresegna i § 24–1 i forskrifta er foreslått lovfesta, sjå dei generelle merknadene under punkt 10.1.4.

Særskild norskopplæring og tospråkleg fagopplæring skal tilbydast ved den skolen eleven går på til vanleg, mens morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole. Det siste har samanheng med at morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til det vanlege timetalet i grunnskolen.

**§ 3–6 Spesialundervisning og PP-tenesta**

*Opplæringslova § 5–1 om rett til spesialundervisning, § 5–3 om sakkunnig vurdering, § 5–4 om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning og § 5–5 om unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa gjeld tilsvarande.*

*Heimkommunen eller heimfylket til eleven, jf. § 1–3, sørgjer for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering, gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene til slik opplæring. I tvilstilfelle avgjer departementet kven som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet.*

*Departementet kan gi forskrift om gjennomføring av reglane om spesialundervisning.*

*Departementet er klageinstans for klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om spesialundervisning.*

*Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, og opplæringstilbod som er spesielt organiserte for vaksne.*

*Den pedagogisk-psykologiske tenesta i vertskommunen skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje bette til rette for elevar med særlege behov.*

**Merknader til § 3–6:**

Føresegna fører i hovudsak vidare privatskulelova § 9 med forskrifter.

Etter føresegna sitt første ledd gjeld opplæringslova §§ 5–1, 5–3, 5–4 og 5–5 tilsvarande for frittstående skolar.

I andre ledd er det presisert at det er heimkommunen eller heimfylket til elevane som skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering. Heimkommunen eller heimfylket gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene. Føresegna er ikkje til hinder for at heimkommunen og vertskommunen gjer avtalar om korleis reglane kan praktisert best mogleg. Til dømes kan det vere formålstenleg at vertskommunen utarbeider den sakkunnige vurderinga og krev refusjon frå heimkommunen for utgiftene. I somme tilfelle kan det vere tvil om kva kommune eller kva fylke som er eleven sin heimkommune eller heimfylke. Føresegna i andre ledd andre setning er heimel for departementet til å avgjere konkrete tvilstilfelle.

Departementet har etter føresegna tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet. Dette inneber inga endring i forhold til praksisen i dag.

I tredje ledd har departementet heimel til å gi forskrift om gjennomføring av reglane om spesialundervisning.

I femte ledd er det presisert at elevar i skolar godkjende etter § 2–2 ikkje har rett til spesialundervisning. Den same avgrensinga gjeld også vaksne i opplæringstilbod som er særskilt organiserte for dei, jf. opplæringslova § 1–1 tredje ledd. Vaksne som er tekne inn til vanleg vidaregåande opplæring som elevar, er omfatta av retten til spesialundervisning uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje.

Føresegna sitt sjetste ledd inneber at vertskommunen si PP-teneste skal hjelpe til i det systemretta arbeidet. Føresegna er i samsvar med opplæringslova § 5–6 andre ledd første setning.

**§ 3–7 Skyss m.m.**

*Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7–1 første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7–2 første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7–3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7–4 om reisefølgje og tilsyn. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i frittstående grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur. For elevar i frittstående vidaregåande skolar gjeld retten til skyss, reisefølgje og tilsyn berre innanfor fylkeskommunegrensa i den fylkeskommunen der eleven bur.*

*Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjer vedtak om skyss, og dekkjer utgifter etter reglane i opplæringslova § 13–4. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen. Fylkeskommunen er klageinstans ved klage på vedtak om skyss i vidaregåande skolar.*

*Norske grunnskolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering for elevane. Departementet kan gi forskrifter om utrekning av skyssavstanden og utgiftsgrunnlaget for skyss og innlosjering.*

*Departementet kan gi forskrifter om skoleskyss og skyssgodtgjersle, og om at skyssbehovet til elevane i vidaregåande skolar i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.*

*Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje i skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, og opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne.*

**Merknader til § 3–7:**

Føresegna inneber vidareføring av privatskulelova § 10 med forskrifter, og privatskulelova § 26 tilskotsregel nr. 8 andre og tredje ledd.

Føresegna gir, med visse unntak, rett til skyss innanfor heimkommunen for grunnskoleelevar, og innanfor heimfylket for elevar i den vidaregåande skolen. Dersom eleven går på skole i ein annan

kommune eller eit anna fylke, gjeld altså skyssretten til kommunegrensa.

Retten til skyss gjeld ikkje vaksne i opplærings-tilbod som er særskilt organiserte for dei. Ei tilsvarende avgrensing gjeld for vaksne i fylkeskommunale tilbod, jf. opplæringslova § 1–1 tredje ledd. Vaksne som er tekne inn som elevar i vanleg vidaregåande opplæring, er omfatta av retten til skyss, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje.

Retten til skyss gjeld heller ikkje elevar i skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e.

### § 3–8 Helsetilsyn

*Forskrift gitt i medhald av lov 19. november 1982 nr. 66 om helsetenesta i kommunane § 1–3 fjerde ledd gjeld for elevar i frittstående skolar. Kommunen der skolen ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta i samsvar med gjeldande lov. Kommunane skal dekkje utgifter for helsetenesta ved frittstående skolar etter same reglar som for offentlege skolar.*

#### Merknader til § 3–8:

Føresegna vidarefører privatskulelova § 6 med forskrifter. Elles viser ein til dei generelle merknadene i punkt 13.

### § 3–9 Ordensreglement og liknande

*Kvar skole skal ha eit reglement med reglar om elevane sine rettar og plikter så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtfærd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.*

*Reglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.*

#### Merknader til § 3–9:

*Første ledd slår fast at skolen skal ha eit ordensreglement eller anna reglement som inneheld elevane sine rettar og plikter. Føresegna svarer til opplæringslova §§ 2–9 og 3–7, og vidarefører innhaldsmessig privatskulelova § 11.*

Reglementet skal innehalde reglar om åtfærd og kva som kan skje når desse blir brotne. Ut frå omsynet til føreseielegheit og rettstryggleik skal reglementet beskrive dei tiltaka som skolen ønskjer å

bruke dersom elevane bryt reglementet. Skolen kan ikkje bruke andre tiltak enn dei som følgjer av reglementet eller av sjølve lova. Av omsyn til elevane sin rettstryggleik skal også skolen sin framgangsmåte i slike saker gå fram av reglementet.

Etter *andre ledd* skal ordensreglementet gjerast kjent for elevane og foreldra. Det går direkte fram av føresegna at eleven skal få høve til å forklare seg munnleg før det blir teke avgjerd om refsing, og at fysisk refsing eller anna krenkjande behandling ikkje må brukast. Føresegna er ei naturleg følge av artikkel 28 nr. 2 i Barnekonvensjonen, som seier at partane skal gjere alle nødvendige tiltak for at disiplinen på skolen blir ført på ein måte som er i samsvar med menneskeverdet til barnet.

Ein må praktisere regelen ulikt etter om det er tale om meir alvorlege regelbrot og refsingstiltak eller mindre alvorlege forhold. Regelen krev såleis ikkje nokon omstendelig prosedyre før ei munnleg irettesetjing frå læraren. Men det er ein føresetnad at hovudprinsippet om retten for eleven til å forklare seg er sikra gjennom den utvekslinga av synspunkt og påstandar som i regelen finn stad før ei munnleg irettesetjing.

### § 3–10 Bortvising av elevar og tap av rettar

*Skolen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga. På klassetrinna 1–7 kan elevar visast bort for enkelttimar eller for resten av dagen, og på klassetrinna 8–10 kan elevar visast bort i inntil tre dagar. Elevar i vidaregåande opplæring kan visast bort i inntil fem dagar. Den daglege leiaren av skolen vedtek sjølv bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Foreldra til elevar på klassetrinna 1–7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

*Når ein elev i vidaregåande skole vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven etter vedtak av fylkeskommunen visast bort frå resten av det kurset eleven er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av lengda på kurset kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1. Fylkeskommunen kan ikkje overlata til skolen å gjere vedtak etter leddet her om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring.*

*Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.*

*Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om bortvising og tap av retten til vida-*

*regående opplæring er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.*

#### *Merknader til § 3–10:*

Føresegna svarer i det vesentlege til opplæringslova §§ 2–10 og 3–8. Føresegna fører hovudsakleg vidare regelen i privatskulelova § 12, men gjeld i motsetning til denne også for skolar som «har til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skular», jf. § 2–2 bokstav e.

*Første ledd* gjeld bortvising med avgrensa tidslengd, der den daglege leiaren har avgjerdsmyndet.

*Andre ledd* tek for seg bortvising frå resten av kurset og tap av retten til vidaregåande opplæring. Avgjerdsmyndigheita her er fylkeskommunen. Då det her er snakk om alvorlege inngrep i eleven sine rettar, har ikkje fylkeskommunen høve til å delegerer dette avgjerdsmyndet til skolen.

*Tredje ledd* avgjer at skolen eller fylkeskommunen skal vurdere andre tiltak før han gjer vedtak om bortvising eller tap av rettar.

*Fjerde ledd* viser til at forvaltningslova gjeld ved vedtak etter føresegna. Etter departementet si vurdering er det i utgangspunktet berre avgjersler om bortvising for ein eller fleire dagar som er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Aktuelle føresegner i forvaltningslova er særleg kapitla IV–VI om enkeltvedtak og føresegnene om habilitet. Føresegner om teieplikt er gitt i friskolelova § 7–3.

#### *3–11 Rådgiving*

*Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet kan gi nærare forskrifter.*

#### *Merknader til § 3–11:*

Føresegna er ny i friskolelova, og svarer til opplæringslova § 9–2. Føresegna byggjer på Barnekonvensjonen artikkel 28 nr. 1 bokstav d om at informasjon og rettleiing om undervisning og fagutdanning skal gjerast tilgjengeleg og oppnåeleg for alle barn.

#### *§ 3–12 Fritak frå religiøse aktivitetar m.m.*

*Opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd om fritak frå religiøse aktivitetar m.m. gjeld tilsvarande for elevar i grunnskolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå religiøse aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i grunnskolar som er oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar.*

*Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om fritak frå religiøse aktivitetar m.m.*

*er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.*

#### *Merknader til § 3–12:*

Føresegna er ny i friskolelova.

*Første ledd* viser til opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd, som har føresegner om fritak frå dei delane av undervisninga som eleven eller foreldra ut frå eigen religion opplever som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn.

Retten til fritak gjeld ikkje for elevar i frittstående grunnskolar som byggjer på eit religiøst og/eller etisk grunnlag.

*Andre ledd* viser til at forvaltningslova gjeld ved vedtak etter føresegna.

#### *§ 3–13 Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa*

*Når det er forsvarleg, kan skolen etter søknad gi den enkelte eleven i grunnskolen permisjon i inntil to veker.*

#### *Merknader til § 3–13:*

Føresegna svarer til opplæringslova § 2–11 første ledd. Det er ikkje lov å gi permisjon utover to veker om gongen.

Om det er forsvarleg å gi eleven permisjon, må vurderast konkret ut frå eleven sitt faglege nivå og hennar eller hans moglegheit til å ta igjen den tapte opplæringa.

Ein permisjon som er gitt, kortar ned retten for eleven til grunnskoleopplæring tilsvarande.

## **Kapittel 4 Personalet i skolen**

### *§ 4–1 Leiing*

*Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.*

*Skolen ha ein dagleg leiar.*

#### *Merknader til § 4–1:*

*Første ledd* slår fast at kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Føresegna svarer til opplæringslova § 9–1 første ledd. Kva som er ei forsvarleg leiing, må avgjerast ut frå ei konkret vurdering og vil kunne variere både over tid og frå skole til skole. Det er prinsipielt ikkje noko til hinder for at den fagleg-pedagogiske og den administrative leiinga blir delt mellom fleire personar.

*Andre ledd* fører vidare kravet om dagleg leiar i privatskulelova § 13. Den daglege leiaren skal ha

det daglege ansvaret, slik at både foreldra og offentlege styresmakter veit kven dei skal kontakte i ulike samanhengar. Den daglege leiaren treng ikkje absolutt ha både den pedagogiske og administrative leiinga av skolen.

#### § 4–2 Kompetansekrav til undervisningspersonalet

*For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter lova her, gjeld dei kompetansekrava som følgjer av § 10–1 i opplæringslova, med tilhøyrande forskrift.*

*For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, fastset styret krav til kompetanse, dersom departementet i det einskilde tilfellet ikkje fastset noko anna.*

*Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava etter første og andre ledd, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.*

*Ved tilsetjing av undervisningspersonale ved skolar som representerer eit fagleg-pedagogisk alternativ, kan departementet også godkjenne alternative kompetansekrav til dei som følgjer av § 10–1 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.*

#### Merknader til § 4–2:

Første og andre ledd fører i hovudsak vidare privatskulelova § 14. Omgrepet «kompetansekrav» er henta frå opplæringslova. Det er innholdsmessig vidare enn omgrepet utdanning, og opnar i prinsippet for at annan kompetanse enn utdanning kan vere relevant. Etter gjeldande krav til kompetanse vil forslaget i hovudsak ikkje innebere realitetsendringar.

Tredje ledd svarer til opplæringslova § 10–6, og er ny i forhold til gjeldande privatskulelov. Føresegna gjer det mogleg å mellombels tilsetje søkjarar som ikkje fyller dei fastsette krava til kompetanse, der slike søkjarar ikkje finst. Personar som ikkje oppfyller kompetansekrava, kan maksimalt tilsetjast for eit skoleår om gongen.

Ein viser elles til dei generelle merknadene under 14.2.4 framfor.

Når det gjeld forholdet til arbeidsmiljølova § 55A, viser ein til vurderingane under punkt 14.2.4.

#### § 4–3 Krav om politiattest

*Den som skal tilsetjast i ein grunnskole godkjend etter lova her, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, kan ikkje bli tilsette.*

*Styret kan krevje politiattest etter første ledd også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen.*

*Departementet kan gi nærare forskrifter.*

#### Merknader til § 4–3:

Forslaget til § 4–3 er ei vidareføring av privatskulelova § 15 tredje ledd, og svarer til opplæringslova § 10–9.

Regelen gjeld alle som skal tilsetjast i grunnskolen, både fast og mellombels personell og både administrativt personell, undervisningspersonell og andre som skal arbeide i skolen. Regelen gjeld også for personell som etter denne lova gir pedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, og som er tilsett i grunnskolen.

Politiattesten skal berre vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for «seksuelle overgrep mot barn». Eventuelle andre lovbrøt skal ikkje gå fram av politiattesten.

Når det blir innhenta politiattest, vil det i tilsetjingssaka sjølv sagt vere relevant å leggje vekt på opplysningane i attesten. Dette må også gjelde i dei tilfella der alternativet er å tilsetje mellombels i medhald av reglane i § 4–2 tredje ledd.

Etter andre ledd kan skolestyret krevje politiattest også av andre personar som regelmessig oppheld seg i skolen. Dette kan til dømes vere personar som er knytte til skolefritidsordninga.

#### § 4–4 Lønns- og arbeidsvilkår

*Ved skolar som er godkjende etter denne lova, skal undervisningspersonalet ha rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarande offentlege skolar. Ved skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, fastset styret lønns- og arbeidsvilkår.*

#### Merknader til § 4–4:

Føresegna fører vidare privatskulelova § 16 når det gjeld undervisningspersonalet. Det er då også berre undervisningspersonalet som har rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarande offentlege skolar. For leiinga kan styret fastsetje andre lønns- og arbeidsvilkår. Dette heng saman med at § 4–1 opnar for at dei frittstående skolane kan ha ein dagleg leiar som ikkje har godkjend lærarutdanning. I det mon leiinga ved skolen underviser, vil vedkommande ha krav på lønns- og arbeidsvilkår som resten av undervisningspersonalet.

Skolar som er godkjende etter privatskulelova § 3 bokstav e, står fritt til å utforme lønns- og arbeidsvilkår for personalet.

## Kapittel 5 Styrings- og rådsorgan

### § 5–1 Styret

*Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Styret er valt av eigaren, som fastset kor mange medlemmer og varamedlemmer styret skal ha. Med samtykke frå departementet kan to eller fleire skolar ha sams styre. Rett til å vere til stades på møter i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen har:*

- a) *ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld skolar godkjende etter § 2–2 bokstavane a til d,*
- b) *ein representant for elevrådet ved skolar som har slikt råd,*
- c) *ein representant frå foreldrerådet ved skolar som har slikt råd,*
- d) *ein representant for lærarane ved skolen,*
- e) *ein representant for andre tilsette ved skolen,*
- f) *dagleg leiar av skolen.*

*Departementet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå bokstavane a til f.*

*Ved handsaming av saker der det gjeld teieplikt etter lov og forskrift, skal styret sørgje for at personar med møterett som er under aldersgrensa for å vere myndige, må forlate møtet.*

#### Merknader til § 5–1:

Første ledd slår fast at kvar skole skal ha ei styre som øvste organ.

Skolestyret skal veljast av eigaren, men vil like fullt vere eit sjølvstendig rettssubjekt i forhold til denne. Dersom skolen er ått av ei stifting eller eit aksjeselskap, er det såleis viktig at styret for skolen ikkje blir forveksla med styret for stiftinga eller aksjeselskapet. Derimot er det ikkje noko i vegen for at dei same representantane som sit i styret for stiftinga eller aksjeselskapet, også sit i styret for skolen.

Etter andre punktum i første ledd kan departementet gi samtykke til at to eller fleire skolar har felles styre.

Føresegna listar også opp kva representantar som har rett til å vere til stades på styremøte, til å seie si meining og få ho protokollført. For at møteretten skal vere reell, må dei som kan vere til stades, få innkalling til møta. Etter siste punktum i første ledd kan departementet i «særskilde tilfelle» dispensere frå kravet om representasjon. Det skal truleg mykje til før det kan vere tale om eit «særskilt tilfelle».

Med unntak av siste setning under bokstav a in-

neber forslaget i første ledd ei vidareføring av privatskulelova § 17 første ledd. Ettersom tilskotsreglane nr. 1, 2 og 3 i privatskulelova § 26 ikkje er førte vidare, vil det ikkje vere aktuelt med representantar oppnemnde av departementet, sjå § 6–1.

*Andre ledd* i forslaget gir styret plikt til å syte for at personar som er under 18 år, ikkje er til stades når det blir behandla saker der det er teieplikt etter lov eller forskrift. Teieplikta kan vere heimla i ulike lover eller forskrifter, alt etter kva saker det dreier seg om. Føresegna omfattar ikkje eventuell avtalefesta teieplikt.

Når representantar for undervisningspersonalet er medlemmer av styret, følgjer det etter departementet si vurdering av god saksbehandlingsskikk at dei ikkje tek del ved saker som gjeld dei sjølve eller stillinga deira.

### § 5–2 Styret sine oppgåver

*Styret har den øvste leiinga av skolen og skal sjå til at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.*

*Styret skal:*

- a) *sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som blir tekne inn ved skolen, får oppfylt retten til grunnskoleopplæring, og melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn,*
- b) *fastsetje storleiken på skolepengane,*
- c) *vedta skolen sitt budsjett og ha ansvar for rekneskapen,*
- d) *fastsetje inntaks- og ordensreglement for skolen,*
- e) *fremje saker om flytting etter § 3–3 første ledd og bortvising etter § 3–10 andre ledd.*

*I andre saker enn dei som følgjer av andre ledd, kan styret delegere avgjerdsretten.*

#### Merknader til § 5–2:

Føresegna fører i hovudsak vidare gjeldande rett, og samlar opp i ei føresegn dei styreoppgåvene som var plasserte i ulike paragrafar i privatskulelova.

Styret er skolen sitt øvste organ, og har det overordna ansvaret for drifta av skolen. Styret er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

*Andre ledd bokstav a til e* gir styret ulike oppgåver. Desse kan ikkje delegerast til skolen sin administrasjon eller andre, sjå *tredje ledd*.

*I andre ledd bokstav a* blir styret gitt ansvaret for at elevane får oppfylt retten dei har til grunnskoleopplæring. Skolestyret har også ansvaret for at fo-

reldra og heimkommunen blir varsla dersom eleven ikkje oppfyller si *plikt* til grunnskoleopplæring. Plikta for styret til å melde frå til heimkommunen når elevar har langvarige, ikkje legitimerede fråvær frå undervisninga, har samanheng med at kommunen har det overordna ansvaret for å gi grunnskoleopplæring til alle elevar som er busette i kommunen. Elevar som over lengre tid ikkje møter fram på skolen, kan reknast som å ha slutta ved den frittstående grunnskolen. Frittstående skolar har ikkje ansvar for elevar som har slutta ved skolen. Elles viser ein til merknadene til § 7–6.

*Andre ledd punkt e* fastset at det er styret som fremjar ei eventuell sak om flytting og bortvising. Etter *tredje ledd* kan denne avgjersla ikkje delegerast. Dette er avgjersler som grip sterkt inn i livssituasjonen til enkeltelevar, og det er derfor rimeleg at det blir bestemt i eit organ der mellom anna representantar frå foreldra og kommunen kan møte, jf. § 5–1.

*Tredje ledd* gir styret høve til å delegere myndighet i alle andre saker enn dei som er nemnde i andre ledd bokstavane a til e. I motsetning til tidlegare rett har styret høve til å delegere tilsetjingsmyndighet og fastsetjing av eventuelle instruksar. Det er likevel eit krav om at denne delegasjonen skal vere forsvarleg. Styret er i alle tilfelle ansvarleg for dei avgjersler som blir tekne, anten det skjer i styret eller etter fullmakt.

Friskolelova regulerer ikkje internatdrift. Dersom skolen har internat, er det opp til eigaren av internatet å avgjere kven som skal fastsetje eventuelle reglement og instruksar for internatet.

### § 5–3 Elevråd

*Ved grunnskolar skal det vere elevråd for klassetrinna 5–10 med ein representant for kvar klasse. Alle vidaregåande skolar skal ha eit elevråd på minst 5 medlemmer med varamedlemmer.*

*Elevrådet blir valt av elevane ved skriftleg røysing. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.*

*Elevrådet skal blant anna fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape eit godt lærings- og skolemiljø.*

#### Merknader til § 5–3:

Føresegna svarer i hovudsak til opplæringslova § 11–2 og § 11–6. Det nye i friskolelova er at kravet til elevråd også skal omfatte mellomtrinnet.

Skolen avgjer om det skal vere eit felles elevråd ved skolen, eller om det skal vere eitt elevråd for mellomtrinnet og eitt elevråd for ungdomstrinnet.

Andre relevante føresegner for elevrådet er § 2–4, som viser til opplæringslova kapittel 9a om skolemiljøet og § 5–1 om styret.

### § 5–4 Foreldreråd

*Ved kvar grunnskole skal det vere foreldreråd, der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer. Foreldrerådet kan velje eit arbeidsutval.*

*Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.*

#### Merknad til § 5–4:

Føresegna svarer i stor grad til opplæringslova § 11–4.

Andre relevante føresegner for foreldrerådet er § 2–4, som viser til opplæringslova kapittel 9a om skolemiljøet og § 5–1 om styret.

## Kapittel 6 Offentlege tilskot og skolepengar

### § 6–1 Offentlege tilskot

*Frittstående skolar som er godkjende etter § 2–1 eller § 2–2, får offentleg tilskot etter reglane i denne paragrafen.*

- 1) *For vidaregåande skolar som kan godkjennast etter § 2–2 bokstav a, b eller d, blir 85 prosent av dei utgiftene som kjem inn under tilskotsgrunnlaget, dekte ved statstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein normalsats. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege vidaregåande skolen leggjast til grunn.*
- 2) *For vidaregåande skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, blir 75 prosent av dei driftsutgiftene som kjem inn under tilskotsgrunnlaget, dekte ved statstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein normalsats. Føresetnaden er at elevane får undervisning som minst svarer til eit halvt skoleår. Departementet kan gi nærare reglar.*
- 3) *Grunnskolar får tilskot av staten med 85 prosent av vanlege driftsutgifter til all godkjend undervisning som går inn under lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skolar. Tilskotet blir rekna ut på grunnlag av ein normalsats per elev, særskilt for barnesteget og ungdomssteget. Til-*



skotsgrunnlaget blir fastsett av Stortinget. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege grunnskolen til dei typar utgifter som går inn i tilskotsgrunnlaget, leggjast til grunn.

- 4) Norske grunnskolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent av vanlege driftsutgifter til all godkjend undervisning som går inn under lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skolar. Tilskotsgrunnlaget blir fastsett av Stortinget. Tilskotet blir knytt til ein normalsats per elev, særskilt for barnesteget og ungdomsteget, rekna ut for grunnskolar i Noreg, jf. punkt 3. Skolane får statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering. Departementet gir føresegnar om utrekning av skyssfråstand og utgiftsgrunnlag for skyss og innlosjering.
- 5) Godkjende, norske vidaregåande skolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent av ein normalsats per elev. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege vidaregåande skolen leggjast til grunn.
- 6) Departementet kan gi forskrift om at
  - a) statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot etter denne lova til kompletterande undervisning, og at
  - b) statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot til delvis dekning av skolepengar.

#### Merknader til § 6–1:

Føresegna inneber i hovudsak ei vidareføring av tilskotsreglane nr. 4, 6, 7, 8 og 9 i § 26 i privatskulelova. Skolar som tidlegare fekk tilskot etter tilskotsreglar nr. 1, 2 og 3 i privatskulelova, blir no omfatta av nr. 1 og 3 i føresegna.

Bakgrunnen for dette er at tilskotsordninga ikkje er tilpassa krava i dag om individuell vurdering av elevar som har behov for spesialundervisning.

#### § 6–2 Elevane og dei offentlege tilskota, skolepengar

Alle offentlege driftstilskot og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode.

Skolar som tek imot offentlege tilskot som ikkje dekkjer alle driftsutgifter, kan krevje inn skolepengar. Styret fastset storleiken på skolepengane. Skolepengane må ikkje setjast høgare enn det som trengst for saman med statstilskotet å dekkje driftsutgifter som svarer til utgiftsnivået ved tilsvarende offentleg skole som det er naturleg å samanlikne med. Dersom styret fastset høgare skolepengar, trengst godkjenning av departementet.

#### Merknader til § 6–2:

Føresegna svarer til privatskulelova § 27 tredje ledd. Styret fastset storleiken på skolepengane, jf. § 5–2 andre ledd bokstav b og tredje ledd.

Første ledd slår fast at alle offentlege tilskot og elevane sine eigendelar skal komme elevane til gode. Dette inneber mellom anna at det ikkje kan givast utbytte på aksjar dersom skolen er ått av eit AS. Sjå elles § 7–1 om budsjett og rekneskap. Ved berekning av kva som er «driftsutgifter som svarer til utgiftsnivået ved tilsvarende offentlege skolar som det er naturleg å samanlikne med», skal det tilskotsgrunnlaget som departementet fastset etter § 6–1, leggjast til grunn. Det blir presisert at styret må søkje departementet om særskild godkjenning dersom skolen skal fastsetje høgare skolepengar enn det som går fram av hovudregelen.

#### § 6–3 Offentleg tilskot til kompletterande undervisning og skolepengar

Til statsborgarar i Noreg eller i ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet, kan det givast tilskot til kompletterande undervisning. Til statsborgarar i Noreg eller i ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar i Noreg eller i utlandet, kan det givast tilskot til delvis dekning av skolepengane. Departementet kan gi forskrifter.

#### Merknader til § 6–3:

Regelen inneber ei vidareføring av privatskulelova § 26 tilskotsregel 10. Føresegna skal gjere sitt til at elevar får opplæring i fag som norsk, KRL og samfunnsfag når dei går på skolar der dette ikkje blir tilbydd.

## Kapittel 7 Diverse

### § 7–1 Budsjett og rekneskap

Skolane må leggje fram budsjett og rekneskap etter forskrifter fastsette av departementet.

*Merknader til § 7-1:*

Føresegna fører vidare privatskulelova § 28.

*§ 7-2 Tilsyn m.m.*

*Departementet fører tilsyn med skolar godkjende etter denne lova og skal i den samanheng ha tilgjenge til skoleanlegg og dokumentasjon.*

*Dersom det blir oppdaga forhold som står i strid med denne lova eller med forskrifter gitt med heimel i lova, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.*

*Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova ikkje blir fylte.*

*Merknader til § 7-2:*

Føresegna fører i hovudsak vidare privatskulelova § 25 nr. 4 og § 29.

*Første ledd legg plikta og ansvaret for å føre tilsyn med frittstående skolar som er godkjende etter friskolelova, til departementet. Departementet kan delegere denne oppgåva til statleg regionalt nivå. Føresegna svarer til opplæringslova § 14-1 andre ledd.*

*Andre ledd gir departementet myndigheit til å gi pålegg om retting dersom det blir oppdaga forhold i strid med friskolelova eller forskrifter gitt i medhald av ho. Føresegna er ny i friskolelova, og svarer til opplæringslova § 14-1 tredje ledd.*

*Tredje ledd fører vidare privatskulelova § 25 nr. 4 om tilbaketrekking av godkjenning. I tillegg gir føresegna departementet høve til å halde tilbake tilskotet ved brot på regelverket.*

*§ 7-3 Teieplikt*

*Reglane om teieplikt i forvaltningslova gjeld ved behandling av saker etter denne lova.*

*Merknader til § 7-3:*

Føresegna fører vidare privatskulelova § 32.

*§ 7-4 Opplysningsplikt til barneverntenesta*

*Personalet i skolar etter denne lova skal i arbeidet sitt vere på vakt overfor forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.*

*Utan hinder av teieplikta skal personalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4-10 til 4-12 i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester, eller når eit barn har vist*

*vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. § 4-24 i den same lova. Også etter pålegg frå dei organa som er ansvarlege for å gjennomføre lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester, skal personalet gi slike opplysningar.*

*Merknader til § 7-4:*

Føresegna gjer unntak frå føresegna om teieplikt i § 7-3. Føresegna er ny i friskolelova, og svarer til § 15-3 i opplæringslova og til § 6-4 tredje ledd i lov om barneverntjenester.

*§ 7-5 Opplysningsplikt til sosialtenesta*

*Personalet i skolar etter denne lova skal i klientsaker gi råd og rettleiing til sosialtenesta. Personalet skal vere på vakt overfor forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre givast med samtykke frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta.*

*Merknader til § 7-5:*

Føresegna gjer unntak frå føresegna om teieplikt i § 7-3. Føresegna er ny i friskolelova, og svarer til § 15-4 i opplæringslova.

*§ 7-6 Straffeansvar*

*Dersom ein elev i grunnskolen utan å ha rett til det har fråvær frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.*

*Merknader til § 7-6:*

Føresegna svarer til opplæringslova § 2-1 femte ledd. Grunnskoleplikta kan skjøttast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller anna, tilsvarande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 første ledd. Sjå også § 5-2 andre ledd bokstav a).

*§ 7-7 Overgangsreglar*

*Departementet fastset overgangsreglar for skolar som er godkjende etter privatskulelova.*

*Merknader til § 7-7:*

Departementet vil gi forskrifter med overgangsreglar for skolar som er godkjende etter privatskulelova.

*§ 7–8 Endringar i andre lover*

*I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort desse endringane:*

*§ 1–1 andre ledd skal lyde:*

*Lova gjeld private grunnskolar som ikkje mottek stats-tilskot etter friskolelova, og privat heimeopplæring i grunnskolen.*

*§ 2–8 skal lyde:*

*Kommunen skal gi elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk nødvendig morsmål-opplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

*Morsmål-opplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved nokon skole i kommunen, skal kommunen så langt det er mogleg, leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

*I lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester blir det gjort desse endringane:*

*§ 6–4 tredje ledd skal lyde:*

*Også yrkesutøvere i medhold av lov om helsepersonell mv., lov om psykisk helsevern, lov om helsetjenesten i*

*kommunene, lov om familievernkontorer og meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), lov om frittstående skolar plikter å gi opplysninger etter reglene i andre ledd.*

*Merknader til § 7–8:**Til endring i opplæringslova § 1–1:*

Omgrepet privatskolar vil herfrå omfatte skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12. Skolar som er godkjende etter friskolelova, vil vi kalle frittstående skolar.

*Til endring i opplæringslova § 2–8:*

Endringa inneber at føresegna i forskrift til opplæringslova § 24–1 blir teken inn i lova.

*Til endring i lov om barneverntjenester § 6–4:*

Departementet viser til merknadene til § 7–4 ovanfor.

Utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om frittstående skolar (friskolelova).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om frittstående skolar (friskolelova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om frittstående skolar (friskolelova)

### Kapittel 1 Formålet med og verkeområdet for lova

#### § 1–1 Formålet med lova

Formålet med denne lova er å medverke til at det kan opprettast og drivast frittstående skolar, mellom anna skolar oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar og skolar oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege.

Opplæringa ved skolar som blir godkjende etter lova her, skal ta sikte på:

- a) å utvikle personlegdommen, talentet og dei mentale og fysiske evnene til elevane,
- b) å utvikle respekt for menneskerettane, grunnleggjande fridommar og for dei prinsippa som pakta til Dei sameinte nasjonane vernar om,
- c) å utvikle respekt for foreldra og den kulturelle identiteten, språket og verdiane til eleven, for dei nasjonale verdiane i det landet der eleven bur, og respekt for kulturar som er ulike hans eller hennar eigen,
- d) å førebu eleven til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling mellom kjønna og venskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper og personar som høyrer til urfolk,
- e) å fremje respekten for naturmiljøet.

Det skal leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim. Alle som er knytte til skolen, skal arbeide for å hindre at elevane kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

#### § 1–2 Verkeområdet

Lova gjeld godkjenning med rett til offentlig tilskot for frittstående grunnskolar og frittstående skolar som gir vidaregåande opplæring, og vilkår for å få slikt tilskot.

Frittstående skolar er skolar som er i privat eige, og som blir godkjende etter denne lova.

Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av lov av 8. juni 1984 nr. 64 om folkehøgskolar, lov av 28. mai 1976 nr. 35 om voksenopplæring eller skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2–12. Lova gjeld heller ikkje skolar som blir drivne av politiske grupper eller parti på partipolitisk grunnlag.

#### § 1–3 Definisjonar

Med heimkommune og heimfylke i denne lova er meint ein den kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret etter opplæringslova § 13–1 og § 13–3.

### Kapittel 2 Godkjenning med rett til tilskot

#### § 2–1 Godkjenning av grunnskolar

Frittstående grunnskolar som oppfyller dei krava som følgjer av lova, har rett til godkjenning og offentlege tilskot. Den enkelte skolen må gi opplæring på norsk eller samisk.

Retten til godkjenning gjeld berre dersom etableringa av skolen ikkje vil medføre vesentlege negative følgjer for vertskommunen. Vertskommunen skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.

Retten til godkjenning, jf. første og andre ledd, gjeld ikkje norske frittstående grunnskolar i utlandet og internasjonale frittstående grunnskolar i Noreg. Departementet kan likevel, etter ei samla vurdering, godkjenne slike skolar. Før ein internasjonal frittstående grunnskole blir godkjend, skal vertskommunen gi fråsegn i saka.

#### § 2–2 Godkjenning av vidaregåande skolar

For å bli godkjend med rett til tilskot etter denne lova må den vidaregåande skolen anten vere:

- a) oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar,
- b) eller oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ,
- c) eller oppretta for undervisning av norsk ungdom i utlandet,
- d) eller oppretta for å fylle eit kvantitativt undervisningsbehov,
- e) eller ha til føremål å gi vidaregåande yrkesretta undervisning som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar.

Vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.

Vedkomande departement avgjer i kvart enkelt tilfelle om skolen tilfredsstiller krava etter denne lova, og om skolen etter ei samla vurdering skal godkjennast med rett til tilskot. For skolar som søker godkjenning etter bokstav a eller b, skal det ikkje leggjast einsidig vekt på nedgang i elevtalet for fylkeskommunen i den samla vurderinga.

### § 2–3 Innhald og vurdering

Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Frittstående grunnskolar skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege grunnskolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 2–1 første ledd. Elles har skolen sin undervisningsfridom.

Frittstående vidaregåande skolar godkjende etter § 2–2 bokstav a til d skal gi elevane opplæring i samsvar med den generelle delen av læreplanen og dei fagspesifikke læreplanane for den offentlege skolen. Skolar godkjende etter § 2–2 bokstav a og b kan likevel gjere unntak frå dei offentlege planane der dette er grunngitt med formålet til skolen. Frittstående skolar godkjende etter § 2–2 bokstav e skal ha læreplanar som er på nivå med offentleg vidaregåande opplæring.

Departementet kan gi forskrifter om vurdering av elevar, klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

### § 2–4 Undervisningsrom, utstyr og skolemiljø

Undervisningsrom og utstyr skal godkjennast av departementet.

Opplæringslova kapittel 9A gjeld også for skolar godkjende etter lova her.

## Kapittel 3 Elevane

### § 3–1 Inntak av elevar

Dei frittstående skolane skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar. Dette gjeld òg norske skolar i utlandet og internasjonale skolar i Noreg.

Søklarar med rett til opplæring etter opplæringslova skal i alle høve prioriterast føre andre søklarar. Skolane skal ha eit inntaksreglement som viser prioriteringa av søklarar, dersom søkinga er større enn kapasiteten til skolen. Reglementet skal fastsetje ei prioritering ut frå saklege omsyn.

Skolen skal ha eit inntaksreglement som ligg innanfor den avgrensinga som følgjer av første og andre ledd. Skolen avgjer i samsvar med reglementet kven av søklarane som skal takast inn.

Melding om inntak av elevar i grunnskolar skal sendast til heimkommunen til eleven. Melding om inntak til vidaregåande skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstavane a–d skal sendast til heimfylket til eleven.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om inntak er eit enkeltvedtak, jf.

forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.

### § 3–2 Rett og plikt til opplæring

Elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova, oppfyller si plikt til grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2–1.

Elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova, nyttar retten sin til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1.

### § 3–3 Skolegangen

Ein elev som har fått plass ved ein grunnskole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre opplæringa si ved skolen, så langt skolen er godkjend. Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein grunnskoleelev i særlege tilfelle likevel flyttast til ein offentleg skole i heimkommunen. Før det blir gjort enkeltvedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.

Opplæringslova § 2–1 tredje ledd om utsett skolestart og tidlegare skolestart og § 2–1 fjerde ledd om heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta gjeld tilsvarende for elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.

Ein elev som har fått plass ved ein vidaregåande skole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre skoleåret eller vedkomande kurs med mindre eleven kan visast bort, jf. § 3–10.

Opplæringslova § 3–1 fjerde ledd om omval gjeld tilsvarende for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Fylkeskommunen gjer vedtak.

### § 3–4 Tilpassa opplæring

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

### § 3–5 Særleg opplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar ved grunnskolar godkjende etter denne lova som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, har rett til nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Heimkommunen til eleven gjer vedtak og dekkjer utgiftene til slik opplæring. Departementet er klageinstans.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal skolen og kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

### § 3–6 Spesialundervisning og PP-teneste

Opplæringslova § 5–1 om rett til spesialundervisning, § 5–3 om sakkunnig vurdering, § 5–4 om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning og § 5–5 om unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa gjeld tilsvarande.

Heimkommunen eller heimfylket til eleven, jf. § 1–3, sørgjer for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering, gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene til slik opplæring. I tvilstilfelle avgjer departementet kven som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarande ansvar for elevvar ved norske skolar i utlandet.

Departementet kan gi forskrift om gjennomføring av reglane om spesialundervisning.

Departementet er klageinstans for klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om spesialundervisning.

Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, og opplæringstilbod som er spesielt organiserte for vaksne.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta i vertskommunen skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje betre til rette for elevvar med særlege behov.

### § 3–7 Skyss m.m.

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7–1 første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7–2 første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7–3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7–4 om reisefølgje og tilsyn. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevvar i frittstående grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur. For elevvar i frittstående vidaregåande skolar gjeld retten til skyss, reisefølgje og tilsyn berre innanfor fylkeskommunegrensa i den fylkeskommunen der eleven bur.

Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjer vedtak om skyss, og dekkjer utgifter etter reglane i opplæringslova § 13–4. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen. Fylkeskommunen er klageinstans ved klage på vedtak om skyss i vidaregåande skolar.

Norske grunnskolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering for elevane. Departementet kan gi forskrifter om utrekning av skyssavstanden og utgiftsgrunnlaget for skyss og innlosjering.

Departementet kan gi forskrifter om skoleskyss og skyssgodtgjersle, og om at skyssbehovet til elevane i vidaregåande skolar i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.

Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje i skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, og opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne.

### § 3–8 Helsetilsyn

Forskrift gitt i medhald av lov 19. november 1982 nr. 66 om helsetenesta i kommunane § 1–3 fjerde ledd gjeld for elevvar i frittstående skolar. Kommunen der skolen ligg, har ansvaret for å gjennomføre helsetenesta i samsvar med gjeldande lov. Kommunane skal dekkje utgifter for helsetenesta ved frittstående skolar etter same reglar som for offentlege skolar.

### § 3–9 Ordensreglement og liknande

Kvar skole skal ha eit reglement med reglar om elevane sine rettar og plikter så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevvar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Reglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

### § 3–10 Bortvising av elevvar og tap av rettar

Skolen kan fastsetje i ordensreglementet at elevvar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga. På klassetrinna 1–7 kan elevvar visast bort for enkelttimar eller for resten av dagen, og på klassetrinna 8–10 kan elevvar visast bort i inntil tre dagar. Elevvar i vidaregåande opplæring kan visast bort i inntil fem dagar. Den daglege leiaren av skolen vedtek sjølv bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Foreldra til elevvar på klassetrinna 1–7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Når ein elev i vidaregåande skole vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven etter vedtak av fylkeskommunen visast bort frå resten av det kurset eleven er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av lengda på kurset kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1. Fylkeskommunen kan ikkje overlata til skolen å gjere vedtak etter leddet her om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring.

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om bortvising og tap av retten til vidaregåande opplæring er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.

#### § 3–11 Rådgiving

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet kan gi nærare forskrifter.

#### § 3–12 Fritak frå religiøse aktivitetar m.m.

Opplæringslova § 2–4 fjerde og femte ledd om fritak frå religiøse aktivitetar m.m. gjeld tilsvarende for elevar i grunnskolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå religiøse aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i grunnskolar som er oppretta av religiøse og/eller etiske grunnar.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om fritak frå religiøse aktivitetar m.m. er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Departementet er klageinstans.

#### § 3–13 Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa

Når det er forsvarleg, kan skolen etter søknad gi den enkelte eleven i grunnskolen permisjon i inntil to veker.

### Kapittel 4 Personalet i skolen

#### § 4–1 Leiing

Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Skolen skal ha ein dagleg leiar.

#### § 4–2 Kompetansekrav til undervisningspersonalet

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter lova her, gjeld dei kompetansekrava som følgjer av § 10–1 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, fastset styret krav til kompetanse, dersom departementet i det einskilde tilfelle ikkje fastset noko anna.

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava etter første og andre ledd, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

Ved tilsetjing av undervisningspersonale ved skolar som representerer eit fagleg-pedagogisk alternativ, kan departementet også godkjenne alter-

native kompetansekrav til dei som følgjer av § 10–1 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.

#### § 4–3 Krav om politiattest

Den som skal tilsetjast i ein grunnskole godkjend etter lova her, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, kan ikkje bli tilsette.

Styret kan krevje politiattest etter første ledd også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen.

Departementet kan gi nærare forskrifter.

#### § 4–4 Lønns- og arbeidsvilkår

Ved skolar som er godkjende etter denne lova, skal undervisningspersonalet ha rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarende offentlege skolar. Ved skolar godkjende etter § 2–2 bokstav e fastset styret lønns- og arbeidsvilkår.

### Kapittel 5 Styrings- og rådsorgan

#### § 5–1 Styret

Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Styret er valt av eigaren, som fastset kor mange medlemmer og varamedlemmer styret skal ha. Med samtykke frå departementet kan to eller fleire skolar ha sams styre. Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

- a) ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld skolar godkjende etter § 2–2 bokstavane a til d,
- b) ein representant for elevrådet ved skolar som har slikt råd,
- c) ein representant frå foreldrerådet ved skolar som har slikt råd,
- d) ein representant for lærarane ved skolen,
- e) ein representant for andre tilsette ved skolen,
- f) dagleg leiar av skolen.

Departementet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå bokstavane a til f.

Ved handsaming av saker der det gjeld teieplikt etter lov og forskrift, skal styret sørgje for at personar med møterett som er under aldersgrensa for å vere myndige, må forlate møtet.

#### § 5–2 Styret sine oppgåver

Styret har den øvste leiinga av skolen og skal sjå til at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Styret skal:

- a) sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som blir tekne inn ved skolen, får oppfylt retten til grunnskoleopplæring, og melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn,
- b) fastsetje storleiken på skolepengane,
- c) vedta skolen sitt budsjett og ha ansvar for rekneskapen,
- d) fastsetje inntaks- og ordensreglement for skolen,
- e) fremje saker om flytting etter § 3–3 første ledd og bortvising etter § 3–10 andre ledd.

I andre saker enn dei som følgjer av andre ledd, kan styret delegere avgjerdsretten.

#### § 5–3 Elevråd

Ved grunnskolar skal det vere elevråd for klassetrinna 5–10 med ein representant for kvar klasse. Alle vidaregåande skolar skal ha eit elevråd på minst 5 medlemmer med varamedlemmer.

Elevrådet blir valt av elevane ved skriftleg røysing. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Elevrådet skal blant anna fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape eit godt lærings- og skolemiljø.

#### § 5–4 Foreldreråd

Ved kvar grunnskole skal det vere foreldreråd, der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer. Foreldrerådet kan velje eit arbeidsutval.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.

### Kapittel 6 Offentlege tilskot og skolepengar

#### § 6–1 Offentlege tilskot

Frittstående skolar som er godkjende etter § 2–1 eller § 2–2, får offentlig tilskot etter reglane i denne paragrafen.

- 1) For vidaregåande skolar som kan godkjennast etter § 2–2 bokstav a, b eller d, blir 85 prosent av dei utgiftene som kjem inn under tilskotsgrunnlaget, dekte ved statstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein normalsats. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege vidaregåande skolen leggjast til grunn.

- 2) For vidaregåande skolar som er godkjende etter § 2–2 bokstav e, blir 75 prosent av dei driftsutgiftene som kjem inn under tilskotsgrunnlaget, dekte ved statstilskot. Tilskotet blir rekna ut frå ein normalsats. Føresetnaden er at elevane får undervisning som minst svarer til eit halvt skoleår. Departementet kan gi nærare reglar.
- 3) Grunnskolar får tilskot av staten med 85 prosent av vanlege driftsutgifter til all godkjend undervisning som går inn under lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skolar. Tilskotet blir rekna ut på grunnlag av ein normalsats per elev, særskilt for barnesteget og ungdomssteget. Tilskotsgrunnlaget blir fastsett av Stortinget. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege grunnskolen til dei typar utgifter som går inn i tilskotsgrunnlaget, leggjast til grunn.
- 4) Norske grunnskolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent av vanlege driftsutgifter til all godkjend undervisning som går inn under lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Utgifter til pensjonsinnskot skal likevel innarbeidast i tilskotsgrunnlaget slik at tilskota dekkjer 100 prosent av gjennomsnittlege utgifter til pensjonsinnskot i offentlege skolar. Tilskotsgrunnlaget blir fastsett av Stortinget. Tilskotet blir knytt til ein normalsats per elev særskilt for barnesteget og ungdomssteget rekna ut for grunnskolar i Noreg, jf. punkt 3. Skolane får statstilskot med 85 prosent til skyss og innlosjering. Departementet gir føresegner om utrekning av skyssfråstand og utgiftsgrunnlag for skyss og innlosjering.
- 5) Godkjende, norske vidaregåande skolar i utlandet får statstilskot med 85 prosent av ein normalsats per elev. Ved utrekninga av normalsatsen skal dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege vidaregåande skolen leggjast til grunn.
- 6) Departementet kan gi forskrift om at
  - a) statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot etter denne lova til kompletterande undervisning, og at
  - b) statsborgarar i Noreg eller ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar i Noreg eller i utlandet, skal kunne få tilskot til delvis dekning av skolepengar.



§ 6–2 Elevane og dei offentlege tilskota, skolepengar

Alle offentlege driftstilskot og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode.

Skolar som tek imot offentlege tilskot som ikkje dekkjer alle driftsutgifter, kan krevje inn skolepengar. Styret fastset storleiken på skolepengane. Skolepengane må ikkje setjast høgare enn det som trengst for saman med statstilskotet å dekkje driftsutgifter som svarer til utgiftsnivået ved tilsvarende offentleg skole som det er naturleg å samanlikne med. Dersom styret fastset høgare skolepengar, trengst det godkjenning av departementet.

§ 6–3 Offentleg tilskot til kompletterande undervisning og skolepengar

Til statsborgarar i Noreg eller i ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar i Noreg eller i utlandet, kan det givast tilskot til kompletterande undervisning. Til statsborgarar i Noreg eller i ein annan EØS-stat som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar i Noreg eller i utlandet, kan det givast tilskot til delvis dekning av skolepengane. Departementet kan gi forskrifter.

## Kapittel 7 Diverse

§ 7–1 Budsjett og rekneskap

Skolane må leggje fram budsjett og rekneskap etter forskrifter fastsette av departementet.

§ 7–2 Tilsyn m.m.

Departementet fører tilsyn med skolar godkjende etter denne lova og skal i den samanheng ha tilgjenge til skoleanlegg og dokumentasjon.

Dersom det blir oppdaga forhold som står i strid med denne lova eller med forskrifter gitt med heimel i lova, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.

Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova ikkje blir fylte.

§ 7–3 Teieplikt

Reglane om teieplikt i forvaltningslova gjeld ved behandling av saker etter denne lova.

§ 7–4 Opplysningsplikt til barneverntenesta

Personalet i skolar etter denne lova skal i arbeidet sitt vere på vakt overfor forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.

Utan hinder av teieplikta skal personalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen,

eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4–10 til 4–12 i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. § 4–24 i den same lova. Også etter pålegg frå dei organa som er ansvarlege for å gjennomføre lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester, skal personalet gi slike opplysningar.

§ 7–5 Opplysningsplikt til sosialtenesta

Personalet i skolar etter denne lova skal i klient saker gi råd og rettleiing til sosialtenesta. Personalet skal vere på vakt overfor forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre givast med samtykke frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta.

§ 7–6 Straffeansvar

Dersom ein elev i grunnskolen utan å ha rett til det har fråvær frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.

§ 7–7 Overgangsreglar

Departementet fastset overgangsreglar for skolar som er godkjende etter privatskulelova.

§ 7–8 Endringar i andre lover

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort desse endringane:

§ 1–1 andre ledd skal lyde:

Lova gjeld private grunnskolar som ikkje mottek statstilskot etter *friskolelova*, og privat heimeopplæring i grunnskolen.

§ 2–8 skal lyde:

*Kommunen skal gi elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk nødvendig morsmålopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

*Morsmålopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved nokon skole i kommunen, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

I lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester blir det gjort desse endringane:

§ 6–4 tredje ledd skal lyde:

Også yrkesutøvere i medhold av lov om helsepersonell mv., lov om psykisk helsevern, lov om helsetjenesten i kommunene, lov om familievernkontorer og meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), *lov om frittstående skolar* plikter å gi opplysninger etter reglene i andre ledd.

§ 7–9 Iverksetjing

Lova gjeld frå det tidspunktet Kongen fastset. Samstundes blir lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova) oppheva. Dei enkelte reglane i lova kan setjast i verk frå ulik tid.

